

Timeplan 2023-2026

Kommunedirektøren sitt forslag.



Framsidedfoto: Fosse bru (Harald Fjogstad)

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»

Arne Garborg

Innhold

1 Innleiing	6
1.1 Kommunedirektøren si innleiing.....	6
2 Utviklingstrekk.....	9
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	9
2.2 Folketalsutvikling.....	9
3 Økonomi.....	11
3.1 Statsbudsjettet 2023.....	11
3.2 Rammer og føresetnadar	12
3.2.1 Inntektsføresetnadar	12
3.2.2 Utgiftsføresetnadar	14
3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse	15
4 Folkehelse.....	18
4.1 Status og utfordringar.....	18
4.1.1 Barnefattigdom.....	19
4.2 Mål for langtidsperioden	20
5 Tenester	21
5.1 Oppvekst.....	21
5.1.1 Status og utfordringar i planperioden.....	21
5.1.2 Mål for planperioden.....	31
5.1.3 Felles tiltak i Oppvekst i 2023.....	32
5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenestområdet	35
5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	35
5.1.6 Oversikt over personalressursar	36
5.2 Helse og velferd	37
5.2.1 Status og utfordringar.....	37
5.2.2 Mål for langtidsperioden	46
5.2.3 Tiltak i 2023	46
5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenestområdet	47
5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	47
5.2.6 Oversikt over personalressursar	48
5.3 Samfunn	49

5.3.1 Status og utfordringar	49
5.3.2 Mål for langtidsperioden	55
5.3.3 Tiltak i 2023	56
5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	57
5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	58
5.3.6 Oversikt over personalressursar	58
5.4 Stab.....	59
5.4.1 Status og utfordringar.....	59
5.4.2 Mål for langtidsperioden	61
5.4.3 Tiltak i 2023	62
5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet	62
5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	62
5.4.6 Oversikt over personalressursar	63
6 Kommunen som arbeidsgjevar.....	64
6.1 Status og utfordringar.....	64
6.2 Mål for langtidsperioden	66
6.3 Tiltak i 2023	67
7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2023	68
7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering	69
7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	70
7.3 Trafikksikringsplan	82
7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidler.....	83
8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem	89
8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	89
8.2 Interkommunale samarbeid	90
8.3 Plansystem.....	91
9 Framlegg til vedtak.....	93
10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta	94

1 Innleiing

Timeplanen 2023-2026 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging.

Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen går fram av Årsrapport 2021, Statistikkrapport 2021 og tertialrapportar for 2022.

Anna viktig strategisk informasjon finst i barnehage- og skulebruksplan og bustadplan for planlegginga av dei kommunale omsorgstenestene.

1.1 Kommunedirektøren si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid er førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å leggja til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga.

I arbeidet med økonomiplanen tar me omsyn til endring i demografiske faktorar. I perioden vil me oppleva ein auke i eldste del av befolkninga medan talet på barn i skule og barnehage går ned. Det betyr at kommunen i perioden må føreta ei omprioritering av midlar frå dei yngste til dei eldste. Dette vil forsterka seg mot slutten av perioden.

Kommunedirektøren har i fleire år lagt fram økonomiplan med pandemien som ein ukjent faktor. Når nå pandemien ser ut til å vera lagt bak oss, vart det krig i Europa. Denne påverkar rammevilkåra med stor usikkerheit, høge energikostnadar og leveranseproblem som medfører høg prisstigning også på andre varer og tenester.

Landet er inne i ein høgkonjunktur med høgt aktivitetsnivå og dermed høg sysselsetting. Mangel på arbeidskraft pressar opp lønningane som igjen påverkar prisane.

Når inflasjonen i eit land vert for høg, grip sentralbanken inn med auka styringsrente. Norges Bank har auka styringsrenta i år frå 0,5 % til 2,25 %. Dette vert gjort for få å kontroll over inflasjonen og redusera presset i økonomien. Når presset i økonomien vert redusert så aukar arbeidsløysa, som då igjen påverkar skatteinntektene. Det er usikkert kor fort auka arbeidsløyse slår inn og kor stor stigninga vert.

Høg prisstigning, høg og aukande rente og eit nasjonalt behov for å ta ned aktivitetsnivået, har medført at kommunedirektøren føreslår å utsetta fleire investeringar. Likevel er investeringane for 2023 på 310 millionar kroner, vesentleg på grunn av store igangsette investeringar som skal fullførast. Kalkylane for investeringsprosjekta er betydeleg høgare enn i førre økonomiplan og rentenivået er om lag tre gonger så høgt som me planla for i gjeldande økonomiplan.

Timeplanen vil også i år synleggjera betydninga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling, og det er sett nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Det er fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfald. Ny folkehelseprofil er under utarbeiding og nye mål vert utarbeidd og vedtatt våren 2023. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem

prioriterte områda er merka med «Folkehelse». Kapittelet om folkehelse har òg eit eige delkapittel om barnefattigdom.

I vedtatt økonomiplan 2022-2025 er investeringane auka til 878 millionar kroner. Investeringsnivået i denne økonomiplanen er på 1048 millionar kroner. Auken er på 170 millionar kroner sjølv om kommunedirektøren har utsett fleire investeringar. Investeringane vert finansierte med 566 millionar kroner i låneopptak. Høg gjeld og store låneopptak medfører høgare rentekostnadar som må dekkast av driftsinntektene.

Den største enkeltinvesteringa er Bryne storhall med 137 millionar kroner i planperioden. Ny symjehall er utsett og får oppstart først i 2026. Det er budsjettert 276 millionar kroner til ulike omsorgsbustadar og 286 millionar kroner til ulike vass- og avløpsinvesteringar.

Kommunen har vedtatt økonomiske måltal for ei berekraftig utvikling der driftsresultatet minimum skal vera på 1,5 %, disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene på minimum 6 % og netto lånegjeld betalt av frie inntekter på maksimum 60 %.

I den framlagte økonomiplanen for 2023-2026 er investeringsnivået så høgt at kommunen i perioden må lånefinansiera 54 % medan målsettinga er maksimalt 50 %. Investeringane i 2023 på 310 millionar kroner må lånefinansierast med 70 %. Lånefinansiering av vass- og avløpsinvesteringane vert finansiert av gebyr frå innbyggjarane. Sjølv med høge låneopptak vil netto lånegjeld betalt av frie inntekter ligga under målsettinga om maksimum 60 %.

Kommunedirektøren vil i økonomiplanperioden arbeida for å gjera kommunen meir brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nyttar potensialet i ny organisering og ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitaliserings- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best moglege tenester til lågast mogleg pris.

I statsbudsjettet for 2023 har regjeringa tatt bort investeringstilskotet til omsorgsbustadar og sjukeheimar. I økonomiplanperioden 2023-2026 er det budsjettert med investeringstilskot på 68,2 millionar kroner. Det er gitt tilsegn på tilskot for 2023 på 2,7 millionar kroner. Resten er det usikkert om kommunen får. Dersom investeringsnivået skal oppretthaldast må låneopptaka auka tilsvarande. Bortfall av investeringstilskotet er ikkje vedtatt og kommunedirektøren har valt å ikkje justera investeringsbudsjettet før endeleg vedtak.

Kommunedirektøren sitt forslag til Timeplan for 2023-2026 viser kva mål og tiltak som kommunedirektøren meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

Største satsingsområde 2023-2026

- Folkehelse
- Tidleg innsats og førebygging
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi og smartare organisering
- Barnevern-/oppvekstreforma
- Dimensjonera helse- og omsorgstenestene for å ivareta auka behov i framtida
- Styrking av grunnskulen i 2023
- Dimensjonera grunnskulen i takt med redusert elevtal for 2024-2026

Større omprioriteringar og effektiviseringar 2023-2026


- Tilby barnehageplassar i takt med etterspurnaden
- Tilpassa ressursane i skulen til utviklinga i elevtal
- Styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa for å utsetta behov for institusjonsplassar
- Sambruk av ressursar til førebyggjande arbeid for barn og unge
- Effektivisering av reinhaldet
- Utsette investeringar
- Skifte gamle gatelys til ledlys for å spare energi, ferdig i 2023

Investeringar 2023-2026

Samla framlegg til investeringar i perioden 2023-2026 er på 1046,6 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- Bryne storhall
- Ombygging rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje
- Utvida overvasskapasiteten på Bryne
- Sanering av VA-anlegg
- Nye omsorgsbustadar
- Hognestad skule
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Tilskot til omkøyringsveg på Kvernaland
- Gjera Storgata til gågate i 2025/2026

Bryne, 27. oktober 2022



Trygve Apeland
Kommunedirektør



Aud Steinsland
Økonomisjef

2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk og internasjonal økonomi har i fleire år vore prega av pandemien. Verknaden av denne var ikkje over før det braut ut krig i Europa. Dette påverkar nasjonal og internasjonal økonomi. Energikrisa får konsekvensar for personar, familiar og ikkje minst bedrifter. Inflasjonen auka til høgder me ikkje har sett på fleire tiår og i fleire land er inflasjonen nå over 10 %. Høg inflasjon har også samanheng med høg aktivitet og høg sysselsetting. Sentralbankane i alle land hever renta betydeleg for å få bukt med inflasjonen.

Høge energikostnadar og auka rente medfører auka kostnadar for både familiar og bedrifter. Fleire bedrifter vil få problem med denne auken og må redusera eller legga ned drifta. Skal me få redusert inflasjonen, må aktiviteten i norsk næringsliv reduserast slik at etterspurnaden etter arbeidskraft går ned. Det vil nok likevel gå ei tid før det slår inn, for nå er me i ein situasjon det nye arbeidsledige vert overførte til ledige jobbar i andre bedrifter.

I Norge er aktiviteten høg og arbeidsløysa nasjonalt er nå 1,9 %. Om krigen og dermed høg inflasjon varer ved, vil det påverka sysselsetting i Norge i 2023 Dette vil igjen påverka skatteinntektene både nasjonalt, og ikkje minst på kommunenivå.

Arbeidsløysa i Rogaland var ved utgangen av august 2022 på 1,6 % (2021: 2,6 %) og for dei tre jærkommunane er arbeidsløysa på mellom 1,2 % og 1,5 % (2021: 2,0 % og 2,1 %).

I 2022 er det i motsetnad til dei førre åra høg innvandring – mykje av dette skuldast flyktningane frå Ukraina. Dette påverkar folkeveksten både nasjonalt og lokalt. Folkeveksten nasjonalt hittil i år er 0,6 % og i Time på 1 %.

2.2 Folketalsutvikling

Folketalet i kommunen var ved utgangen av 2021 på 19 353. Dette er lågare enn tidlegare framskrivingar.

Når me skal framskriva folketalsutviklinga i kommunen ser me på planane for bustadbygging i kommunen. Me tek omsyn til om det er einbustadar, rekkehus eller blokkleilegheiter då dette har betydning for kor mange som bur der. Det er nå planlagt stor utbygging i både Bryne og på Kvernaland. Sjølv når utbyggingsplanane er strekt over fleire år enn det utbyggerane ser for seg, så vert det stor utbygging.

Det som er viktig å vita med ei framskriving, er at tala vert meir og meir usikre dess lenger perspektivet er. Tala er også sikrast i den eldste delen av befolkninga enn for dei yngste som kanskje ikkje er fødde ennå. Me kan framskriva folketalet over 80 år med relativ stor sikkerheit, men å framskriva folketalet over 90 år er mykje meir usikkert då det er for få personar til å få ei statistisk framskriving å stola på.

Alder	Pr. 31.12 2021	Framskrivning				Auke i %	
		2022	2026	2030	2 033	2021-2026	2021-2033
0-2 år	682	691	707	735	761	3,6 %	11,5 %
3-5 år	766	736	739	750	772	-3,5 %	0,8 %
6-12 år	1 988	1 973	1 832	1 790	1 837	-7,8 %	-7,6 %
13-15 år	811	861	868	836	791	7,0 %	-2,4 %
Sum 0-15 år	4 247	4 260	4 145	4 110	4 161	-2,4 %	-2,0 %
16-19 år	969	979	1 182	1 172	1 148	22,0 %	18,4 %
20-66 år	11 575	11 731	12 253	12 940	13 385	5,9 %	15,6 %
Sum 16-66 år	12 544	12 710	13 435	14 112	14 533	7,1 %	15,9 %
67-79 år	1 853	1 926	2 186	2 373	2 493	18,0 %	34,5 %
80-89 år	585	603	755	930	1 073	29,1 %	83,4 %
90 år og over	124	136	166	187	223	34,0 %	80,0 %
Sum 67 år +	2 562	2 665	3 107	3 491	3 789	21,3 %	47,9 %
Sum	19 353	19 636	20 687	21 713	22 483	6,9 %	16,2 %

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Den nye framskrivinga viser ein mindre auke i barn 0-2 år enn det me publiserte i fjor. Det er stor usikkerheit både rundt fødselstal og kor mykje netto innflytting det vert i framskrivingsperioden. Det er lagt inn større årleg netto flytting enn gjennomsnittet i dei siste 5 åra. Folketalet 3-5 år går ned med 3,5 % i økonomiplanperioden. Barn i barneskulealder får ein nedgang heilt fram til 2033. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 47,9 % fram til 2033. Me forventar stor auke i dei eldste gruppene, både for 80 til 89 år og for 90 år og eldre.

	pr. 31.12 2021	Framskrivning				Auke i %
		2022	2026	2030	2033	2021-2033
Bryne	11 043	11 257	11 957	12 529	12 918	17,0 %
Kverneland	3 682	3 764	4 125	4 524	4 846	31,6 %
Lyefjell 1)	2 766	2 776	2 804	2 891	2 979	7,7 %
Undheim	1 221	1 201	1 180	1 164	1 145	-6,2 %
Hognestad	641	638	620	605	594	-7,3 %
Sum	19 353	19 636	20 686	21 713	22 482	16,2 %

1) Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me ut frå forventa bustadbygging kor veksten i kommunen kjem. På Lyefjell, Kverneland og Bryne er det store utbyggingsområde, og i tillegg kjem store transformasjonsområde på dei to sistnemnde. Når områda vert utbygde er avhengig av etterspurnad etter bustadar framover og spesielt veksten på Kverneland er usikker.

3 Økonomi

Når kommunedirektøren utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventna pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2023-prisar og endringar frå 2023 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen bygger elles på føresetnadar i vedtatte styringsdokument som Arealdelen av kommuneplan 2018-2030, Samfunnsdelen av kommuneplan 2022-2034, Timeplan 2022-2025, Årsrapport 2021, tertialrapportar i 2022 og andre politiske vedtak i løpet av året.

3.1 Statsbudsjettet 2023

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2023 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Prioriteringane er:

- Levande og berekraftige lokaldemokrati
- Tenestene skal produserast nær folk
- Det skal bu folk i heile landet
- Berekraftig utvikling
- Omstilling og fornying av offentleg sektor
- Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis
- Vidareutvikla bustadpolitikken

Eit viktig og grunnleggande mål for regjeringa er tenester nær der folk bur. Kommunane har ansvar for dei viktigaste velferdsoppgåvene og bidreg til å sikra gode levevilkår og grunnleggande tenester i heile landet.

Kommunesektoren sine samla inntekter utgjer 19 % av BNP (brutto nasjonalprodukt) og kvar femte tilsett i landet er tilsett i kommunal sektor. Det betyr at utviklinga i kommunesektoren har stor betydning for utviklinga i norsk økonomi.

Regjeringa har lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på om lag 2,6 milliardar kroner, det vil seia ein realvekst på 0,6 %. Realveksten skal dekkja auka demografikostnadar. Demografikostnaden er oppjustert sidan kommuneproposisjonen i mai og endringa skuldast i første rekke mange flyktningar frå Ukraina.

Veksten i frie inntekter for kommunesektoren vert fordelt med 1,7 milliardar kroner på kommunane og 0,9 milliardar kroner på fylkeskommunane. Det er i år ikkje lagt føringar på at auka inntekter skal dekkja spesielle satsingar slik som det har vore dei siste åra.

Kommunane får nye oppgåver frå 2023 og den viktigaste endringa er at ny barnevernlov trer i kraft 1.1.2023. Regjeringa har gitt kommunane ein ytterlegare kompensasjon på 1 milliard kroner.

Kommunane vert kompensert for heilårseffektar av endringar frå 1.8.2022, det vil seia gratis kjernetid for 1. klassingar i SFO og redusert foreldrebetaling i barnehage. Kommunane vert ytterlegare kompenserte for redusert foreldrebetaling i barnehage frå 1.1.2023.

Regjeringa føreslår å ta bort investeringstilskotet til sjukeheimar og omsorgsbustadar. Ingen nye tilsegn vil verta gitt. Det betyr at låneoptaka i kommunane må aukast tilsvarande om det skal byggast som planlagt.

3.2 Rammer og føresetnader

Kommunedirektørens budsjettforslag (Alle beløp i millionar kroner)	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Økonomiplan				Endring 2022-2023
			2023	2024	2025	2026	
Skatteinntekter	494,1	657,8	708,6	717,3	724,5	733,5	7,7 %
Rammetilskot	690,4	515,4	561,9	567,6	570,7	577,0	9,0 %
Eigedomsskatt	1,0	2,3	4,1	6,0	7,5	9,0	
Andre driftsinntekter	429,2	334,3	431,8	426,4	426,2	425,3	29,2 %
Sum driftsinntekter	1 614,7	1 509,8	1 706,4	1 717,3	1 728,9	1 744,8	13,0 %
Driftsutgifter	1 571,3	1 453,3	1 634,1	1 635,1	1 644,2	1 644,6	12,4 %
Brutto driftsresultat	43,4	56,5	72,3	82,2	84,7	100,2	28,0 %
Finansinntekter							
Renteinntekter	9,4	9,2	27,1	26,9	26,9	26,9	194,6 %
Utbytter og gevinst/tap fin plass.	42,2	37,9	42,0	42,6	43,2	43,6	10,8 %
Renteutgifter	18,1	27,2	63,2	70,5	72,2	77,6	132,4 %
Avdrag på lån	58,3	60,6	63,3	70,2	73,2	78,1	4,5 %
Netto finansutgifter	-24,8	-40,7	-57,4	-71,2	-75,3	-85,2	41,0 %
Motpost avskrivningar	89,9	9,3	10,8	12,4	13,8	15,6	16,1 %
Netto driftsresultat	108,5	25,1	25,7	23,4	23,2	30,6	2,4 %
Netto fondsbruk	89,3	-0,3	2,3	0,5		-0,5	
Overført til investeringar	19,2	25,4	28,0	23,9	23,2	30,1	10,2 %

3.2.1 Inntektsføresetnader

Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringar utgjer saman med eigedomsskatten, kommunen sine frie inntekter. Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er justerte med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettert med 98 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar, noko som er ein auke på 0,5 prosentpoeng frå 2022-budsjett. Skatteinnbetalingane for Time per utgangen av august 2022 ligg på 99,7 % av landsgjennomsnittet. Før oljekrisa var skatteinntektene på 106 % av landsgjennomsnittet. Kommunen har dei siste åra nærma seg landsgjennomsnittet igjen og kommunedirektøren budsjetterer med ei varig betring i skatteinntektene samanlikna med andre kommunar.

Det kommunale skattøyre vil frå inntektsåret 2023 auka med 0,2 prosentpoeng til 11,15 %. Skatteveksten for landet samla i 2022, er nå forventa å verta på 7,8 %. Denne veksten inkluderer ekstraordinær skatt som følgje av auka utbytteuttak i 2021. Kommunane er trekt i rammetilskotet for store delar av denne veksten som gjeld eingongsinntekter på grunn av høgt utbytte.

Med endringa i skattøyre og at det ikkje er forventa ekstraordinære skatteinntekter, medfører det ein reduksjon i skatteinntekter frå 2022 til 2023 på 4,3 %. Skatteinntektene skal ikkje utgjera meir enn 40 % av kommunesektoren sine samla inntekter.

Rammetilskotet er basert på objektive kriterium der mellom anna alder betyr mykje. Det er folketal per 1. juli kvart år som dannar grunnlag for rammetilskotet. Frå 2017 til 2022 har talet på barn i alder 0-5 år gått ned med 179 barn. Det er budsjettert med ein ytterlegare nedgang i åra framover.

Andre inntekter

Av andre inntekter i 2023 kjem 58,4 millionar kroner frå brukarbetaling og 166,1 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av varer og tenester. Betalingssatsane for 2023 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2023». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført. Me har valt å ikkje budsjettera momskompensasjonen då inntektene går mot tilsvarende utgift og er eit nullsumspel. Refusjonsinntekter for sjukdoms- og svangerskapsfråvær er heller ikkje budsjetterte då inntektene i stor grad vert brukte til innleige av vikarar.

Gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 99,6 millionar kroner, opp frå 73,8 millionar kroner i 2022. Årsakene til denne veksten er auka energikostnader og auka rentekostnader. Store nye investeringar i overvasshandtering, utskifting av kommunale VA-anlegg og store investeringar i IVAR-regi påverkar også gebyrsatsane.

Ulike statstilskot utgjer 112,8 millionar kroner i inntekt i 2023. Dei største inntektene gjeld 57,8 millionar kroner til ressurskrevjande tenester, integreringstilskot til flyktningar på 40,2 millionar kroner og statstilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktningar på 4,6 millionar kroner.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jamfør kapittel 8.2, og betaling frå samarbeidande kommunar og refusjonar frå fylkeskommunen er budsjettert til 65,3 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemd i kommunen. Kraftprisen er i år rekordhøg. I budsjettet er det lagt opp til nok eit år med høge prisar og det er budsjettert med 3 kroner per kWh. Verdien er i 2023 budsjettert til 13,5 millionar kroner og vert inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Auken på 12,1 millionar kroner frå årets budsjett er nytta til å finansiera kommunen sine auka energikostnader.

Inntekter på 1,4 millionar kroner frå kommunen sine justeringsretts-avtalar med private utbyggarar er også inntektsførde her.

Det er frå 1.7.2022 innført ei produksjonsavgift på vindkraft. Denne avgifta er frå 1.7.2022 på 1 øre og vil frå 2023 verta på 2 øre kWh. Kommunen får inntekta eitt år på etterskot og forventar 0,5 millionar kroner i 2023 og 2 millionar kroner årleg frå 2024.

Finansinntekter

Det er budsjettert med eit rentenivå på 4 % i heile periode. Dei same føresetnadane er også nytta på finansutgiftene.

Det er budsjettert med eit utbytte frå Lyse 720 millionar kroner og av dette vil Time få 42 millionar kroner. Utbyttet aukar i perioden til 43,6 millionar kroner.

Lyse får eit godt resultat i 2022 på grunn av høge energiprisar. Men noko av dette gode resultatet vert trekt inn i ekstra skattar ved å auka grunnrenteskatten med 8 % for heile 2022, og frå 28.09.22 innføra skatt på 23 % på inntektene når prisane overstig 70 øre per kWh. Når sistnemnde skatt får heilårsverknad frå 2023, vil resultatet verta betydeleg redusert. Dette kan få utslag for utbyttet frå 2024.

Kommunen har ved utgangen av august 2022 plassert 17,9 millionar kroner i aksjar og aksjefond for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

Eigedomsskatt

Det vart i budsjettvedtaket for 2021 innført eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, frå 2021.

Denne skatten er i økonomiplanen auka med 1 promille kvart år – frå 1 promille i 2021 til 6 promille i 2026. Eigedomsskatt i 2023 vert på 3 promille.

Eigedomsskatten er budsjettert med 4,1 millionar kroner i 2023 og aukande til 9 millionar kroner i 2026.

3.2.2 Utgiftsføresetnader

Lønns- og prisutvikling

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 3,7 %.

Lønnsveksten er forventa å verta på 4,2 %. Prisveksten er kalkulert til 3 %. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

Prisveksten for 2022 er nå kalkulert til 5,3 %. Auka prisvekst i 2022 vert ikkje kompensert i rammene for 2023.

Pensjonskostnader

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Lønnsveksten i 2023 vil avhenga av utviklinga i norsk økonomi og me legg her regjeringa sine føresetnader til grunn. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordninga. I 2023 har me budsjettert som i fjor med 12 % for lærarar, 21,75 % for sjukepleiarar og 19 % for andre kommunalt tilsette.

Premiefondet er ved utgangen av august 2022 på 90,2 millionar kroner. Premiefondet får tilført midlar når avkastninga i pensjonselskapet vert høgare enn garantert rente. Me budsjetterer med å bruka 78 millionar kroner av premiefondet i perioden. Premiefondet kan berre nyttast til å betala pensjonskostnader.

Tilskot til private barnehagar

Tilskotet til private barnehagar for 2023 er basert på rekneskapen for 2021 og justert for forventa prisvekst i 2022 på 5,3 % og forventa prisvekst i 2023 på 3,7 %. Både kompensasjon for høg prisvekst og for reduksjon i foreldrebetalinga medfører betydeleg auke i tilskotet til dei private barnehagane. Det er i tillegg også fleire barn i barnehagane, ikkje på grunn av auka barnetal, men på grunn auka dekningsgrad – altså fleire barn i dei yngste aldersgruppene har nå barnehageplass.

Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 2-5 åringar og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiljar.

I tilskotet for 2023 er det nytta pensjonspremie på 10 % som vart vedtatt i statsbudsjett for 2022. Barnehagar med høgare sats kan søka kommunen om høgare tilskot. Det vert ei overgangsordning slik at enkeltstående barnehagar får ei nedtrapping over to år.

Kapitaltilskot for 2023 er ennå ikkje fastsett av deprtamentet.

Frå 2023 skal alle private barnehagar vera eigne driftsselskap. Barnehagane som er driven av kyrkjeleg fellesråd vert nå omdanna til aksjeselskap og kommunen skal ikkje lenger vera rekneskapskontor for desse.

Finansutgifter

Samla lån er ved utgangen av 2021 på 1572 millionar kroner. Me har sikra renta på om lag 25 % av låneporteføljen, 23 % vert dekkja av utlånsrenter og 20 % vert dekkja av eigedomsavgifter og andre refusjonar. Rentebinding gjer at renteendringar vert gradvis innfasa fram til 2026.

Lønnsreserve

Det er for 2023 sett av 31,6 millionar kroner i lønnsreserve. Dette inkluderer lokalt lønnsoppgjer for 2022, sentralt lønnsoppgjer for dei fagforeiningane som gjekk ut i streik og lønnsoppgjer for 2023. Av reserven gjeld 8 millionar kroner lønnsoppgjeret i 2022. Lønnsreserven for 2023 er rekna ut frå føresetnaden om forventa lønnsvekst i statsbudsjettet på 4,2 %.

Årslønnsveksten for 2022 er på 3,8 % og all lønnsendring har verknad frå 1. mai 2022. Det vert dermed eit normalt lønnsoppgjer til neste år med normale overheng som skal reknast inn i lønnsveksten. 3 millionar kroner av potten for 2023 er alt tildelt til auka ulempetillegg for helg- og nattarbeid, med verknad frå 1.januar 2023.

3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setta av 2 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. I framlagt økonomiplan er det avsett mellom 2,2 % og 1,8 % til delfinansiering av investeringane.

Økonomiske nøkkeltal

I tabellen under er vedtatte måltal viste saman med kva kommunedirektøren har lagt inn i økonomiplanen for 2023-2026.

Finansielle nøkkeltal	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2023	2024	2025	2026
Overført til investering	2,0 %	2,2 %	1,9 %	1,8 %	2,3 %
Netto driftsresultat	1,5 %	1,5 %	1,4 %	1,3 %	1,8 %
Disposisjonsfond	min 6%	7,7 %	7,6 %	6,5 %	6,3 %
Netto lånegjeld betalt av frie inntekter	max 60%	78,1 %	75,7 %	77,6 %	76,3 %
Lånefinansiering av investeringane	max 50%	69,9 %	42,1 %	62,6 %	38,2 %

Det framlagte budsjettet viser eit netto driftsresultat, korrigert for netto avsetning til bunde fond, som er mellom 1,3 % og 1,8 %. Kommunen har mål om 1,5 % i netto driftsresultat.

Med netto driftsresultat i samsvar med måлтаlet, får me overført meir midlar frå drift til finansiering av investeringane.

Investeringane i heile perioden er så høge at kommunen ikkje klarer målsettinga om eigenfinansiering av investeringane på minst 50 %. I 2023 vert investeringane finansierte med 69,9 % i nye låneopptak og gjennomsnittet i perioden er 54 %.

Kommunen har mål om maksimalt 60 % netto lånegjeld betalt av frie inntekter. I heile planperioden er netto lånegjeld høgare enn målalet. Dette forsterkar seg med eit låneopptak på heile 216,7 millionar kroner i 2023.

Disposisjonsfondet er etter eit godt årsresultat i 2021 på 9,9 % ved utgangen av året. Målsettinga er 6 %. Det er brukt midlar i 2022, og det vert budsjettert med bruk av disposisjonsfond til finansiering av kommunen sin del av tilskotet til fylkeskommunale vegar det vil seia omkøyingsveg på Kvernaland og nytt kryss til Åsen. Utan nye avsetningar vil disposisjonsfondet verta redusert til 6,3 % i slutten av perioden.

Netto driftsresultat

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 25,7 millionar kroner i 2023. I resten av perioden ligg driftsresultatet mellom 23,2 og 30,6 millionar kroner.

Risikoanalyse

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Økonomiplan			
			2023	2024	2025	2026
Nye lån	117,0	142,7	241,7	115,8	176,1	132,1
Avdrag	68,8	70,6	73,3	80,2	83,2	88,1
Brutto gjeld 31.12.	1 572,1	1 644,2	1 812,6	1 848,2	1 941,1	1 985,1
Ansvarleg lån Lyse	99,1	93,3	87,5	81,7	75,9	70,1
Husbanklån til utlån	251,8	264,8	279,8	294,8	309,8	324,8
Andre utlån	4,7	4,7	4,7	4,7	4,7	4,7
Ubrukte lånemidlar	5,2					
Netto gjeld 31.12.	1 211,3	1 281,4	1 440,6	1 467,0	1 550,7	1 585,5
Avløp, vassverk, renovasjon	309,7	349,1	407,6	456,1	509,7	552,8
Kompensasjon skulebygg	26,9	24,8	22,8	20,7	18,6	16,6
Eldrereform	18,1	16,4	14,7	13,0	11,3	9,6
Netto renteberande gjeld 31.12.	856,6	891,1	995,5	977,2	1 011,1	1 006,5
Folketall 01.01	19 106	19 353	19 550	19 750	19 950	20 150
Netto gjeld per innbyggjar i kr	63 399	66 212	73 688	74 278	77 729	78 685
Netto renteberande gjeld pr innbyggjar kr	44 834	46 045	50 921	49 478	50 682	49 950

Kommunen har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka i planperioden. Netto renteberande gjeld i forhold til driftsinntekter ved utgangen av 2021 var på 72,3 %. Tabellen om finansielle nøkkeltal viser at denne aukar til 78,1 % i 2023 og held seg høg i heile perioden..

Kommunen er med høg gjeld utsett for renterisiko. Dersom renta aukar meir enn budsjettert vil det gje store utslag i kostnaden for kommunen. Kommunen har budsjettert med marknadsrente på 4 %. Ein auke på 1 prosentpoeng vil gje ein auka i nettokostnadene på om lag 7 millionar kroner.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap tatt opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk) der kommunen ved utgangen av 2021 hefta for 231,2 millionar kroner.

Kommunen har dei siste åra auka utlåna av startlån til etablering. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Når bustadane vert selde, dekker vanlegvis salssummane startlånet.

Kommunen har budsjettert med 42 millionar kroner i utbytte frå Lyse. Selskapet har i dag fleire bein å stå på. Kor viktig kraftproduksjonen er for selskapet sitt resultat varierer mykje etter kraftprisen. Ytterpunkta har me fått i 2020 med historisk låg kraftpris, medan det i 2022 har vore ein historisk høg kraftpris. Ein ekstra usikkerheit her er kva skattenivå som vert pålagt kraftbransjen. Skattenivået er betydeleg auka i statsbudsjettet for 2023.

Me har budsjettert med at Lyse betaler 720 millionar kroner i utbytte for 2023 mot 650 millionar kroner i 2022. Utbyttet stig kvart år og er budsjettert med 750 millionar kroner i siste år i perioden. Time kommune sin del av utbytte er på 5,832 %. Kommunedirektøren har forutsett at Lyse trass i innføringar av nye skattar frå og med 2022 vil levera gode resultat framover, slik at utbytteføresetnaden kan oppretthaldast.


4 Folkehelse

4.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysisk og sosialt miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak.

Folkehelseprofilen for Time kommune er under revidering og kan forventast til behandling våren 2023.

Det er ein stadig større del av elevar som fullfører vidaregåande opplæring, og skuleåret 2021/2022 fullførte rekordhøge 89,9 % vidaregåande i Time kommune. Diagrammet viser utviklinga for skuleåra 2019/2020, 2020/2021 og 2021/2022.



Time kommune har målsetting om at 90 % skal fullføra vidaregåande opplæring, noko som inneber at fram i tid skal 9 av 10 elevar fullføra vidaregåande opplæring. For skuleåret 2021/2022 var ein svært nær ved å nå målet. Trenden syner at fleire fullfører vidaregåande, og målet er å stabilisera gjennomføringsgraden på 90 %. Det er grunn til å tru at den målretta innsatsen for å få opp gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring har hatt positiv effekt.

Oppvekstprofil 2022 for Time kommune viser at det er færre unge med innvandrarbakgrunn som fullfører vidaregåande opplæring, samanlikna med alle som gjennomfører. Det er sett i gang arbeid i fagstab skule med å laga eit kunnskapsgrunnlag for å utforma tiltak som skal bidra til å auka gjennomføringsgraden blant minoritetsspråklege.

I ein revisjonsrapport frå 2021 knytt til kommunen sitt førebyggjande arbeid mot barn og unge, og Agenda Kaupang sin rapport om grunnskulen frå 2022, vert prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» spesielt trekt fram som eit viktig førebyggjande tiltak. Ulike profesjonar som er tilgjengelege rundt barn og unge, er ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet og for å ha kompetanse når behov oppstår. Det må vurderast om denne måten å organisera tverrfagleg samarbeid på, også bør inn på andre område.

Statistikk syner ei svakt stigande kurve når det gjeld unge i alderen 15-24 år som tek kontakt med fastlege eller legevakt for psykiske plagar. Bryne vidaregåande skule har om lag 1 600 elevar og er ein viktig arena for å førebygga psykiske plagar hos ungdom. Ungdommane set stor pris på at helsesjukepleiarar er til stades og har ei open dør. For skuleåret 2021/2022 har 70 prosent av førespurnadane vore knytt til psykisk helse.

I økonomiplanen ligg det inne fleire tiltak som skal vera med å leggja til rette for aktivitetsmangfald, mellom anna Bryne storhall og fleire prosjekt for tilrettelegging for friluftsliv.


Det er få trafikkulykker i Time. Likevel er det mange elevar som opplever at skulevegen er utrygg. Det kan vera manglande lys eller fortau, mykje trafikk eller høg fart. Ny gatebruksplan for Bryne vil ta omsyn til kor mjuke trafikantar beveger seg. Handlingsplan for trafikktryggleik skal steg for steg gjera skulevegane tryggare.

Time samarbeider med Klepp kommune om handlingsplan for aldersvennleg samfunn. Det vert også arbeida med å styrka lågare trinn i tenestetrappa i Helse og velferd og styrking av frivillig arbeid og eldreressursen.

Innafor alle tenesteområda er det tiltak som gjeld utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Dei er merka med «Folkehelse».

4.1.1 Barnefattigdom

Time har hatt ein nedgang i talet på barnefattigdom frå 2019 til 2020 og ligg 1,2 prosentpoeng lågare enn Rogaland og langt under landsgjennomsnittet. Det er usikkert i kor stor grad auka arbeidsløyse og fleire utanfor arbeidslivet i pandemien vil påverka dette. Det er positivt at arbeidsløysa i juni 2022 er på eit lågare nivå enn i 2019.



Kjelde: SSB

Det viktigaste tiltaket for å redusera barnefattigdom er det langsiktige arbeidet med å få fleire til å fullføra vidaregåande opplæring og å arbeida for at flest mogleg skal ha eit arbeidsforhold det går å leva av.

Ut frå funn «Folkehelseundersøkinga 2020» er det eit viktig tiltak når det gjeld barnefattigdom å redusera opplevinga av dårleg økonomi.

Tiltak som kommunen har per i dag:

- Jærkortet. Samarbeid mellom kommunane Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 150 kort per kommune, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntekstfamiliar.
- Gratis kjernetid i barnehage for 2-5 åringar i låginntekstfamiliar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som tek imot sosialhjelp.
- Utstyrssentral for friluft- og idrettsutstyr.
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen bruker årleg 25 millionar kroner til startlån og 1,5 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Det vert frå 2023 innført at barnetrygda ikkje skal tella som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.
- Alle elevar får eigen iPad.
- Redusert foreldrebetaling for låginntekstfamiliar for barn på 1. til 4. trinn i SFO.

Tiltaka er plasserte i dei respektive tenesteområda.

Generelle tiltak, som biblioteket og alle gratis tilbod som finns der eller tilgang til friområde og aktivitetstilbod i nærmiljøet, er tiltak som alle kan nytta seg av uavhengig av økonomisk situasjon. NAV gir i tillegg støtte til ulike tiltak til barn og unge ut frå individuelle vurderingar.

4.2 Mål for langtidsperioden

- **Inntektsforskjellar:** Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt.
- **Skuleveg:** Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- **Eldreressursen:** Minst 50 prosent av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid.
- **Aktivitetsmangfald:** Aktive innbyggjarar i nærmiljøet.

5 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2022-2023
Oppvekst	521 579	543 712	594 278	586 756	581 522	579 341	9,3 %
Helse og velferd	408 361	411 796	445 329	447 629	460 004	461 004	8,1 %
Samfunn	129 191	124 300	142 154	140 584	140 334	140 484	14,4 %
Stabstenester	69 211	72 265	78 780	79 544	80 070	79 605	9,0 %
Sum netto driftsutgifter	1 128 342	1 152 073	1 260 541	1 254 513	1 261 930	1 260 434	9,4 %

5.1 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemdar. Av desse er 10 grunnskular (4 ungdomsskular og 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling Open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste og familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og felles flyktningeteneste for Time og Klepp. I tillegg er det ein privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time. Tenesteområdet har òg styrka barnehagetilbod og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT) og Ungdomsteamet, som alle er organiserte inn i fagstab Oppvekst.

Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

5.1.1 Status og utfordringar i planperioden

Tenesteområdet vil i planperioden vidareføra det systematiske arbeidet som er forankra i Strategiplan Oppvekst 2016-2022, som skal foredlast og utviklast vidare i ny Strategiplan Oppvekst 2023-2029.

Investering i grunntenestene (helsestasjon, barnehage og skule) og samhandling med føresette vil vera avgjerande for å innfri kvalitet og krav i lovverk som sikrar best mogleg oppvekst for alle i Time kommune.

Tenesteområdet skal ha fokus på samarbeid på tvers av verksemdene for å nytta den samla kompetansen i Time på ein måte som bidreg positivt til kvalitet. Det skal vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling.

Demografisk utvikling

Time kommune har hatt stabilt høge barne- og elevtal (0-15 år) sett opp mot samanliknbare kommunar. I økonomiplanperioden vil kommunen framleis ha høge tal samanlikna med landsgjennomsnittet. Framskrivingar syner at denne trenden snur, og det vil verta ein nedgang i barne- og elevtalet som fordrar ei oppfølging som sikrar tilpassing til nye rammevilkår. Strategiplan for Oppvekst 2023-2029 og barnehage- og skulebruksplanar skal leggja fram forslag til tiltak som er berekraftige og langsiktige. Dette for å kunna disponera og balansera økonomiske ressursar i tråd med kommunen sin demografi.

Alder	Pr. 31.12 2021	Framskrivning				Auke i % 2021-2026	Auke i % 2021-2033
		2022	2026	2030	2 033		
0-2 år	682	691	707	735	761	3,6 %	11,5 %
3-5 år	766	736	739	750	772	-3,5 %	0,8 %
6-12 år	1 988	1 973	1 832	1 790	1 837	-7,8 %	-7,6 %
13-15 år	811	861	868	836	791	7,0 %	-2,4 %
Sum 0-15 år	4 247	4 260	4 145	4 110	4 161	-2,4 %	-2,0 %

Meirforbruk i grunnskulen

Etter fleire år med utfordringar knytt til meirforbruk i grunnskulen, vart det av formannskapet i sak 008/22 gitt løyve til å henta inn ekstern bistand. Målet var å få ei ekstern vurdering knytt til kommunen sin modell for finansiering av grunnskulesektoren opp mot krav og forventningar i lov- og avtaleverk, og ein gjennomgang av organiseringa og tenesteleveransen. Agenda Kaupang har etter gjennomført oppdrag levert rapport og presentert fire forbettringsforslag for vidare oppfølging i kommunen. Deira analyse viser at grunnskulen samla vert driven 22 millionar kroner billigare enn skulestrukturen skulle tilseia.

Hovudkonklusjonen er at Time har ein veldriven grunnskule. Det er låge kostnader, god kvalitet, godt utviklingsarbeid og ein god fordelingsmodell for budsjettet. Problemet i Time er ikkje kvaliteten på tenesta. Hovudproblemet er ein underfinansiert skulestruktur. Då skulestrukturen i framlagt økonomiplan er oppretthalden, er grunnskulen tilført ekstra ressursar for å kunna levera innafor tildelte rammer.

Det vil verta gjennomført prosessar knytt til dei framlagte forbetringstiltaka, og utarbeidd saksframlegg for vurdering og vedtak i kommunen sine folkevalde organ.

Kommunedirektøren føreslår å styrka grunnskulen med 9,7 millionar kroner i budsjettet for 2023 i tillegg til dette. Dette er nærare omtalt under Undervisning.

Flyktningsituasjon

Å busetta og integrera flyktningar er eit arbeid som involverer store delar av kommunen sitt tenesteapparat på tvers av tenester og tenesteområde. Tenester som er direkte involverte i arbeidet er Flyktingtenesta, Bryne Kompetansesenter, skule, barnehage, Helsestasjon/flyktinghelseteneste, Fritid, Eigedom, NAV, Frivilligsentralen og anna støtteapparat ved behov.

Kommunen budsjetterte opphavelig med busetting av 30 flyktningar i 2022, men grunna krigen i Ukraina vil det ved utgangen av 2022 vera busett opp mot 165 flyktningar. Desse får bustad, skule og barnehage. Alle mellom 18 og 55 år får tilbod om introduksjonsprogram, og dei som deltek har rett på introduksjonsstønad. Dette er eit arbeid som vil få økonomiske konsekvensar òg i 2023, knytt til at kommunen må oppretthalda den styrka bemanninga og me får ein auke i introduksjonsstønad.

I løpet av november 2022 vil kommunen få oppmoding om busetting av flyktningar for 2023. Fylkeskommunen har varsla at prognosane tilseier at tilstrøyming av flyktningar knytt til krigen i Ukraina vil fortsetta å vera stor, og Time vil kunna få ei oppmoding som går utover dei 30 flyktningar som tenestetilbodet opphavelig er dimensjonert for òg til neste år.

Usikkerheita kring dette gjer at det vil vera vanskeleg å seia kva kommunen sine tenester vil trenga av bemanning i 2023.

Kostnadar knytt til bemanning, tolketenester og tilrettelegging for flyktningar vert finansiert av auka integreringstilskot som vert utløyst når flyktningane får innvilga busetting av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Regjeringa har i tillegg gitt lovnad til kommunane om stønad på 50 000 kroner per flyktning kommunen har bygd opp kapasitet for å ta i mot, men som ikkje kjem.

Felles tiltak – arbeid på tvers

Med forankring i evaluering av gjeldande Strategiplan Oppvekst 2016-2022 og ny samfunnsdel til kommuneplanen 2022-2034, vert det utarbeida ny Strategiplan Oppvekst 2023-2029. Planen skal behandlast politisk våren 2023.

Fokus for arbeidet i Oppvekst 2023 er:

- å utforma plan for å følgja opp vedtatt Strategiplan Oppvekst 2023-2029
- å tilpassa arbeidet i tråd med revidert lovverk. Mellom anna opplæringslova, barnevernlova og endringar knytt til velferdslovgiving
- å styrka samhandling mellom tenester som har betydning for barn sin oppvekst

Barnehage

Innhaldet i barnehagane vert styrt av Rammeplan for barnehage. Rammeplanen er forskrift til Lov om barnehage.

Per 15.12.2021 var det 1147 barn i barnehagane i Time kommune. Dette er ein auke på 30 barn frå tilsvarende periode i fjor. Framskriving av barnehagebehovet i planperioden syner framleis ein liten nedgang før talet går opp igjen etter 2026. Det er knytt stor usikkerheit til framtidige fødselstal i kommunen. Det vil vera god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

I statsbudsjett 2022 vart det tilført auke i rammeoverføringa til kommunen med ein intensjon om å sikra at 50 % av dei tilsette er pedagogutdanna. Midla er lagt inn som tiltak i planperioden.

Kvalitetsplan for barnehage 2016-2022 skal i 2023 reviderast. Kvalitetsplan for barnehagane tek utgangspunkt i overordna planar og lovverk, og er sterkt knytt opp mot mål og tiltak i Kommuneplanen sin Samfunnsdel og Strategiplan for Oppvekst.

Time kommune er ein del av region sør (Sandnes, Jæren og Dalane) i den nasjonale ordninga Regional ordning for kompetanseutvikling (Rekom). Staten har lagt opp til ein modell der Statsforvaltaren, kommunar og undervisningssektoren forpliktar seg til eit tettare samarbeid. Regionen får tilført statlege midlar til dette arbeidet. Region sør har valt ut to område som ein vil ha fokus på. Områda er leing og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Barnehagane vil i planperioden ha fokus på barn sin trivsel med tre ulike hovudområde:

- Inkluderande barnehage og skulemiljø: Alle kommunale barnehagar, og nokre av dei private barnehagane, har sidan 2018 delteke i ei stor nasjonal satsing i 3 ulike puljer. Intensjonen er at arbeid på tvers av barnehagar og skular, og samarbeid med nabokommunane, gjer oss betre og meir kompetente i arbeidet med å førebygga

krenkande åtfærd. I 2023 vil kommunen etablere ein plan for vidareføring av satsinga etter avslutning av siste pulje i 2022. Planen vil mellom anna omfatte felles kompetansetiltak og opplæring av nytilsette.

- *Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingane* er eit utviklingsarbeid for perioden 2020-2024. Time har saman med Gjesdal, Klepp og Hå fått ressursar til å bruke inn i prosjektet via Kompetanseløftet på området spesialpedagogikk og inkluderande opplæring. Målet med prosjektet er å heve kvaliteten på den allmennpedagogiske praksisen på småbarnsavdelingane for å:
 - gje alle barn gode utviklingsmoglegheiter
 - på sikt redusere behovet for spesialpedagogisk hjelp seinare i livet

I 2023 vil kommunane samarbeida om å få lansert ein felles kompetanseportal, som skal svara ut behovet for kompetanse dei tilsette har meldt gjennom ei kartlegging gjennomført av Dronning Maud Minne Høgskole.

- *Digital praksis i Time-barnehagane*: Det er sett i gang eit arbeid for å auka den digitale kompetansen i barnehagane. Det er utarbeidd ein ny handlingsplan for digital kompetanse i dei kommunale barnehagane i Time kommune. Planen skal implementerast i 2023-2024. Planen vert delt med private barnehagar, og alle får tilbod om å delta på kompetansehevingstiltak.

Det er i 2023 lagt inn 9 millionar kroner til ombygging av Austbø barnehage. Sjå nærare omtale av dette i kap. 7.2, prosjekt 2322.

Styrka barnehage

Statistikk henta frå Basil syner at talet på barn som mottek spesialpedagogisk hjelp er stabilt dei siste 3 åra. I 2021 var det ca. 2,4 % av alle barn i førskulealder som hadde vedtak. Dette er under snittet for KOSTRA gruppe 7, som ligg på ca. 3 %. Vidare syner dei siste tala at gjennomsnittleg timetal per barn aukar, og trenden er at det prosentvis er fleire av barna som har vedtak som mottek meir enn 25 timer per veke.

Målet er å leggja til rette for ei styrking av kompetanse hos personalet og tilstrekkeleg grunnbemanning, som medfører at barnehagane i større grad er i stand til å støtta barna gjennom det allmennpedagogiske tilbodet. I dette er det også eit mål å setta inn ressursar og tiltak tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov. Som eit ledd i dette arbeidet er det sett i gang prosjekt på småbarnsavdelingane («Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingane»).

Barnehageplass for flyktingar

Det er behov for å etablere eit system for å sikra kapasitet til å kunna ta imot barn av flyktingar i barnehagane fortløpande. Nytilkomne vaksne flyktingar skal få oppstart i introduksjonstilbod innan 3 månadar etter busetting. For å få til dette må kommunen ha tilgjengelege barnehageplassar til dei som har barn i førskulealder. Det er i økonomiplanen lagt inn eit årsverk i Trollongane barnehage som skal sikra raskare tilgang til barnehageplass for barn av flyktingar utanom hovudopptak, etter gjeldande vedtekter og kriterium for opptak.

Undervisning

Innhaldet i skulane vert styrt av Læreplanverket (LK20), som består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Læreplanverket er forskrift til Opplæringslova.

Elevtalsutvikling og kapasitet

Det er 2886 elevar som går på skulane i Time. Dette er ein auke på 103 elevar frå i fjor. 171 av dei 323 elevane som går på Vardheia ungdomsskule er tilhøyrande Klepp kommune. Talet på elevar tilhøyrande Time kommune er 2715, noko som er ein auke på 32 elevar frå i fjor. Framskrivningar viser at veksten etterkvart stopper opp, og elevtalet vil gå nedover.

Det er kapasitet for vekst på dei fleste skulane. Status i sentrumsskulane er at Bryne skule har fått noko større tilvekst enn tidlegare framskrivning. Elevtalet ligg i planperioden på – og rett over – kapasitetsnivået som er 490 elevar. Dersom elevtalet aukar meir enn prognosane tilseier er det behov for å ta i bruk andre areal for å ha plass til fleire klassar. Elevtalet ved Rosseland skule går i planperioden ned, og har med bygg D god kapasitet. På Frøyland ungdomsskule går elevtalet over kapasiteten på 154 elevar. Her er det gjennomført tiltak med mindre ombyggingar for å kunna romma større klassar. Dersom det vert behov for ytterlegare kapasitet, vil dette løysast med sambruk av rom på Frøyland skule. Ut over planperioden syner framskrivninga ein nedgang på 7,8 % i barneskulane i planperioden. Fram mot 2033 vil det også verta ein nedgang på ungdomsskulane på 2,8 %.

Sak om utfordringar knytt til Hognestad skule sin bygningsmassen var del av Skulebruksplanen 2020-2028. I saksutgreiingane er det lagt til grunn at Hognestad skule skal ha ein tilsvarende standard som dei andre skulane i Time. Det vert her vist til tidlegare vedtak i kommunestyret KS-080/20 og KS-050/21. I KS-021/22 vart det vedtatt at Hognestad skule skal utbetrast i tråd med alternativ 2, som inneber å optimalisere funksjonalitet innanfor eksisterande bygg og supplera med eit tilbygg dimensjonert for 100 elevar. Berekna kalkyle for prosjektet er nå estimert til om lag 60 millionar kroner. Kostnadane er lagt inn med planleggingsmidlar i 2023 og 2024, og med ei planlagt framdrift for fullført prosjekt i 2026.

Elevar med særskilte behov og kapasitet

Sak om avdeling for tilrettelagt opplæring (ATO) i Time kommune var oppe i kommunestyret (KS-041/22) 21.06.22 med følgjande vedtak:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokaliserast i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*
3. *Mål om at ATO-avdelinga er klar til oppstart august 2023*

Kostnaden for å bygga om paviljongen på Lye skule, slik at den kan brukast til ATO-avdeling, er uviss. Det er i 2023 lagt inn 0,5 millionar kroner til forprosjektering og resterande kostnad på 18,5 millionar kroner er fordelt på 2024 og 2025.

Føringar og rammer


Grunnskuleområdet er regulert av lovar, forskrifter og særavtalar som styrer ressurstilidinga. Føringane er gitt som minimumskrav for drift.

Den økonomiske tildelingsmodellen skal i utgangspunktet sikra at alle skulane får ressursar som samsvarer med det minimum som er fastsett i lov og avtaleverk. Grunnskulane i Time

har likevel over fleire år hatt meirforbruk. For å kvalitetssikra interne administrative analysar av grunnskulen i Time, vart det i sak til formannskapet bedt om å få inn ein ekstern part i vidare arbeid. Formannskapet (FSK-008/22) innvilga ressursar, og etter prosess med anskaffing vart det underteikna avtale med Agenda Kaupang. I rapport frå Agenda Kaupang kjem det fram at grunnskulen i Time er driven kostnadseffektivt. Kommunen bruker samla sett 26 millionar kroner mindre på grunnskule enn samanliknbare kommunar, og har eit budsjett som ligg 22 millionar kroner lågare enn skulestrukturen skulle tilseia i 2021. Det er i økonomiplanen lagt inn tiltak tilsvarande 9,7 millionar kroner i varig styrking frå 2023 og 2,2 millionar kroner ekstra i 2023. Dette inkluderer mellom anna følgjande tiltak:

- Heilårsverknad av 3 nye årsverk frå 1.8.22
- 8 nye årsverk frå 1.1.2023 til ein kostnad av 6 millionar kroner
- Sak om leirskule var til politisk behandling i levekår 09.03.2022 (ULE-009/22). I tråd med utgreiing i saka er det lagt inn 1 million kroner i 2023 for å dekkja manglande finansiering av lovpålagt tilbod om overnatting/leirskule.
- Sak om læremiddel var til behandling i kommunestyret 03.05.2022 (KS-025/22). Det kjem fram av saka at det er pågåande prosessar knytt til val av læremiddel og lærebøker på skulane. Det kjem fram av utgreiinga at total kostnad til fysiske læremiddel er estimert til om lag 7,9 millionar kroner. 5,7 millionar kroner er tidlegare finansiert med kommunale og statlege midlar. Resten vert gitt som ei eingongsløyving i 2023.
- Driftsbudsjettet til skulane dekker ikkje behovet for å komplimentera læremidla på skulane, og det er lagt inn ein auke i 2023 på 1,3 millionar kroner knytt til lisensar for digitale læremiddel.
- Auke i driftsbudsjett knytt til arbeidslivsfag på ungdomstrinnet på 0,3 millionar kroner.

Spesialundervisning



Talet på elever med vedtak om spesialundervisning i Time kommune har gått frå 6,4 % i skuleåret 2018-2019 til 7,8 % i 2022-2023. Det må takast atterhald i forhold til tala for inneverande skuleår, då endeleg godkjenning av tala vert oppdatert av SSB i desember.

Andel elever med vedtak om spesialundervisning har auka på alle hovudtrinn. Særleg utfordrande er auken på dei høgste trinna. Ein auke i timetal som er heimla i vedtak, gjer at skulane får mindre tidsressursar som kan styrast inn mot tilpassa opplæring og førebyggjande tiltak. Dette er ei lite ønska utvikling.

Gjennomgang av sakkunnige vurderingar, vedtak og ressursbruk syner at tildelingane til skulane er mindre enn faktiske utgifter. Dette er og omtala i rapporten etter drifts- og ressursanalysen (Agenda Kaupang AS 2022), og er noko av årsaka til at det vert foreslått ei generell styrking av ressursar til grunnskulen i Time.

Målet er å leggja til rette for ei tilpassa opplæring som fører til at færre elever har behov for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning, og å setta inn ressursar tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov.

Førebyggjande arbeid og organisering

Det er forskriftsfesta i §1-4 i opplæringslova at elevar på 1.-4. trinn har rett på intensiv opplæring i lesing, skrivning eller rekning ved behov. Som del av oppfølginga er det sett av tid til utvalde lærarar på barneskulane for å bidra internt på skulane, og for å bidra inn i nyetablert lesenettverk i Timeskulen. Det er lagt inn kostnadar for eitt årsverk med oppstart august 2023 som del av ei opptrapping til fem årsverk i perioden. I det systematiske arbeidet med lesing, skal alle barneskulane i gang med leseprogrammet "På Sporet". Investering i bokpakkar tilhøyrande "På sporet" medfører ei utgift på 150 000 kroner som er lagt som eit eingongstiltak i 2023.

Partssamarbeid internt, på tvers av kommunar og med universitets- og høgskolesektoren

«Desentralisert kompetanseutviklingsordning (DEKOMP)»: Timeskulen deltek i den nasjonale satsinga DEKOMP gjennom Jærskulen og er ein del av region sør saman med Sandnes og Dalane. Det er i tillegg til desentraliserte midlar innvilga nye forskingsmidlar som skal vera med på å forsterka og utvida arbeidet med å utvikla læringsopplegg som baserer seg på problembasert læring til fleire skular frå hausten 2023.

«Laget rundt læraren og eleven»: Time har i perioden 2019-2023 fått 6,93 millionar kroner i tilskot i folkehelsemidlar knytt til prosjektet. I 2023 er ein inne i siste året, og det er gjort avtale med Senter for interkulturell kommunikasjon (SIK) for å følge opp arbeidet med sluttevalueringa. Føremålet med prosjektet er tverrfagleg samskaping mellom PPT, helsesjukepleiar, sosiallærer, operativ sosialfagleg ressursperson og rektor med mål om å setta i verk førebyggjande tiltak som medfører at fleire elevar opplever fagleg og sosial meistring. Etter bortfall av prosjektmidlar, er det lagt inn kostnader til eitt årsverk i PPT, og eitt årsverk i skulehelsetenesta frå 2024 i planperioden.

«Tett på»: Time hadde i 2015 ein gjennomføringsprosent etter 5 år i vidaregåande opplæring på 73,6 %. Det vart derfor sett i gang eit innovasjonsprosjekt i samarbeid med Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule med mål om auka samhandling for gjennomføring i vidaregåande opplæring. I Time vart det utvikla ein modell, «Tett på», for systematisk avdekking og oppfølging av elevar på ungdomsskulen, og samhandling med vidaregåande skular med mål om å auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Fram til 2018 vart gjennomføringa målt 5 år etter at eleven hadde gått ut av grunnskulen. Dette vart i 2020 endra til 5 år for elevar som tek studieførebuande utdanning, og 6 år for elevar som tek yrkesfagleg utdanning. Gjennomføringsgraden for Timeelevar har auka jamt sidan 2015, og talet for 2022 etter 5/6 år er 89,9 % nær målsettinga vår om at 9 av 10 elevar skal fullføra.

Barnevern

Barnevernstenesta er organisert i tre team:

- *Mottak-, undersøking og oppfølging – MUO*: Gjennomgår og vurderer bekymringsmeldingar og gjennomfører undersøkingar. Er kontaktperson for familien etter undersøking, har koordineringsansvar, sett i verk og evaluerer tiltak, fører saker i rettsvesenet.
- *Omsorg*: Har ansvar for alle barn plasserte utanfor heimen.
- *Felles tiltaksavdeling*: Familierettleiing inn i familiar i Time, Klepp og Hå der barna bur heime hos føresette.

I 2023 trer ny barnevernlov i kraft. I den nye lova kjem det tydeleg fram at barnevernstenesta skal arbeida målretta for barn sine rettar til medverknad, og å føra tilbake barn til sine føresette etter omsorgsovertaking. Det vert også stilt kompetansekrav til tilsette i barnevernstenesta.

På bakgrunn av dommar i den europeiske menneskerettsdomstolen vert barneverntenesta sitt ansvar for å jobba for ei tilbakeføring av barnet (tilbakeføringsplan) presisert. Dei skal òg sikra at foreldre vert sette i stand til å få omsorga for barnet tilbake. Samværa skal vera utviklingsstøttande. Dette er eit arbeid som tenesta ikkje har jobba godt nok med, og noko

som vil kunna medføra behov for auka personalressursar til for eksempel felles tiltaksavdeling.

Det er utvikla ein lokal plan for barnevernet sitt arbeid, og tiltak og satsing i tenesta vil ta utgangspunkt i denne.

I forbindelse med barnevernreforma må kommunen betala meir ved plassering i institusjon. Det er i 2022 gjort organisatoriske endringar i tenesta for å sikra handlingsrom og styrking knytt til nye oppgåver, og det er gjort tiltak for å gjera barnevernet meir tilgjengeleg i samhandling med grunntenestane helsestasjon, grunnskule og barnehage. Barnevernsreforma har òg lagt tydelegare føringar for kommunen sitt ansvar og behov for tiltak på utsida av barnevernstenesta. Dette gjer at det melder seg behov for prosessar og system for å sikra at ein har kapasitet og kompetanse i grunntenesta og gode tenester som kan bidra med rett hjelp til rett tid og stad. BTI-rettleiaren (Betre tverrfagleg innsats) er eit viktig verktøy i dette arbeidet.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Tenesta er ei grunnteneste som møter alle gravide og småbarnsforeldre. Tenesta samlar fleire fagfelt under seg: jordmorteneste, helsestasjon 0-5 år, helsestasjon for ungdom (HFU), skulehelseteneste grunnskule, skulehelseteneste vidaregåande og familiesenter.

Det første leveåret i barnet sitt liv er helsestasjonen for dei aller fleste den einaste offentlege instans som regelmessig møter barnet og familien.

Time kommune får i 2023 stimuleringstilskot for å auka ressursane til jordmor og helsesjukepleiar i skulehelsetenesta. Dette tilskotet gjer det mogleg å auka tilbod om heimebesøk av jordmor til nyfødde innan tre døgn etter utskriving frå sjukehuset. Tilskotet er avgjerande for å gjennomføra satsinga «Laget rundt læraren og eleven», der helsesjukepleiar har auka tida kor dei er på skulane.

I tillegg er tenesta styrka med eit årsverk som er finansiert av folkehelsemidlar knytt til «Laget rundt læraren og eleven».

Kulturskulen

Per hausten 2022 har kulturskulen 691 undervisningsplassar, som er ei auke på 21 plassar frå i fjor. Desse plassane er fordelte på totalt 539 barn der nokre av desse deltek i fleire fag. I tillegg nyttar skulen ein del av ressursane sine på faste tenester og prosjekt i samhandling med skular, barnehagar, musikk- og kulturinstitusjonar samt kommunale institusjonar som eit lokalt ressurscenter i tråd med nasjonale føringar og rammeplan for Kulturskulen.

Kulturskulen har òg program for fordjuping, Fredagsskulen, som vert finansiert med egne midlar i samarbeid med Hå kommune.

Det er eit mål at Kulturskulen skal ha ein viktig støttefunksjon og rolle i arbeidet for gode og helsefremjande oppvekstvilkår for barn og unge i Time kommune. Skulen vil fortsetta arbeidet med integrering og inkludering, og har dei siste åra hatt stor auke av søknadar frå elevar med særlege behov og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Samarbeidet med skulane og kommunen sin «Alle Med»-koordinator har vore ein viktig årsak til dei gode resultatane. Det er i økonomiplanen lagt inn midlar for å kunna tilby elevplassar til redusert pris for barn av flyktningar og barn som lever i familiar med låg inntekt.

Det er stor etterspurnad etter elevplassar i kulturskulen. Dette saman med auke i elevtalet på Bryne skule, gjer at sambruk av undervisningsrom på Bryne skule er utfordrande. Ein vil i perioden jobba inn rutine for sambruk av felles bygg, som sikrar at begge skulane får nytta lokala på ein best mogleg måte.

Flyktingtenesta Time og Klepp

Time kommune har ansvar for å busetta flyktingar, syta for introduksjonsprogram, haldningsskapande arbeid, nettverksbygging og integreringsarbeid.

Flyktingtenesta gjennomfører busetting og delar av introduksjonstilbodet etter lovverket og integreringsarbeid er ein viktig del av arbeidet i tenesta. Tenesta deltek i prosjekt og samarbeid med andre i dette arbeidet.

Arbeidet med å busetta 165 flyktingar i Time, og tilsvarende tal i Klepp, har ført til utvikling av samhandlingsstruktur, rutinar og tydeleggjering av ulike tenester sitt ansvar i arbeidet med busetting og integrering av flyktingar. Dette vert viktig å få skriftleggjort i 2023.

Tenesta er samlokalisert med Bryne kompetansesenter, og det er viktig for alle partar og deltakande kommunar at samhandling mellom einingane vert styrka. Mellom anna skal det etablerast eit gjensidig og forpliktande samarbeid som både styrker kvalitet, kompetanse og ressursutnytting.

Bryne kompetansesenter

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter (BKS) er delt inn i to område:

- Grunnskuleopplæring for vaksne (FVO – førebuande vaksenopplæring) inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar etter introduksjonslova frå 2003 og integreringslova frå 2021

Time kommune har vertskommuneavtale med Klepp og Hå kommune om å driva grunnskuleopplæring og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar som er busett i dei tre kommunane. Bryne kompetansesenter har ansvar for å organisera og gjennomføra opplæring i samsvar med avtalen, og dei rapporterer til samarbeidskommunane på eit årleg møte om drift og framtidige behov tilknytt opplæringa.

Talet på flyktingar i kommunane på Jæren har dei siste åra variert mykje. Det er vanskeleg å vita sikkert korleis flyktingsituasjonen i verda utviklar seg, og vaksenopplæringa er derfor rigga for å vera fleksibel og tilpassa seg dei gjeldande forholda. Dette vil òg speila tenestetilbodet på senteret.

Frå og med august 2022 har talet på deltakarar auka betydeleg. Dei ukrainske flyktingane som kommunane på Jæren har forplikta seg til å ta imot har rett til å få opplæring i norsk. Dei aller fleste av dei nyttar seg av denne retten. Dette inneber at talet på deltakarar som mottek opplæring på BKS sannsynlegvis kjem til å passera 300 vaksne før årsskiftet 2022-2023. Senteret tilset derfor fleire lærarar, og kjem til å tilby opplæring for dei ukrainske flyktingane i samsvar med gjeldande lovverk. Denne opplæringa vert finansiert med statleg eingongstilskot på 45 000 kroner per deltakar.

Bryne kompetansesenter deltek framleis i det nasjonale forsøksprosjektet for vaksne kalla «Førebuande vaksenopplæring» (FVO). Føremålet er å leggja tilbodet til rette på ein meir fleksibel måte slik at deltakarane kan koma raskare gjennom grunnskulen. Flexibiliteten inneber at deltakarane kan ta grunnskule samtidig som dei lærer seg norsk etter introduksjonslova og integreringslova. I tillegg skal forsøket gjera vaksne utan formell utdanning meir rusta til å koma seg raskare inn i vidaregåande opplæring eller i arbeid. Eit nasjonalt mål er at denne gruppa skal få ein meir varig tilknytning til arbeidslivet. Forsøket er nå utvida med eitt år fram til sommaren 2024. Etter 2024 vil ordninga verta permanent, men vert då heitande FOV (førebuande opplæring for vaksne).

Pedagogisk-psykologisk teneste

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) er ei støttetjeneste som greier ut spesielle behov hos barn, unge og vaksne. PPT skal gjennom systemretta arbeid rettleia skular og barnehagar i tilpassing av ordinært tilbod, og gir råd om både allmennpedagogiske og spesialpedagogiske opplærings tiltak.

PPT har ei viktig rolle i «Laget rundt læraren og eleven». For å sikra at PPT har kapasitet til å vera ute på alle grunnskular ein halv dag i veka er tenesta styrka med eitt årsverk gjennom statlege folkehelsemidlar. Prosjektmidla fell bort etter 2023, og kommunedirektøren har lagt inn midlar til å vidareføra tiltaket frå 2024.

PPT skal flytta inn i nye og tilpassa lokale i 2023.

5.1.2 Mål for planperioden

«Strategiplan oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunkta gir ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane. Ny Strategiplan for Oppvekst skal til politisk behandling våren 2023.

Hovudpunkt i Strategiplan 2016-2022	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte. Nytte forskings- og evidensbasert kunnskap i arbeidet med systemendringar med barnet i sentrum
Fleirkulturelt samfunn	Bygga system frå mottak til god integrering av flyktningar
Tidleg innsats	Ha system og rutinar for å identifisera behov og setta i gang tiltak (Folkehelse) Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid (Folkehelse) Einingane vektlegg universelle tiltak som skal føra til ein reduksjon av behov og omfang av spesialpedagogiske vedtak med 35% (Folkehelse) Trygge foreldre i Time
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale og sosiale media (nettvett og psykisk helse) (Folkehelse) Implementera felles kompetansesystem
Organisasjon og leing	Stimulera og leggja til rette for at verksemdleiarar tek master i leing Ved rekruttering skal det tilsettast personell med formell kvalifikasjon i stillingar i Oppvekst

5.1.3 Felles tiltak i Oppvekst i 2023

- utforma plan for å følge opp vedtatt Strategiplan oppvekst 2023-2029
- tilpassa arbeidet vårt i tråd med revidert lovverk. Mellom anna opplæringslova, barnevernlova og endringar knytt til velferdslovgiving
- styrka samhandling mellom tenester som har betydning for barns oppvekst

Barnehage

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Revidera Kvalitetsplan for barnehagane Bidra i ombygging av Austbø barnehage Rekruttera for å sikra at 50 % av dei tilsette skal vera pedagogutdanna
Fleirkulturelt samfunn	Alle barnehagane skal ha ein plan for arbeid med fleirspråklege barn (Folkehelse) Oppretta stilling for å sikra barnehageplass for nytilkomne flyktningar
Tidleg innsats	To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskarbarnehagar. Delta i arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» saman med Klepp, Gjesdal og Hå kommune (Folkehelse) Resertifisera Class-observatørar og bruka verktøyet som ståstadsanalyse Etablere plan for vidare arbeid «Inkluderande barnehage- og skulemiljø»
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Implementering av Handlingsplan for digital praksis i barnehagane i Time kommune
Organisasjon og leing	Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom). Alle styrarar skal ha styrarskulen

Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Bidra inn i arbeidet med forprosjekt knytt til ATO-avdeling på Lye skule Bidra inn i arbeidet med forprosjekt knytt til rehabilitering av Hognestad skule Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule
Fleirkulturelt samfunn	For at fleire elevar som er fleirspråklege skal gjennomføra vidaregåande opplæring skal det ut frå utarbeidd kunnskapsgrunnlag utformast tiltak på området (Folkehelse)
Tidleg innsats	Utforma rammeverk for systematisk arbeid med lesing på 1.-7. trinn på barneskulane Ungdomsskulane skal leggja ein plan for korleis dei skal ta i bruk kunnskapen dei tileignar seg i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (Folkehelse)

	Gjennomføra sluttevaluering av prosjektet “Laget rundt læraren og eleven”, og gjera nødvendige justeringar (Folkehelse) Alle barneskulane nyttar programmet Zippys venner (Folkehelse)
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Det skal gis tilbod om kompetanseheving i programmering og algoritmisk tenking for lærarar som underviser i fag der dette er del av fagplanane. Skulane skal testa ut bruk av planleggingsverktøyet DigUp i personalet.
Organisasjon og leiing	Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett 30 % av rektorane har gjennomført, eller er i gang med mastergrad i skuleleiing Utforma og følgja opp leiarstrategi for sin organisasjon

Bryne Kompetansesenter (BKS)

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Planlegga for god utnytting og tilrettelegging av lokale
Fleirkulturelt samfunn	«Open skule» på Bryne kompetansesenter (ein heil skuledag kvart år).
Tidleg innsats	Fast rutine at deltakarane i vaksenopplæringa får informasjon om dei ulike tverrfaglege tilboda i kommunen (jamfør Utarbeida plansje/plakat)
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Eigen opplæringsplan i vaksenopplæringa når det gjeld digitale ferdigheiter for vaksne innvandrarar.
Organisasjon og leiing	Vaksenopplæringa deltek i Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir) sine leiarsamlingar og forsøksprogram når det gjeld skuleutvikling og forsøket FVO.

PPT, Barnevern, Time kulturskule, Helsestasjon (helsestasjon 0-5 år, skulehelseteneste, skulehelseteneste VGS, helsestasjon for ungdom, jordmorteneste og familiesenter), Flyktingtenesta

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Etablera rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule. Tilpassing av rom som nyttast av Kulturskulen. PPT skal inn i nye lokale. Ungdomsteamet skal inn i nye lokale. Endra arbeidsmåtar i barneverntenesta grunna ombygging og midlertidige løysingar. Må sikra det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
	<p>Prosjektstilling i ungdomsteamet vert gjort om til fast heimel og del av drifta</p>
<p>Fleirkulturelt samfunn</p>	<p>Nedfella rutinar etter erfaringar gjort etter busetting av mange flyktningar i 2022.</p> <p>Utarbeida rutinar knytt til deltaking i Kulturskulen for barn av flyktningar og familiar med låg inntekt i forbindelse med inkluderingsmidlar gitt i økonomiplanen.</p> <p>Kartlegga og leggja ein plan for å sikra fleirkulturell kompetanse i alle tenester.</p> <p>Utvikla rutinar for oppfølging av familiar og barn i Flyktingtenesta.</p>
<p>Tidleg innsats</p>	<p>Følga opp utviklinga i samhandlinga mellom PPT, helsesjukepleiar og skule ved avslutting av «Laget rundt læraren og eleven» (Folkehelse).</p> <p>Sikra prosjektstillingar i PPT og Helsestasjon inn i ordinær drift for å kunna oppretthalda «Laget rundt læraren og eleven» på skular slik det er i dag.</p> <p>Det skal utarbeidast rutinar for samhandling mellom kulturskulen og andre kommunale einingar for nye og eksisterande elevar som vil dra ekstra nytte av kulturskuleundervisning som støttefunksjon.</p> <p>Etablera rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule. Tilpassing av rom som nyttast av Kulturskulen.</p> <p>PPT deltek i utvikling av felles kompetanseportal knytt til utviklingstøttande praksis i småbarnsavdelingar (Folkehelse).</p> <p>Ungdomsteamet skal arbeida universelt i alle grunnskular og skal bidra med tiltak inn mot individ/gruppe når det gjeld åtferd, skulefråvær og ungdomsoppfølging (SLT) (Folkehelse).</p> <p>Det skal utformast og implementerast rutine for samhandling mellom barnevern og barnehage.</p> <p>Rutine for samhandling mellom barnevern og helsestasjon, her med fokus på familiesenter</p> <p>Helsestasjon og PPT skal utvikla samhandlinga med barnehagane.</p> <p>BTI-modellen skal vera i bruk i alle verksemder.</p> <p>Det skal utviklast rutinar knytt til nettverkskontaktar i barnevernet for å auka samhandling mellom barnevern og grunntenesta (helsestasjon, barnehage og skule)</p> <p>Ferdigstill plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen</p>

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Jobba mot at alle tilsette i verksemda har oppdatert digitalt utstyr Få oversikt over lisensar og programvare for å samla desse
Organisasjon og leing	Utvikling av verksemdplanar som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle verksemdar. Desse skal vera forankra i Strategiplan oppvekst.

5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2022-2023
Administrasjon	7 750	7 816	8 226	8 226	8 226	8 226	5,2 %
Pedagogisk psykologisk teneste	7 096	7 733	9 210	9 160	9 135	9 135	19,1 %
Barnehagar	178 832	184 509	203 351	202 766	202 767	200 704	10,2 %
Undervisning	252 435	261 171	279 116	275 306	274 106	273 988	6,9 %
Vaksenopplæring	1 050	3 886	3 250	3 737	3 737	3 737	-16,4 %
Flyktingtenesta	7 799	8 976	17 163	12 553	9 303	9 303	91,2 %
Kulturskule	6 926	6 935	7 383	7 383	7 383	7 383	6,5 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	17 176	16 012	17 389	19 369	19 369	19 369	8,6 %
Førebyggjande arbeid ungdom	1 675	2 896	3 084	3 084	3 084	3 084	6,5 %
Barnevern	40 840	43 778	46 106	45 172	44 412	44 412	5,3 %
Sum netto driftsutgifter	521 579	543 712	594 278	586 756	581 522	579 341	9,3 %

5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Auka utgifter og reduserte inntekter

- 8 årsverk (6 millionar kroner) styrka handlingsrom på skulane (jamfør drifts- og ressursanalyse)
- Styrking av talet på barnehagelærarar frå 2023 for å nå målet om at 50 % av dei barnehagetilsette skal vera barnehagelærarar innan 2025 – statleg finansiert
- 1 årsverk ved Trollongane barnehage knytt til mottaksplassar i barnehage for flyktingfamiliar
- 1 lærarårsverk knytt til lovpålagt tiltak, tidleg innsats 1.-4 .trinn frå august 2023. Del av opptrapping. 2 stillingar vart oppretta i 2022.
- Tilskot satsing på lesing – «På Sporet» – 150 000 kroner i 2023
- 300 000 kroner til arbeidslivsfag i ungdomsskulane, fast styrking
- 1 million kroner til utgifter knytt til leirskule, fast styrking
- 70 000 kroner til finansiering av tilbod om redusert foreldrebetaling i kulturskulen
- Fullfinansiering av prosjektbasert stilling tidleg innsats – ungdomsteam. Stillinga vert permanent frå 2023.
- Årseffekt 0,2 årsverk til PPT, knytt til elevar på Vardheia ungdomsskule, vert refundert av Klepp
- Årseffekt 0,25 årsverk til skulehelsetenesta, knytt til elevar på Vardheia ungdomsskule vert refundert av Klepp
- Opptrapping av vidareutdanning for lærarar, auka med 100 000 kroner i 2023

- Redusert inntekt, grunnressurs frå andre kommunar – 600 000 kroner
- Opptrapping digitale læremiddel (lisenskostnadar), auka med 1,45 millionar kroner i 2023
- Auka lisenskostnadar knytt til fagprogram i verksemdene, samla 750 000 kroner
- 2,0 årsverk knytt til laget rundt læraren og eleven. Prosjektstillingar i skulehelsetenesta og PP-tenesta vert permanente frå januar 2024
- Styrka barnevernet med 2,1 millionar kroner i samsvar med auken i statsbudsjettet for 2023 på grunn av at ny barnevernlov trer i kraft 1.1.2023.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Reduksjon, kjøp av barnehageplassar i andre kommunar, 1,2 millionar kroner
- 0,5 årsverk Hognestad skule, årseffekt etter vedtak i ØP 2022-25, 205 000 kroner

5.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2022	Nye	Redusert	31.12.2023
Administrasjon	7,5			7,5
Pedagogisk psykologisk teneste	9,5			9,5
Barnehagar	166,4	1,0		167,4
Undervisning	344,3	9,0		353,3
Vaksenopplæring	21,0			21,0
Flyktingetenesta	8,0			8,0
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	21,6			21,6
Førebyggjande arbeid ungdom	3,0			3,0
Barnevern	25,8			25,8
Årsverk i alt	618,9	10,0	0,0	628,9

5.2 Helse og velferd

Tenesteområdet omfattar administrasjon, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid, aktivitets- servicetenester, teneste- og samordningskontor, NAV, helse og rehabilitering med allmennlege tenesta.

Framskrivingar viser auke i behov for helse- og velferdstenester. Auken er knytt til demografiske endringar med auke i talet på eldre, og yngre innbyggjarar med behov for samansette tenester over tid.

For at kommunen skal ivareta innbyggjarane sine behov fram mot 2040, er kommunen avhengig av å utvikla helse- og velferdstenester for veksten som er venta. Strategiplan Helse og velferd 2022-2030, Bustadplan 2022-2040, handlingsplan «Leve hele livet», «Plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025» vert sentrale i arbeidet.

Kommunedirektøren vil sikra berekraftig økonomi ved å planlegga for lågast mogleg vekst i samla utgifter for tenesteområdet. Det er eit mål å styrka dei lågare trinna i tenestetrappa. Helse og velferd skal levera tenester av god kvalitet i rett mengde til rett tid til innbyggjarane.

Fagleg trygge medarbeidarar og leiarar, samt ein open dialog med innbyggjarane om kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er innbyggjaren sitt eige ansvar, vert viktig for å nå målet om å levera rette tenester til rett tid.



5.2.1 Status og utfordringar

I juni 2022 skifta tenesteområde Omsorg namn til Helse og velferd. Frå same tidspunkt vart verksemda Helse og rehabilitering med allmennlegetenesta og ansvaret for oppfølging av NAV Klepp/Time flytta frå tenesteområde Samfunn til Helse og velferd. Målet er å sikra betre kunnskapsutveksling og samhandling mellom tenestene og sikra meir heilskaplege og koordinerte tenester internt i kommunen.

Auka behov for helse- og velferdstenester

Det er ei auke i talet på yngre innbyggjarar som har vedvarande samansette behov for helse og velferdstenester, samtidig som refusjonar knytt til ressurskrevjande tenester vert redusert. Refusjonsordninga gjeld berre for innbyggjarar inntil 67 år. I planperioden er det fleire innbyggjarar som mottek ressurskrevjande tenester som når denne alderen.

Framskrivningar for Time kommune viser at antal personar med demenssjukdom vil auka frå 281 personar i 2020 til 347 personar i 2025 (tal frå demenskartet.no).

Endringar i spesialisthelsetenesta, med reduserte liggetider og omlegging til dagbehandling, gir kommunen meir ansvar for oppfølging og behandling. Særskilt får dette konsekvensar for fastlegane, heimetenesta og korttids- og rehabiliteringsavdelinga ved Sivdamheimen.

Kommunedirektøren har i planperioden styrka bemanninga i heimetenesta.

Med lågare dekningsgrad i institusjon har det vore periodar med ventelister til langtidsplass og omsorgsbustadar for eldre. Kommunen har i periodar betalt for fleire utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. For å imøtekoma behovet for fleire institusjonsplassar har kommunedirektøren lagt inn midlar til drift av dei to siste midlertidig stengde institusjonsplassane frå mai 2023.

Framskrivningane i kapittel 2.2 syner ei stor auke i talet på eldre i tida som kjem.

Styrking av tenestetrappa

Dei fleste innbyggjarane tek ansvar for eige liv og planlegg eigen alderdom. Helse og velferd vil vera i dialog med denne aldersgruppa og arrangerer årleg seminar for pensjonistar med temaet «Korleis kan ein sjølv ta grep for å leva eit godt liv?».

For å utsetta behovet for institusjonsplass er det nødvendig med eit tilstrekkeleg dag- og aktivitetstilbod for eldre. Dette gjeld særskilt tilbodet for personar med demens.

I 2021 kom det ei lovendring knytt til velferdstenestelovgivinga kor kommunen har fått større plikt til å sikra heilskap og koordinering for innbyggjarane. Samtidig vart kommunane plikta til å ha ein funksjon som barnekoordinator for familiar som har barn som treng langvarige og samansette helse og velferdstenester.

Samarbeid med pårørande står sentralt i all tenesteyting. Kommunedirektøren vil leggja fram ein pårørandestategi i 2023.

Systemet *Felles kommunal journal* er under utgreiing, og arbeid med innføring av Kjernejournal vert gjort etter oppsett plan.

KS vedtok i sak 058/22 tildelingsrutinane for kommunalt driftstilskot til frivillige lag og organisasjonar som driv med førebyggjande arbeid innan helse- velferds- og samfunnsnyttige tenester. I tillegg til lag og organisasjonar skal også enkeltpersonar kunna søka om driftstilskot. Kommunedirektøren har lagt inn ei styrking på 50 000 kroner i budsjettet.

Heiltid

Frå 2019 til august 2022 har gjennomsnittleg stillingsstørrelse i Helse og velferd auka frå 54,2 % til 64,3 %.

Helse og velferd vil i planperioden fortsetta arbeidet med heiltid og følga opp den vedtatte heiltidserklæringa i Time kommune. Det skal arbeidast vidare med å auka antal heile stillingar og gjennomsnittlege stillingsprosentar, redusera sjukefråvær og styrka kompetanse på turnus, arbeidsplanlegging og arbeidstidsordningar. Dette er ein sentral del av kvalitetsutviklinga i alle tenestene.

Oppfølging av bustadplanen

Kommunestyret vedtok i sak 073/20 Bustadplan 2020-2040. Planen er eit godt styringsverktøy. Auka behov for tenester bidreg til fleire utbyggingsprosjekt i perioden. Dette sett krav til leining, leiarkompetanse og fagutvikling. I evalueringa av bustadplanen vil kommunedirektøren inkludera berekning av årlege driftsutgifter knytt til dei enkelte prosjekta.

Administrasjon og tenestekontor

Tenesta består av kommunalsjef Helse og velferd, fagstab, kommunepsykolog, lærlingar, kreftkoordinator og teneste- og samordningskontor.

Teneste- og samordningskontoret arbeider med å sikra rett teneste til rett tid etter prinsippa i tenestetrappa. Det er ein auke i søknadar om tenester i alle verksemdene, dette skaper eit auka behov for bemanning ved tenestekontoret. I 2019 kom det 577 nye søknadar til kommunen mot 874 i 2021. Denne utviklinga har fortsett i 2022. Kommunedirektøren har i budsjettarbeidet lagt inn forslag om ei styrking av årsverk ved teneste- og samordningskontoret.

Kommunen vart i statsbudsjettet for 2022 pålagt å betala for kostnader til forvaltning og drift av Helsenettet inkludert grunndata og helseID, kjernejournal, e-resept og helsenorge.no. Helse- og omsorgsdepartementet har i ei høyring med frist 26. oktober 2022 foreslått endringar i forskrift om betaling av grunndata og helseID. I høyringa ligg det forslag om at kommunane sin del av kostnadane vil auka frå 40 % til 45 %, samanlikna med kostnadane i 2022.

I 2023 er prosjektet “Time som TryggEst kommune” eit satsingsområde. Dette arbeidet skal leiast av kommunepsykologen. TryggEst skal bidra til å hindra, avdekka og handtera vald og overgrep mot vaksne som i lita eller ingen grad er i stand til å beskytta seg sjølv. Det er eit forenkla og heilskapleg system som skal gjera at terskelen for å melda frå om overgrep vert lågare. Dette vert finansiert med midlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.


Det vert i planperioden viktig å sikra at både tilsette og leiarar har ressursar til å kunna gi gode tenester til innbyargarane, samt sikra eit godt arbeidsmiljø og ein attraktiv arbeidsplass.

Institusjonstenester

Tenesta har 79 langtids plassar der 8 av plassane er for ektepar/sambuarar, 18 korttids- og rehabiliteringsplassar inkludert to plassar for lindrande behandling, dagsenter for personar med demenssjukdom og demenskoordinator.

Kommunedirektøren har lagt inn ei auke på 500 000 kroner til dagsenter for personar med demenssjukdom. Dette inkluderer òg tilbodet “Inn på tunet”. Når fleire innbyargarar bur lenger heime, vil dei som nyttar dagtenesta ha større hjelpebehov. Dette krev meir plass samt meir personalressursar og transporttenester.

Det siste året har kommunen ikkje klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå SUS. Kommunedirektøren foreslår i budsjettet at dei to siste midlertidig stengte plassane ved Sivdamheimen vert opna i juni 2023.




Kjelde: Samhandlingsbarometeret. Utvikling dekningsgrad sjukeheim

Det er ein auke i pasientflyten på korttid- og rehabiliteringsavdelinga. Dette krev auka administrative ressursar på avdelinga for å sikra gode og effektive pasientforløp.

Med lågare dekningsgrad i institusjon er det ei naturleg utvikling at dei innbyggjarane som får opphald i institusjon har større hjelpebehov enn tidlegare. Derfor er det føreslått auke i bemanninga i institusjon med eit årsverk i 2023.

Framskrivinga syner auke i behovet for institusjonsplassar. Arbeid med utgreiing av ny sjukeheim startar i 2024.




Kjelde: SSB

Helse og velferd har satsa på å ha ernæringskompetanse. Det er tilsett klinisk ernæringsfysiolog med midlar som er omprioritert innafor institusjon, saman med tilførte midlar frå Statsforvaltaren. Frå 2024 er planen at fleire avdelingar som nyttar kompetansen til ernæringsfysiologen omprioriterer midlar for å sikre ei fast 100 prosent stilling.

Heimetenester

Tenesta omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand/heimehjelp, dagsenter for eldre og omsorgsbustadar.

Det er ei stor auke i innbyggjarar som mottok heimesjukepleie.



Kjelde: SSB

Endringar i arbeidsmåtar i spesialisthelsetenesta og auken i talet på eldre får konsekvensar for heimetenesta. Det vert meir oppfølging og behandling i heimen, omfattande kreftbehandling, smertebehandling og hjelp til å få ei verdig avslutning på livet. Det er lagt inn ei styrking av bemanninga i perioden. Krav til kompetanse er ei utfordring og gjer at tenesta i planperioden må prøva nye arbeidsmåtar for å ha rett kompetanse til rett stad på rett tid.

Tenestebrukarar 31.08.2021	Utførte timar 31.08.2021	Tenestebrukarar 31.08.2022	Utførte timar 31.08.2022
177	727	280	934


Det er ein auke i behov for tryggleiksalarmar og ulike sensorar som for eksempel døralarm og tråkkematte.

Bukollektivet på Sivdamheimen har ikkje universelt utforma bad og er derfor ikkje godt eigna til personar med store hjelpebehov. Det er krevjande for bebuarar samt vanskelig for personalet å kunna ivareta arbeidsforholda. Moglegheita for å få tilrettelagte bad er under utgreiing

Kompetansehevande tiltak innan ernæring, smertelindring og velferdsteknologi vil stå sentralt i planperioden.

Utgreiing av vidare utbygging ved Kvernaland omsorgssenter er planlagt starta i 2023, med mål om innflytting for dei åtte fyrste bustadane i 2026. Kommunedirektøren vil sjå på

moglegheiter for å etablera legesenter i tilknytning til omsorgssenteret samt å utvida dagtilbodet.



Kjelde: Samhandlingsbarometeret visar utviklinga i dagtenester for eldre.

Vestbygget ved Bryneheimen skal byggast om til tre rom med felles kjøkken og stove som skal nyttas av eldre innbyggjarar med psykiske helse- og/eller rusvanskar. Dette er innflyttingsklart i april 2023.

Tiltaket kvar dagsrehabilitering vart evaluert i 2022. Resultatet av evalueringa skal nyttas til å sjå på korleis kommunen best kan levera denne tenesta vidare. Det må vurderast i samanheng med andre tenester som er knytt til rehabilitering for å sikra heilskap i tenestene til innbyggjarane.

Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass og ein god læringsarena for helsepersonell, studentar og lærlingar. Som eit tiltak for å rekruttera og behalda sjukepleiarar og helsefagarbeidarar er heimetenesta med i prosjektet «Jobbvinner». Dette er eit nasjonalt prosjekt for å rekruttera og behalda sjukepleiarar og helsefagarbeidarar til kommunen sine helse- og velferdstenester.

Helse og rehabilitering

Frå juni 2022 er verksemda Helse og rehabilitering ein del av tenesteområdet Helse og velferd. I denne verksemda er fysio- og ergoterapi tenesta for barn og vaksne, frisklivsentralen, syn- og høyrslkontakt, legetenesta og kommunalt hjelpemiddellager.


Ved å flytta verksemda Helse og rehabilitering med allmennlegetenesta inn i tenesteområdet Helse og velferd, forventar kommunedirektøren fleire positive synergjar. Fysio- og ergoterapitenestene er knytt til fleire behandlingsforløp for innbyggjarar som mottek tenester både i heimetenesta og i korttid- og rehabiliteringsavdelinga. Tettare samarbeid mellom tenestene skal styrka fagkompetansen og samarbeidet hos tilsette og gi innbyggjarane ei meir heilskapleg teneste. Helse og velferd vil etablera fleire treffpunkt mellom kommunen og fastlegane for å sikra betre informasjonsflyt. I 2023 skal endringa i organisering i tenesteområdet evaluerast.

Det har ikkje tidlegare vore samhandlingavtalar mellom kommunen og dei private fysioterapeutane som Time kommune har avtale med. Dette arbeidet vil starta i 2023.

Prosjektperioden for interkommunalt ambulerande rehabiliteringsteam (IKART) mellom kommunane i Sør-Rogaland og SUS går ut 2022. Samarbeidsutvalet i Helsefellesskapet i Sør-Rogaland tilrår at samarbeidet fortsett, og at prosjektet vert tatt inn i ordinær drift frå januar 2023. Kommunedirektøren vurderer at tenesta er eit viktig supplement til kommunen sine helse- og rehabiliteringstenester for innbyggjarar med omfattande rehabiliteringsbehov. Vidare samarbeid i IKART vil gi ein auka årleg kostnad på 60 000 kroner.

Det er nå vanskeleg å rekruttera fastlegar i alle kommunar. Time kommune vil utarbeida ein langsiktig plan for legetenesta i kommunen, kor det vert lagt fram ulike tiltak for å rekruttera og behalda fastlegar.

Regjeringa har sett ned eit hurtigarbeidande ekspertutval som skal koma med konkrete forslag for å styrka fastlegeordninga. Ekspertutvalet skal levera første rapport med anbefalingar 1. desember 2022 og endeleg rapport 15. april 2023.



NAV

Klepp og Time samarbeider om felles NAV-kontor som er lokalisert i Klepp kommune.

Arbeidslivet er i rask omstilling. Den låge arbeidsløysa gjer at fleire unge kjem i arbeid.

NAV har auka satsinga på opplæring og utdanningstiltak, og samhandlar med fleire aktørar for å få dei som nå står utanfor arbeidslivet i arbeid og aktivitet. NAV Klepp-Time har ei eiga avdeling som arbeider med dei unge vaksne som er ei prioritert gruppe.

For å møte behovet for kvalifisert arbeidskraft i regionen, arbeider NAV saman med utdanningssektoren for å få tilført rett kompetanse.

Det er ei auke i behov for akutt midlertidig bustad. Det er få tilbydarar til innbyggjarar med rusutfordringar og dårleg buevne. NAV må samarbeida med dei andre tenestene i kommunen for å lykkas i dette arbeidet.

Gjeldsrådgiving er eit område som får større endringar dei neste åra. Det er plan om at delar av oppfølginga av gjeldsordninga skal overførast frå namsmannen til kommunane. Når det vert innført er det sannsynleg at det vil krevja auka ressursar.

Miljøtenester

Tenesta består av døgnbemanna omsorgsbustadar, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), Bryne aktivitetssenter, barnebustad, avlasting, tilrettelagt aktivitetstilbod, eksterne institusjonsplassar og butilbod.

I Time kommune, som i resten av landet, har det over fleire år vore auke i talet på innbyggjarar med behov for heildøgntenester i eit livsløpsperspektiv. Dette skuldast blant anna utviklinga i helse- og behandlingstilbodet i spesialisthelsetenesta.

To nye foreldreinitiativ, etter modell av Foren burettslag, er under utgreiing. Det vert nå planlagd for eit foreldreinitiativ på Svertingstad og eit på Kvernaland. På Svertingstad planlegg ein foreldreinitiativ med seks bustadar samlokalisert med fire kommunale bustadar med felles personalbase. Når bygget er ferdigstilt, er det berekna ei auke på årlege netto driftskostnadar på 11 millionar kroner.

Det er behov for bustadar for barn og unge med store hjelpebehov og det er auka behov for avlasting. På Kvernaland er planen å bygga fem bustadar i foreldreinitiativ saman med fire barne- og ungdomsbustadar. Då vil og kapasiteten på avlastningsbustadar auka.

Det har vore vekst i talet på ordningar med brukarstyrt personleg assistent (BPA). I KS-070/22 tilrådde kommunedirektøren å gi moglegheit for fritt brukarval til innbyggjarar som har organisert tenestene sine i BPA ordning. Kommunedirektøren vil leggja fram ei eiga sak om organisering og leiging av BPA ordninga i 2023.

Omsorgsstønad vert tildelt pårørande som yt hjelp til nære personar med store omsorgs- og hjelpebehov. Omsorgsstønad kan forebygga og utsetta behovet for tenester som for eksempel plass i institusjon. Det er ein auke i satsane for omsorgsstønad og ein auke i tildelte timar. Det har medført eit meirforbruk på 900 000 kroner i 2022. Dette er lagt inn i budsjettet for 2023.

Nasjonalt velferdsteknologi program (NVP) starta i 2022 opp eit prosjekt for barn, unge og vaksne med medfødt eller tidleg erverva funksjonsnedsetting. Klepp kommune leiar prosjektet der fleire kommunar i Sør-Rogaland deltek. Målet med prosjektet er å avdekka behov kor teknologi kan gjera dei mindre avhengig av hjelp frå andre og gjera dei meir sjølvstendige.

Psykisk helse og rusarbeid

Tenesta består av døgnbemanna bufellesskap, ambulerande team og Meistringssenteret. I tillegg inngår utgifter til akutt ambulanseteam ved Jæren distriktpsikiatrisk senter, som er ein modell for å gi oppsøkande og heilskaplege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidingar, samt kjøp av midlertidige plassar hos private aktørar.

Målet i planperioden er å vidareutvikla ettervernarbeidet, vidareføra gruppetilboda og sikra eit tilgjengeleg og fleksibelt tenestetilbod i tråd med tenestetrappa.

Det er ein auke i behov for tenester. Kommunedirektøren vil i 2023 sjå på organiseringa av tenesta, effekt av tiltak og mogleg effektivisering.

Helse og velferd får tilskott frå Statsforvaltaren til to prosjekt:

- Etterverntilbod som består av oppfølging i bustad og aktivitetstilbod i grupper for å skapa rusfrie nettverk og positivt innhald i kvardagen. Dette tilskotet går ut 2023.
- Lågterskeltilbod på Svendsenhuset. Dette tilskotet går ut 2024.

Det vert gjort ei kartlegging av behov og nytte for bruk av medisindispenserar i tenestene til heimebuande med rus og psykiske vanskar, hausten 2022. Målet er å ta i bruk meir teknologi i tenestene.

Kommunane har frå 1. juli 2022 plikt til å etablera ei rådgivande eining for russaker. Kommunen skal gi råd og rettleiing til innbyggjarar som har fått dom på vilkår for bruk eller oppbevaring av små mengder narkotika.

Det er auke i talet på personar med langvarige innleggingar i spesialisthelsetenesta som har behov for å bu i bemanna kommunal bustad. Kommunen har fire delvis bemanna omsorgsbustadar for menneske med alvorleg psykisk lidning. Det er lite samanlikna med andre kommunar, og dekkjer ikkje dagens og framtidens behov. Planar for utbygginga av Kolheia bufellesskap for innbyggjarar med alvorleg psykisk helsesvikt har starta. Det er planlagt tre nye bueiningar med personalbase som skal stå klart i løpet av 2024. Kommunen kjøper i dag fleire eksterne heildøgntenester for personar med alvorleg psykiske lidningar. Kommunedirektøren planlegg for at nokre av desse kan få tenester i kommunen når bustadane står ferdige.

Ifølge Bustadplanen skal det byggast robuste små bustadar som ligg utanfor eit ordinært bustadområde, men likevel sentrumsnært i forhold til offentleg kommunikasjon, helse- og servicetenester. Time kommune har kjøpt ei tomt på Re til dette formålet. Bustadane vil tidlegast stå ferdig i 2024.

Jæren Recovery College er eit kompetansesenter som arrangerer kurs, workshops og føredrag. Tilbodet er for dei som ønsker eit betre liv på trass av utfordringar knytt til rus eller psykisk helse. Dette er òg eit tilbod til helsepersonell og pårørande. Sak og framtidig finansiering av tilbodet vil verta lagt fram for kommunestyret innan våren 2023.

Aktivitet- og servicesenter

Tenesta består av Time frivilligsenter kafé og aktivitet, kommunalt vaskeri, sysselsettingstiltak, Svendsenhuset og kommunalt tilsette sjåførar.

Time Frivilligsenter kafé og aktivitet er eit lågterskeltilbod for innbyggjarane i kommunen. Her er det sal av middag og anna mat kvar vekedag og i tillegg er det tilbod om diverse catering.

På senteret vert det arrangert ein del aktivitetar, konsertar og føredrag. I tillegg er senteret kommunen sin Frivilligsentral. Ved å knyta desse arenaene saman til ei avdeling har det vorte eit godt tilbod for innbyggjarar som ønsker å koma ut saman med andre.

Dette er òg ein arena der dei som ønsker å bidra med frivillig arbeid kan gjera det. På den måten får fleire innbyggjarar nytte av at andre innbyggjarar gir av si tid på senteret. Avdelinga har tett samarbeid med Teneste- og samordningskontoret for å gjera tilbodet kjent, få nye gjester og å samarbeide om frivillige.

Samhandling

Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH) er eit tilbod og alternativ til sjukehusinnlegging for innbyggjarane med forverring av sjukdomstilstand og kjent diagnose. Tenesta er organisert som eit vertskommunesamarbeid med Sandnes kommune som vertskommune. Grunna manglande indeksregulering dei siste åra er det lagt inn ein auke i budsjettet.

Funkishuset driv eit lågterskeltilbod for rusmiddelavhengige der kommunen gir driftsstøtte på 220 000 kroner årleg. Det er utarbeidd ny samarbeidsavtale mellom Stiftelsen Huset – Funkishuset og kommunane Sandnes, Gjesdal, Sola, Klepp, Hå og Time. Ny avtale gjeld frå 1. januar 2023 til 31. desember 2026.

I 2022 inngjekk Hå, Klepp og Time eit samarbeid om Jæren legevakt. Det er planlagt ei eiga sak til kommunestyra der erfaringa så langt vert drøfta. Auka innbyggartal og endra lønnsavtaler etter sentrale og lokale lønnsforhandlingar vil gi ein auke i driftskostnader.

Time kommune har eit godt samarbeid med Jæren Industripartner. I 2022 fekk kommunen moglegheit til å auka med ein statleg VTA plass (varig tilrettelagt arbeid).

5.2.2 Mål for langtidsperioden

- Auka delen tilsette i heile stillingar
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent for tilsette
- Redusera sjukefråværet
- Følg opp tiltaka i Bustadplan 2020-2040
- Følg opp Strategiplan for Helse og velferd 2022-2030
- Styrka dei lågare trinna i tenestetrappa (Folkehelse)
- Levera tenester på rett nivå til rett tid med god kvalitet
- Styrka frivillig arbeid og eldresressursen (Folkehelse)
- Følg opp handlingsplan til reforma «Leve hele livet» og aldersvennlege lokalsamfunn (Folkehelse)
- Følg opp plan for legetenesta
- Følg opp plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025
- Implementera og nyttiggjera teknologi i alle tenestene
- Styrka kompetansen for leiarar og tilsette
- Styrka samarbeid med pårørande

5.2.3 Tiltak i 2023

- Følg opp heiltidserklæringa
- Starta opp arbeid med årsturnus i fleire avdelingar
- Styrka kompetansen hos tilsette jamfør Kompetanseplan
- Styrka kompetansen hos tilsette på arbeidstidsordningar i forbindelse med heiltidsarbeidet
- Utgreiing av vidare utbygging av omsorgssenter på Kvernaland
- Gjennomføra brukarundersøkingar
- Følg opp evalueringa av kvar dagsrehabilitering og iverksetta tiltak for vidare drift
- Evaluera organisering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid
- Greia ut framtidig behov av administrasjon og leiging av BPA-ordninga

- Gjennomføra leiarprogram for alle leiarar
- Ta i bruk elektroniske medisindispensarar samt utviding av digitalt tilsyn i fleire verksemdar.
- Evaluera Samarbeidsutvalet i Miljøtenesta og vurderer om det bør etablerast i andre verksemdar
- Følg opp vertskommuneavtalen med Klepp kommune om ernæring og matproduksjon
- Evaluera organisasjonsendringa ved at verksemda Helse og rehabilitering med allmennlegetenesta inngår i tenesteområdet Helse og velferd

5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Helse og velferd	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2022-2023
	2021	Budsjett 2022	2023	2024	2025	2026	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon og tenestekontor	10 606	12 506	12 804	13 454	13 454	13 454	2,4 %
Institusjonstenester	74 667	76 607	81 158	81 158	81 908	81 908	5,9 %
Heimetenester og rehabilitering	90 819	90 966	98 913	99 413	100 163	100 163	8,7 %
Miljøtenester	125 385	126 596	135 774	137 874	148 174	149 174	7,2 %
Psykisk helse og rusarbeid	25 668	30 613	31 423	32 023	33 123	33 123	2,6 %
Aktivitets- og servicetenester	6 522	6 392	5 567	5 567	5 567	5 567	-12,9 %
Helse og rehabilitering	32 694	29 046	34 636	35 186	35 161	35 161	19,2 %
Samhandling	15 992	11 067	12 567	12 567	12 567	12 567	13,6 %
Sosialtenester	26 008	28 003	32 487	30 387	29 887	29 887	16,0 %
Sum netto driftsutgifter	408 361	411 796	445 329	447 629	460 004	461 004	8,1 %

Helse og rehabilitering er overført frå Samfunn. Legevakt er lagt under Samhandling. NAV og krisesenter er under Sosialtenester.

5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Ny Prosjektleiar/leiar til foreldreinitiativ på Svertingstad frå desember, 100 000 kroner frå 2023, 700 000 kroner i 2024
- Netto driftsutgifter foreldreinitiativ Svertingstad, 11 millionar kroner i 2025, ca. 20 årsverk
- Tilrettelagt aktivitet før og etter skuletid (TAT), auka drift i skulen sine ferie- og fridagar, 200 000 kroner frå 2023
- Avdelingsleiar BPA, 375 000 kroner frå 2023
- 0,7 årsverk miljøterapeut, 550 000 kroner frå 2023
- Kjøp av ein statleg VTA plass, 60 000 kroner frå 2023
- Opne to av dei siste mellombels stengde institusjonsplassane på Sivdamheimen, frå mai 2023, 1 million kroner i 2023 auka til 1,5 millionar kroner i 2024.
- Auka pleietyngde i Institusjon eit årsverk, 750 000 kroner frå 2023
- Utvida dagtilbod med ein dag for personar med demens “ Inn på tunet”, 500 000 kroner frå 2023
- Auke til omsorgsstønning, privat avlastning, fritid- og treningskontakt, 950 000 kroner frå 2023
- Nytt årsverk tenestekontor, 350 000 kroner frå august 2023
- Styrka heimetenesta to årsverk, 1,5 millionar kroner frå 2023
- Auke til dekning av seminar for pensjonistar, 50 000 kroner frå 2023
- Driftstilskot til frivillige lag og organisasjonar, 80 000 kroner frå og med 2023

- Robuste bustadar på Re eit årsverk, 350 000 kroner frå 2024
- Kolheia to årsverk, 750 000 kroner frå august 2024
- Auka utgifter til kjøp av eksterne butilbod med refusjon, 1,5 millionar kroner i 2023
- Auke i sosialhjelp (eks. barnetrygd i berekningsgrunnlag), 1 million kroner frå 2023
- 1 årsverk rådgivar for å styrka heiltidsarbeidet og velferdsteknologi, 400 000 kroner frå 2023,
- Deltaking i interkommunalt ambulerande rehabiliteringsteam (IKART), 60 000 kroner frå 2023
- Vidareføra avtalen med Stiftelsen Funkishuset, 11 kroner per innbyggjar
- Barnekoordinator fullårseffekt, 630 000 kroner frå 2023.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Redusera kjøp av tenester ved utbygging av Kolheia, 1 million kroner frå 2023
- Auka inntekter for ressurskrevjande tenester på 8,4 millionar kroner, utgiftene vert minst like høge

5.2.6 Oversikt over personalressursar

Helse og velferd	31.12.2022	Nye	Redusert	31.12.2023
Administrasjon og tenestekontor	13,0	1,0		14,0
Institusjonstenester	98,8	1,3		100,0
Heimetenester og rehabilitering	96,3	4,0		100,3
Miljøtenester	159,6	2,5		162,1
Psykisk helse og rusarbeid	36,5			36,5
Aktivitet- og servicetenester	8,6			8,6
Helse og rehabilitering	21,8	0,6		22,4
Samhandling	0,0	0,5		0,5
Årsverk i alt	434,6	9,9	0,0	444,4

5.3 Samfunn

Tenesteområdet omfattar administrasjon, Eigedom, Kultur, Kommunalteknikk og Plan og forvaltning.

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

5.3.1 Status og utfordringar

Jordvern og jordvernmål for kvar enkelt kommune har hatt fokus dei siste åra. Dette er særleg aktuelt i dei store landbrukskommunane på Jæren. Regjeringa kom med oppdatert jordvernstrategi og forsterka jordvernmål våren 2021. Korleis og i kva grad nyleg godkjende overordna arealplanar og Regionalplan for «Jæren og Søre-Ryfylke 2050» skal vurderast i så måte, er eit relevant spørsmål i åra framover. Kommunestyret i Time vedtok i sak 055/22 samfunnsdelen til kommuneplanen der også kommunen sitt jordvernmål på 45 daa/år vart fastsett.

Fagrafjell kraftstasjon opnar i 2023, og det er stor interesse for å sjå på mogleighetene dette gir regionen. Områderegeringsplan for Kalberg-området er under utarbeiding og ein planlegg for godkjenning i 2024.

Auka renter og byggekostnadar gjer at Time må revurdere investeringar. Det gjeld både dei som belastar kommunen sitt budsjett, og det som gjeld sjølvkostområda som belastar innbyggjarane direkte. Kommunedirektøren har vurdert kva investeringar som kan stoppast utan at det vil få for store konsekvensar, og kva investeringar som har kome for langt til å stoppast. Ut i frå denne vurderinga er det lagt opp til investeringar i VA-sektoren på om lag 245 millionar kroner.

Omorganisering

I samsvar med vedtak (tilråding) i sak 005/22 i Administrasjonsutvalet vart verksemda Helse og rehabilitering frå og med 01.06.22 omorganisert frå tenesteområdet Samfunn til tenesteområdet Helse og velferd, jamfør ULE-027/22).

I samsvar med vedtaket i sak 025/18 i Arbeidsmiljøutvalet, har det våren 2022 vore gjennomført ei evaluering av organisasjonsstrukturen i Samfunn. Samfunn er frå og med 01.09.22 organisert i verksemdene Kultur, Kommunalteknikk, Eigedom og Plan og forvaltning, samt administrasjon. Denne organisasjonsendringa fører til endringar i tabell i kapitell 5.3.4. Ein gjennomgang har ført til at rådgivarstillingane i tenesteområdet i all hovudsak er flytta frå administrasjon til tenesteproduksjon i samsvar med KOSTRA-rettleiaren.

Heiltid

I reinhaldsavdelinga (Eigedom) har 23 av 49 tilsette 100 % stilling, og 40 av 49 har 80 % stilling eller meir. Det vil vera utfordrande å auka opp endå fleire av reinhaldsstillingane grunna tilgjengelegheita i dei kommunale bygga mellom kl. 10.00 og 14.00. Innanfor Kultur

går mange av kultur- og fritidstenestene føre seg på kveldstid og i helgar. For å få vaktplanen til å gå opp, er ein avhengig av mange hovud å fordela vaktene på. Dette er gjerne deltidsstillingar der skuleelvar og studentar vert tilsette.

Folkehelse

Samfunn har det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet. Det betyr mellom anna ansvar for å utarbeida ein fireårig folkehelseprofil for kommunen og følga opp «partnerskap for folkehelse» saman med fylkeskommunen.

Formålet med partnerskapet er å samordna folkehelsearbeidet i Rogaland og arbeida med felles målsetting om å fremja god helse og utjamna sosiale helseforskjellar. Som ein del av avtalen, skal det årleg utarbeidast ein handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla.

Folkehelseprofil for Time for perioden 2018-2021 er under revidering, og ny folkehelseprofil kan forventast til politisk behandling våren 2023. Relevant statistikk og lokalkunnskap vil danna grunnlaget for ny folkehelseprofil.

Beredskap

Opplæring i krisehandtering, evaluering av uønska hendingar og beredskapsøvingar har stort fokus i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har låg terskel for å setta krisestab når uønska hendingar skjer. Involverte leiarar og relevante støttefunksjonar er med på møta i kriseleiinga. Kommunedirektøren har valt å bruka ein metode der ein har særleg fokus på kva konsekvensar denne hendinga kan få, for å få eit felles situasjonsbilde og for å danna eit grunnlag for samordning av tiltak.

Heilskapleg ROS-analyse for 2021-2024 har ein eigen handlingsplan som inneheld tiltak som skal følgast opp i økonomiplanarbeidet, og tiltak av meir organisatorisk eller planmessig art. Beredskapsplan for Time kommune er under revidering og kjem til politisk behandling i 2023.

Vegar og grøntanlegg

Kommunalteknikk har ansvar for kommunen sine kommunaltekniske anlegg. Det vil seie bygging, drifting og forvaltning av alle vegar, grøntområde, leikeplassar, idrettsanlegg, kyrkjegardar, vassforsyning, avløpsanlegg og renovasjonsløyisingar.

Det er sett av ressursar til å bytta ut lysmaster til LED dei neste åra, noko som vil føra til mindre energibruk og vedlikehaldskostnader, jamfør forslag til investeringsbudsjett. Det vil òg verta gjort forsøk med å senka lysstyrken på tider og stadar som er lite i bruk.

Kommunen har framleis noko etterslep når det gjeld reasfaltering av kommunale vegar og gater. Innsatsen her har vore styrka nokre år, og det er håp om at etterslepet vil verta redusert dei neste åra.

Etter som nye område vert bygd ut, får kommunen stadig fleire grøntområde som skal forvaltast. Dette er eit viktig arbeid, ikkje minst i forhold til folkehelse. Kommunalteknikk har høgt fokus på nye metodar for å effektivisere drifta, men ser at det stadig er meir krevjande å møta forventningane frå publikum.

Vatn, avløp og renovasjon

Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2025 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårleg leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvass- og saneringstiltak er nå definerte, og fleire av tiltaka er under utføring og planlegging, sjå kapittel 7.2.

For å halda den auka kostnaden for innbyggjarane nede, så har kommunedirektøren valt å skyva på fleire av investeringane og lagt seg på eit lågt investeringsnivå. Det vert derfor berre føreslått at dei mest nødvendige tiltaka vert gjennomførte i perioden. Av den samla gebyrauken innan VAR, utgjer auken frå IVAR IKS om lag 1 800 kroner per husstand.


Sanering av VA-anlegga våre er eit langsiktig arbeid. Kommunestyret har sett som mål at ein prosent av anlegga skal sanerast kvart år, det vil seia ei utskiftingstakt kvart 100 år. Vert dette arbeidet forsømt, vil byrden verte større for komande generasjonar. Det er først dei siste åra kommunen har nådd målsetnadane om sanering.

Det er framleis alt for høgt tap/lekkasje av vatn i nettet. Dette betyr høgare pris på fakturert vassmengd. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Framleis går det alt for mykje avløpsvatn til reinsing samanlikna med det kommunen vert fakturert for av vatn av IVAR IKS. Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

Kommunane har plikt til å føra tilsyn og kontroll med private avløpsanlegg. Per 01.01.22 er det registrert 316 private avløpsreinsanlegg i Time kommune. Kommunedirektøren vil i 2023 leggja fram ein plan for å hindra forureining frå private avløpsreinsanlegg i område med spreidd busetnad.

IVAR IKS utfører renovasjonstenesta i samsvar med samarbeidsavtale frå 2021. Dei etablerte henteordningane for hushaldsavfall inngår i gebyrgrunnlaget.



Brannen i IVAR IKS sitt ettersorteringsanlegg på Forus, i juli 2022, har sett anlegget ut av drift inntil vidare. Denne situasjonen gir heilt nye budsjettforutsetningar. Store delar av

driftskostnadane for sjølve sorteringsdelen fell bort sidan anlegget er ute av drift, men samtidig aukar kostnadar til forbrenning samt at salsinntekt for resirkulert materiale vert redusert. Det er framleis kostnadar for den delen av anlegget som ikkje er totalskadd. Samla sett vil endringa gi ein netto kostnadsreduksjon per tonn for restavfall. Behandlingsavgifta til IVAR IKS for restavfall vert derfor uendra frå 2022 til 2023. Dette for å bidra til nedbetaling av akkumulert underskot på sjølvkostfond. For våtorganisk avfall aukar behandlingsprisen med 200 kroner per tonn. For plast og papir får kommunane meir betalt for det dei leverer. Dette som følge av auka priser i marknaden for desse fraksjonane.

Henteordninga for grovavfall, hageavfall og farleg avfall var på same nivå i 2022 som i 2021. Ordninga er mykje brukt, spesielt for grovavfall og hageavfall. Det er planlagt same nivå i 2023.

IVAR IKS har bestemt at hageavfall må skiljast frå matavfallet, då det ikkje kan nyttast til biogassproduksjon på Grødaland. Oppstart for dette er 01.01.23, men kommunane har eitt år til å områ seg. Frå 01.01.24 vil det verta innført differensierte prisar for å levera avfallet. Viss det er mykje hageavfall i bioavfallet, vil det kosta meir å levera. Kva ordning Time kommune skal ha for hageavfallet er til vurdering og vert bestemt i løpet av 2022.

Plan og forvaltning

Alt forvaltningsarbeid innan arealplan, landbruk, byggesak, geodata, klima/miljø og naturforvaltning er nå samla i denne forvaltningseininga.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart godkjend i kommunestyret 20.09.22 i sak 055/22. Arbeidet med ei avgrensa revidering av kommunedelplan for Bryne sentrum (sentrumsplanen) starta i 2020. Planprogrammet vart fastsett i april 2021. Førstegongsbehandling er planlagt første halvår 2023.

Fleire reguleringsprosessar er i gang i Bryne sentrum. Arealdelen til kommuneplanen er saman med sentrumsplanen, styrande for arbeidet. Ny gatebruksplan for Bryne er klar, men val av løysingar må skje parallelt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata og parkeringsløyising for Bryne sentrum. Dette arbeidet vil verta innarbeidd i revisjonen av sentrumsplanen.

Godkjend planstrategi for inneverande valperiode viser mellom anna fleire oppgåver framover når det gjeld områdeplanlegging, særskilt for fortetting på Håland og kraftkrevjande industri på Kalberg/Kvernaland.

Arbeidet med å gjennomføra godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt å slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune vil ha prioritet dei komande åra.

Geodata og oppmåling har i hovudsak hatt lik ordremengd årleg over fleire år, og er dimensjonert etter dette framover. Ressursar til byggesak vart auka i 2022 for å sikra kvalitet og effektivitet i byggesaksbehandlinga. Tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak er viktige lovpålagte oppgåver som vil ha høg prioritet i neste periode.

Klima og miljø skal synleggjerast og prioriterast i planperioden, og arbeidet med revisjon av kommunedelplan for energi og klima 2011-2022 er starta opp. Planen har fokus på

medverknad og skal mellom anna innehalda konkrete tiltak mot reduksjon av klimagassutslepp, bevaring av naturmangfald, energieffektivisering og klimatilpassing. Klima- og miljøplan 2023-2033 med tilhøyrande handlingsdel vert lagt ut på høyring hausten 2022 og endeleg politisk godkjenning våren 2023.

Brannvern

Rogaland brann og redning IKS (RBR) har utarbeidd ein ny brannstasjonsstruktur og denne kjem til behandling til deltakarkommunane.

Styret i Rogaland brann og redning IKS har føreslått ein auke i ramma på 2,9 % frå 2022 til 2023. Godt og vel halvparten skriv seg frå auka husleige. Kommunedirektørane innstiller på at RBR skal få justert ramma med 2,2 %. Dette inkluderer også pris- og lønnsjustering.

Av samla tilskot til RBR på 316 millionar kroner utgjer:

- husleige 43,1 millionar kroner
- feiarvesenet 25,5 millionar kroner
- 110-sentral 33,0 millionar kroner

I tillegg kjem refusjonar for arbeidet med miljøretta helsevern, skjenke- og tobakk-kontroll som samla er 15 millionar kroner.

Representantskapet har fått i oppdrag å bestilla ei utgreiing for å sjå nærare på kostnadsfordelinga og handteringa av utgifter og eigarskapet til brannstasjonane.

Kultur

Kommunestyret vedtok i 2019 «Kulturplan 2019-2027 – Time kommune». Planen har tre satsingsområde: «Nye Storstova», «Haugtussa-veka» – ei vidareutvikling av Garborgdagar, og «Kulturstiar i Time» – tilrettelagde turar med kunst og kultur av høg kvalitet. Kulturplanen skal inspirera, motivera og gi retning for arbeidet med å vidareutvikla kulturkommunen Time.

Samarbeid med gatekunstnaren Pøbel om MUTE-prosjektet på Høg-Jæren er eit eksempel på ideen med «Kulturstiar i Time». Vidare er det i perioden lagt inn midlar til å gjennomføra forprosjekt for «Haugtussa-veka». I 2024 er det 100 år sidan forfattaren Arne Garborg døydd, og dette vil verta markert mellom anna under dei årlege Garborgdagane.

Når det gjeld Storstova, er det dei seinare åra gjort enkelte bygningsmessige utbetringar. I tillegg er ein del av utstyret oppgradert. Det er også innført ei ordning med husleigetilskot for lokale lag og organisasjonar, for å stimulera til auka bruk. Det er i perioden sett av midlar til rehabilitering av inngangspartiet og foajeen samt til nødvendig oppgradering av utstyr. Vidare er det mot slutten av perioden lagt inn midlar til rehabilitering av tak og fasadar. Dette primært for å redusera varmetap.

Etter ein god start i nye lokale for Bryne kino, har dei siste åra vore prega av pandemisituasjonen med smittevernrestriksjonar og liten tilgang på nye filmar, med sviktande besøk og inntekter som resultat. Framover er utfordringa for så vel kinoen som kulturhuset, å vinna tilbake publikum. Bryne kino er styrka med 300 000 kroner til auka straumkostnad i 2023.

Time bibliotek har dei siste åra tatt i bruk eit nytt og meir publikumsvennleg biblioteksystem, og biblioteket har vorte meir tilgjengeleg ved innføring av «meiroke bibliotek», noko som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna.

Det er i perioden lagt inn midlar til bygging av Bryne storhall og til oppstart av bygging av ny symjehall. I tillegg kjem midlar til ei rekke idrettsanlegg med delfinansiering frå spelemidlar, samt midlar til ei rekke friluftslivs- og nærmiljøanlegg.

Det er sett av midlar i 2023 til å utvida stillinga til «Alle med»-koordinatoren frå halv til heil stilling. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familien sin økonomi, vert inkluderte i lag og organisasjonar.

I samarbeid med frivillige organisasjonar har kommunen dei siste åra hatt eit mangfald av ferieaktivitetar for barn og unge. Dette tiltaket vert vidareført i 2023.


Eigedom

Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for kommunale bygningar og bygging/rehabilitering av bygg er samla i tenesteeininga Eigedom.


Det vart i 2021 oppretta ei energirådsgjevarstilling som har hatt som hovudarbeidsoppgåve å hjelpe eigedomssjefen med å finna ut kvar kommunen kan spara energi. Det er i 2022 brukt om lag fem prosent mindre energi enn i 2021. Dette er gjort ved å endra litt på temperaturar og driftstider på varme- og ventilasjonsanlegg. Våren 2022 vart det montert eit solcelleanlegg på Sivdamheimen som produserer om lag 90 000 kWh/år. Ein vil i 2023 halda fram arbeidet med å redusera energibruken i kommunale bygg og jobba for å produsera meir grønt energi på bygga til kommunen.

Det vart i 2020 gjort forsøk på å redusera reinhaldkostnadane ved å endra noko på kvalitet og frekvens på skular og administrative lokale. Denne standarden er nå innført på alle skular og kontorbygg, og det er spart inn tre årsverk i reinhaldsavdelinga. I 2023 vil reinhaldsavdelinga fortsetta med å sjå på moglegheiter for å redusera kostnadane ved å gjera reinhaldet meir rasjonelt og bruka nye metodar og nytt utstyr.

Per i dag har 30 reinhaldarar fagbrev av totalt 49 tilsette.



KOSTRA-tala for 2021 viser at Time i hovudsak er på same nivå med areal til eigedomsforvaltning per innbyggjar som Hå, Klepp og aktuell KOSTRA-gruppe.



Driftsutgifter til eigedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar og aktuell KOSTRA-gruppe.

5.3.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera konsekvensane av barnefattigdom (Folkehelse)
- Følgja opp godkjend planstrategi for denne valperioden innanfor økonomiske rammer
- Bryne sentrum skal utviklast som regionsenter, i tråd med regionalplan og med urbane kvalitetar i samsvar med sentrumsplanen
- Ha ein nullvisjon med tanke på trafikkulykker (Folkehelse)
- Legga til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel (Folkehelse)
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstadar (Folkehelse)
- Godkjend landbruksplan, lokal, nasjonal og regional jordvernsstrategi skal vera grunnlaget for behandling av forvaltningssaker i landbruket
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylle krava i EU sitt vassdirektiv
- Styrka Storstova som regionalt kulturhus
- Gi publikum eit mangfaldig kultur- og filmtilbod og styrka Bryne kino som ein attraktiv møtestad
- Gjera biblioteket meir attraktivt ved å styrka lesestimulerande tiltak for barn og unge, litteraturformidlinga for vaksne og formidlinga av digitale bibliotektenester
- Gjera museumsdrifta meir berekraftig ved å styrka samarbeidet med Jærmuseet og frivillige organisasjonar
- Utvikla fritidsklubbtilbodet. Det framtidige tilbodet på Kvernaland skal vurderast særskilt

- Styrka moglegheitene for idretts- og friluftaktivitetar, og sørga for aktiv bruk av nye idrettshallar (Folkehelse)
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting (Folkehelse)
- Optimalisera og redusera energibruken i kommunale bygg
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvenleg renovasjons-, vass- og avløpsteneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Skifta ut minimum ein prosent av kommunale vass- og avløpsleidningar årleg

5.3.3 Tiltak i 2023

Folkehelse

- Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla (Folkehelse)
- Fullføra arbeidet med revisjon av Folkehelseprofil for kommunen (Folkehelse)
- Følg opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid (Folkehelse)

Beredskap

- Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring
- Følg opp tiltak i handlingsplanen i Heilskapleg ROS-analyse 2021-2024 Time kommune
- Revidera Beredskapsplan for Time kommune
- Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern

Plan og forvaltning

- Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026
- Sikra betre arealutnytting for næringsområda på Håland
- Halda fram arbeidet med utarbeiding av «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Følg opp godkjend «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå
- Saksbehandlingstida for byggesak og geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter
- Gjennomføra brukarundersøking for byggesaksbehandlinga
- Gjennomføra brukarundersøking innan landbruksforvaltninga
- Endeleg godkjenning av temaplan for klima og miljø
- Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparkar

Brannvern

- Greia ut alternativ kostnadsfordeling mellom eigarkommunane i Rogaland brann og redning IKS

Kultur

- Revidera kulturminneplanen (2020-2022)
- Starta arbeidet med forprosjekt «Haugtussa-veka»
- Følg opp MUTE-prosjektet
- Oppføring av dagsturhytta (Folkehelse)

- Rehabiliterer inngangspartiet og foajeen til Storstova
- Gjennomføra brukarundersøkingar av kino og bibliotek (kulturhus i 2024)

Vegar og grøntanlegg

- Utarbeida gatebruksplan for Bryne (Folkehelse)
- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen (Folkehelse)
- Effektivisering i bruken av parkeringsautomatar
- Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED lys, ENØK-tiltak
- Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar

Vatn, avløp og renovasjon

- Få alle resterande abonnentar over på vassmålar
- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnettet for vatn
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet
- Syta for førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Rullera hovudplan for vatn og avløp
- Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall. Kva ordning Time kommune skal ha for hageavfallet er til vurdering, og vert bestemt i løpet av 2022.
- Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke
- Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tømning og serviceoppdrag i renovasjonstenesta, blant anna styringsverktøy og elektronisk nivåmåling
- Starta arbeidet med opprydding i forureining frå private avløpsreinseanlegg

Eigedom

- Vurdera kvalitet og frekvens innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Vurdera leigesatsane for utleigebustadane i forhold til marknadsleiga for leigebustadar på Jæren

5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2022-2023
	2021	2022	2023	2024	2025	2026	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	4 013	3 752	2 090	2 090	2 090	2 090	-44,3 %
Plan og forvaltning	7 657	9 748	9 694	9 694	9 444	9 444	-0,6 %
Brannvern	14 016	14 516	14 910	14 910	14 910	14 910	2,7 %
Folkehelse og kommuneoverlege	2 662	2 188	2 279	2 279	2 279	2 279	4,2 %
Kultur	27 589	23 167	25 427	25 152	25 077	25 302	9,8 %
Eigedom	48 939	49 082	63 217	61 922	61 997	61 922	28,8 %
Vegar og grøntanlegg	24 315	21 847	24 537	24 537	24 537	24 537	12,3 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
Sum netto driftsutgifter	129 191	124 300	142 154	140 584	140 334	140 484	14,4 %

5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Auka utgifter og reduserte inntekter

- 120 000 kroner til å dekkja kommunen sin eigenandel av folkehelsemidlane.
- 250 000 kroner til kjøp av planarbeid i 2023 og 2024 (Håland)
- 200 000 kroner til gjennomføring av tiltak i klima- og miljøplanen
- 650 000 kroner til miljøvaktmeister
- 400 000 kroner til auka stillingsressurs innanfor vatn og avløp til lekkasjesøk og kartsystem (sjølvkost)
- 25 000 kroner i auka tilskot til 17. maifeiring, Bryne
- 200 000 kroner i auka driftsmidlar til bilar og maskinar
- 1,6 millionar kroner i auka straumkostnadar til gatelys
- 800 000 kroner i auka driftsutgifter for ny ungdomsskule, idrettshall og turnhall i Vardheia der Klepp refunderer om lag halvparten.
- 500 000 kroner i auka utgifter til forsikringar og kommunale utgifter
- 950 000 kroner i auka utgifter til husleige for helsestasjonen, PPT og Ungdomsteamet
- 200 000 kroner i 2023 til netto husleigekostnadar flyktningar
- 10,7 millionar kroner i auka energiutgifter
- 150 000 kroner anna kvart år til reingjering av stolar i kino, Storstova og bibliotek frå 2023
- 400 000 kroner i 2023 til «Alle med-koordinator»
- 250 000 kroner til forprosjekt for «Haugtussa-veka» per år i 2023 og 2024
- 200 000 kroner i tilskot til andre idrettsanlegg i 2024 (Bryne fotball)
- 2 millionar kroner i driftsutgifter for Bryne storhall frå 2024
- 1 million kroner i bortfall av husleige Timehallen frå 2024
- 300 000 kroner i husleige for Brynehallen (RFK) frå 2024
- 200 000 kroner i 2025 og 400 000 kroner i 2026 i auka drifts- og anleggstilskot (idrett)
- 100 000 kroner i 2025 og 200 000 kroner i 2026 i auka tilskotsmidlar til opne kulturarrangement

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Tilskotet til Rogaland Brann og redning IKS er redusert med 0,5 millionar kroner frå 2023
- 4,5 millionar kroner i husleigeinntekter for utleige av Bryne storhall frå 2024

5.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2022	Nye	Redusert	31.12.2023
Administrasjon	1,4			1,4
Plan og forvaltning	18,9			18,9
Folkehelse og kommuneoverlege	1,2			1,2
Kultur	26,4			26,4
Eigedom	76,7	1,6		78,3
Vegar og grøntanlegg	18,3			18,3
Vatn, avløp og renovasjon	12,3	0,4		12,7
Årsverk i alt	155,2	2,0	0,0	157,2

Hovudendringane i personalressursar er at Helse og rehabilitering er overført til Helse og velferd, tilsvarande 22 årsverk.

5.4 Stab

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles administrasjons- og stabsfunksjonar for heile kommunen. Det gjeld politisk sekretariat, dokumentcenter, innbyggarservice og kommunikasjon, kommuneadvokaten, digitalisering og utvikling, økonomi og rekneskap og lønn og personal.

Næringsarbeidet og Time kyrkjelege fellesråd vert òg omtala i dette kapittelet.

5.4.1 Status og utfordringar

Næring

Det pågår arbeid med fleire regionale næringsprosjekt, som for eksempel «Energihovudstaden», «Opplev Jæren» og regionalt reiselivsprosjekt i regi av Sandnes kommune. Det er ikkje sett av midlar til nye næringsprosjekt eller samarbeid i økonomiplanperioden. Dersom det vert behov for løyvingar vil kommunedirektøren leggja fram eigne saker om dette.

Kommunen kjøper etableringsretteleing for personar som ønsker å etablere nye verksemder frå Skape. Skape er eit partnerskap mellom alle dei 23 kommunane i fylket og Rogaland fylkeskommune.

Næringsoppgåvene i Time vert ivareteke av kommunedirektør, ordførar og varaordførar. Det har høg prioritet å ha dialog med lokal og regional næringsforeining og aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen.

Time, Klepp og Hå, som ein felles bu- og arbeidsmarknad, samarbeider i dag om næringsutvikling i ulike prosjekt og der det elles er naturleg. Kommunedirektøren ser potensiale i å vidareutvikla dette samarbeidet gjennom ein felles næringsstrategi for Jæren.


Politiske organ

Budsjettløyvinga dekker dei folkevalde organa, politisk sekretariat og gjennomføring av val i kommunen. Størrelsen på løyvinga varierer med utgangspunkt i når det er valår og når det vert planlagt for folkevaldopplæring.

I 2023 vil ein ha fokus på gjennomføringa av kommunestyre- og fylkestingsvalet. Det vil verta vurdert ulike tiltak for å leggja til rette for god valdeltaking.

Frå og med 1. februar 2023 vert det eit krav om at videoopptak frå møte i folkevalde organ skal vera teksta. Kommunen vil kjøpa inn programvare for å tilfredsstilla dette kravet.

Administrasjon



Innbyggarservice og kommunikasjon

Innbyggarservice og kommunikasjon skal bidra til at kommunen kommuniserer på ein god og strategisk måte både internt i organisasjonen og eksternt mot innbyggerane. Vidare skal avdelinga vera ein god rådgivar for organisasjonen innan mellom anna mediehandtering og sosiale media, og sikra at kommunen er framtidsretta i kommunikasjonen med innbyggerane.

Stadig meir av kommunikasjonen med innbyggerane føregår digitalt. Det er derfor viktig at innbyggerane våre på ein enkel måte kan finna og forstå informasjon frå kommunen i digitale kanalar. For å lykkas på dette området må me ha god kvalitet på det innhaldet me produserer, i tillegg til at innhaldet må vera tilpassa den enkelte kanal. Sentrale kanalar er nettsida og Facebook.

Samtidig som mykje skjer digitalt, er det også viktig å ivareta innbyggerar som har utfordringar på dette området. Her har Innbyggarservice ei viktig rolle i si rolle som førstelinje både på sentralbord og i ekspedisjonen.

Frå og med 1. februar vert krava om universell utforming av kommunen si nettside skjerpa, noko som igjen vil føra til auka utgifter.

Dokumentsenteret

Dokumentsenteret skal, i samarbeid med resten av organisasjonen, sikra at Time kommune sin dokumentasjon vert tatt vare på for nåtid og framtid etter gjeldande lovar og reglar. Time kommune skal dokumentera vedtak og tiltak og ta vare på dokumentasjon av dei juridiske rettane og pliktane som personar, organisasjonar, bedrifter og offentlege organ har.

For å sikra dette må kommunen nytta rette system og prosessar, og setta dei som skal bruka desse i stand til det gjennom god opplæring. Arkivverket har eit mål om at innan 2025 skal ingen saksbehandlarar trenga å tenka på å arkivera. For å nå dette målet er det mange tekniske løysingar som må på plass.

Digitalisering og utvikling

Time er deltakar i det regionale samarbeidet DigiRogaland og deltek der i faggruppene informasjonssikkerheit, e-helse, IT-drift, strategi og verksemdsarkitektur. Kommunen har òg eit medlem i arbeidsutvalet. Målet med samarbeidet er å bruka digitale verktøy for å gi betre

tenester til innbyggjarar og næringsliv. Samarbeidet skal hjelpe kommunar å oppnå gevinstrealisering og innføra store nasjonale digitaliseringsprosjekt.

I økonomiplanperioden vil ein fortsetta å utvikla M365-plattformen mot endå betre samhandling, kommunikasjon og informasjon. Innføring av velferdsteknologi vil fortsetta og innføring av nytt journalsystem vil vera høgt prioritert. Digital kompetanseheving er viktig for å få best mogeleg utnytte av dei nye løysingane som kjem.

Kommunen vil i perioden få dei siste store systema ut i skya. Dette er noko som både gir oss betre oppetid, samt betre sikkerheit. Sikkerheit vil framleis vera eit stort satsingsområde. Dei store systema på personal, økonomi og lønn (Visma) og arkiv (Acos) vil verta flytta ut i sky i løpet av perioden.

Økonomiavdelinga

Kommunen har ei sentralisert økonomiforvaltning der avdelinga har ansvar for budsjett, rekneskap, rapportering, leiarstøtte, innkrevjing, innkjøp og utgreiingsarbeid.

Det har vore arbeidd mykje med å digitalisera arbeidsoppgåvene i avdelinga. I 2023 skal ein ta i bruk ein ny app som gjer godkjenning av innkjøp og faktura enklare. I tillegg skal tidsbruken på fakturamottak reduserast gjennom å utnytta ny funksjonalitet og automatisera fakturaflyten ytterlegare. Ved overgang til skyteneste vil systema vere meir tilgjengelege og pålogging vert enklare for tilsette og leiarar.

Medlemskap

Kommunedirektøren har budsjettert med vidare medlemskap i New Kaupang og Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar, men har ikkje lagt inn midlar til Nettverk for kommunale vannkrafteiere og føreslår med det å avslutta medlemskapet.

Time kyrkjelege fellesråd

Tilskotet til Time kyrkjeleg fellesråd er inflasjonsjustert. I tillegg er det lagt inn midlar til dagleg leing og vedlikehald av Frøyland-Orstad soknet i tråd med innspelet frå fellesrådet. Det er sett av 1,7 millionar kroner til oppgradering av kyrkjene fordelt på 2023 og 2024.

Diverse fellesutgifter

I denne gruppa ligg dei frikjøpte tillitsvalte, kantina på rådhuset og etableringsstønad for økonomisk vanskelegstilte.

5.4.2 Mål for langtidsperioden

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kommune kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Samarbeida med aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen
- Sikra personvernet i alle fagsystem
- All arkivering skal automatiserast innan 2025
- Avslutta bruken av papir i saksbehandling
- Digitalisera økonomiplan og rapportering
- Følgja opp mål og tiltak for lokaldemokrati i samfunnsdelen til kommuneplanen
- Flytta programvare frå lokale serverar og ut i «skya»

5.4.3 Tiltak i 2023

Næring

- Delta i lokale og regionale næringsprosjekt
- Ha god dialog med eksisterende og potensielt nye næringsaktører i kommunen
- Utarbeida ein felles næringsstrategi for Jæren saman med Hå og Klepp

Politiske organ

- Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval
- Folkevaldopplæring
- Teksting av opptaka frå møta i folkevalde organ

Administrasjon

- Auka sikringsnivået på fagsystem
- Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for print
- E-signering i fleire system
- Effektivisera administrativ fakturaflyt ved overgang til skyteneste
- Opprydding i kommunen sitt digitale hovudarkiv Websak
- Universell tilrettelegging av kommunen si nettsida
- Styrke økonomioppfølginga av skulane

Time kyrkjelege felle råd

- Styrka leing og drift i Frøyland-Orstad sokn

5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2022-2023
	2021	Budsjett 2022	2023	2024	2025	2026	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Politiske organ	8 149	7 568	8 978	8 493	8 818	8 254	18,6 %
Administrasjon	46 203	49 419	53 616	54 865	55 066	55 165	8,5 %
Trussamfunn	8 590	8 833	9 496	9 496	9 496	9 496	7,5 %
Næring	1 494	885	915	915	915	915	3,4 %
Diverse fellesutgifter	4 775	5 560	5 775	5 775	5 775	5 775	3,9 %
Sum netto driftsutgifter	69 211	72 265	78 780	79 544	80 070	79 605	9,0 %

5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Universell tilrettelegging nettside/teksting av opptak, 100 000 kroner
- Lisensar/bruksrett programvare for eldre system er frå 2023 styrka med 450 000 kroner
- Lisensar/bruksrett programvare nye system er frå 2023 styrka med 915 000 kroner og frå 2024 med 1 350 000 kroner
- Folkevaldopplæring i perioden 2023-2025, 270 000 kroner
- Kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023, 650 000 kroner
- Stortingsvalet i 2025, 550 000 kroner
- Styrka leing og drift i Frøyland-Orstad sokn med 210 000 kroner i 2023 og aukande til 260 000 kroner frå 2024
- Styrka økonomioppfølginga av skulane med eit årsverk med halvårsverknad for 2023

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Redusert print i heile organisasjonen, 200 000-300 000 kroner.
- Avslutta medlemskapet i Nettverk for kommunale vannkrafteiere, 30 000 kroner.

5.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2022	Nye	Redusert	31.12.2023
Administrasjon	46,1	1,0		47,1
Diverse fellesutgifter	6,1			6,1
Årsverk i alt	52,2	1,0	0,0	53,2

6 Kommunen som arbeidsgjevar

6.1 Status og utfordringar

Som arbeidsgjevar merker Time kommune at arbeidsmarknaden er vorte strammare. Arbeidsløysa er låg og det er generelt stor etterspurnad etter kvalifisert arbeidskraft i dei fleste bransjar. Alle tenesteområda merker dette ved at det er færre, eller ingen søkarar til ledige stillingar. I den samanhengen har lønn vorte eit viktigare konkurranseelement. Spesielt i stillingar i konkurranse med privat næringsliv er presset på lønn ved nyrekruttering større enn tidlegare. Det er utfordrande å tiltrekka og behalda rett kompetanse i konkurranse med privat næringsliv. Kommunane kan enklare styra lønn der hovudtariffavtalen regulerer lønn og ansiennitet. Søkarane er likevel meir bevisste sin eigen marknadsverdi og at konkurransen mellom kommunane er stor. Enkelte søkarar set fram krav om høgare lønn enn det tariffavtalen tilseier. Kommunedirektøren ser at problemstillinga kan verta utfordrande framover.

Då konkurransen om arbeidskrafta vert hardare, vil vår evne til å behalda tilsette vera viktig. Kompetente leiarar som satsar på for eksempel fagutvikling og arbeidsmiljø vil vera sentralt. Arbeidet med å halda sjukefråværet lågt, bevisst forhold til ulike permisjonar og retten til redusert stilling vert også viktig for å sikra at flest mogleg av dei tilsette er på jobb.

Arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi er starta. Kommunane står framfor gjennomgripande endringar i arbeids- og samfunnslivet. For å møte endringane treng Time ein nyskapande arbeidsgjevarstrategi.

Under koronapandemien fekk organisasjonen prøvd ut heimekontor og Office 365 som nye arbeidsverktøy. Det er ei forventning i samfunnet generelt, og i Time, at arbeidsgjevar har ei ordning for heimekontor. Kommunedirektøren har innført heimekontorløyving for tilsette dette passar for. I all hovudsak er det kortvarig og sporadisk heimekontor som er aktuelt.

Strategisk organisasjonsutvikling

Det vert viktig for Time kommune å halda fram med å utvikla tenestetilbodet, gjennom samarbeid og samskaping. Stab er ein naturleg prosessdrivar i dette arbeidet og skal utforma rutinar og retningslinjer som kan møte tenesteområda sine behov. Gjennom å ferdigstilla ein HR-strategi, vil det verta synleggjort kva oppgåver og prosessar, og korleis, stab kan støtta leiarar.

Kompetanse

Time kommune har kjøpt kompetansesystem levert av Educatia. Implementering av systemet er i gang på systemnivå. Det er lagt ein detaljert plan over opplæring med superbrukarar, som skal kunna gi støtte ute i tenesteområda. Kompetansesystemet skal gjera det oversiktleg for leiarar å planlegga kompetansehevingstiltak ut i frå endringar i lovkrav og andre behov. Ved å ivareta og heva kompetansenivået vil kommunen vera ein attraktiv arbeidsplass.

I 2022 og 2023 vil Time kommune gjennomføra eit leiarprogram for alle leiarar med personalansvar. Bjørnson-psykologane har fått i oppdrag å gjennomføra programmet. Leiarprogrammet består av fysiske samlingar, arbeid i læringsgrupper og digital

læringsmodul. Programmet har same innhald for alle leiarar, og læringsgruppene vert sette saman på tvers av leiarnivåa.

Målet med leiarprogrammet er mellom anna å få ei felles tilnærming til leing på tvers av leiarroller og tenesteområde, auka forståing for god leing og forventing til leiarrolla i Time kommune. Programmet vil gi leiar auka innsikt i eigne åtferdsmønster, auka innsikt i mellommenneskeleg samspel og skapa resultat gjennom motiverte medarbeidarar.

Heiltidskultur

Time kommune har vedtatt ein heiltidsstrategi som inkluderer heile kommunen.

Demografiutviklinga i Norge framover gjer at heiltid er ei av dei viktigaste satsingsfeltene for å kunna levera gode tenester i framtida. I helse- og velferdssektoren vil det på lengre sikt ikkje vera nok folk til å dekkja behovet for arbeidskraft. Derfor må kommunen nytta arbeidskraftreservar som ligg i deltidsstillingane. Fleire tilsette må jobba i større stillingar. Strategien skal bidra til å løysa utfordringa.

HMS og kvalitet

HMS-arbeidet er ein integrert del av det daglege arbeidet. Leiarar og tilsette er opptekne av å sørge for eit forsvarleg arbeidsmiljø. Grunnleggjande arbeid som oppfølging av medarbeidarkartlegging, kvalitetsteam, vernerundar, medarbeidarsamtalar og HMS-planar er viktige HMS-aktivitetar. Det vert arrangert grunnleggjande HMS-kurs for verneombod, leiarar og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet (AMU) kvart år. Time kommune sitt HMS- og kvalitetssystem vil verta oppdatert i 2023 og vert eit meir brukarvenleg verktøy for leiarane.

IA-handlingsplan og sjukefråvær

Arbeidet med inkluderande arbeidsliv (IA) er nært knytt til kommunen sitt HMS-arbeid. Time kommune sin IA-handlingsplan er forankra i nasjonal intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv. Kommunen har ein samla ambisjon om å redusera og halda sjukefråvær til eit nivå under 6,6 %.

Gode rutinar for oppfølging av sjukefråvær vert vidareført, og det er innført IA kurs som styrkar leiarane i arbeidet med dette.

Rekruttering

Å tiltrekka og rekruttera nye medarbeidarar er viktig for å imøtekoma konkurransen om ressursane i framtida. Rekrutteringsprosessen vil ofte vera første møte med potensielle arbeidstakarar og det er viktig at kommunen er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar.

Det er eit mål å verta betre i rekrutteringsprosessar. Time kommune vil gjennomføra interne kurs for leiarar, sertifisering av HR-rådgivarar og vedta nytt tilsettingsreglementet som ledd i å profesjonalisera tilsettingsprosessen.

Lærlingar

I 2022 var det 77 søkarar til ledige lære plassar i Time kommune og 20 av desse fekk tilbod om lære plass. Kommunen har 38 ordinære lære plassar og har i tillegg tatt inn 2 gjennom VG3 i praksis. Dei er fordelte på desse fagområda:

- Oppvekst: 12 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

- Omsorg: 24 lærlingar i helsefagarbeidarfaget. I tillegg er 2 deltakarar med i Menn i helse-prosjektet med mål om læreplass i 2023.
- Byggdriftar: 1 lærling
- Institusjonskokk: 1 lærling
- IKT-faget: 2 lærlingar

Kommunen vil halda fram med «Lærlingskulen» som er eit viktig tiltak for å sikra god opplæring. Det same gjeld «Bli kjent dagen» som bidreg positivt til kompetansenivået og tryggleiken for lærlingane. Nytt for Time kommune er inntak av to VG3-elevar for å imøtekoma praksisbehov. Ordninga vil gi eit komprimert løp mot fagbrev.

Likestilling og likebehandling

I Time kommune skal alle ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og seksuell orientering. Nokre av arbeidsplassane i kommunen har stor overvekt av det eine kjønnet. Det er derfor eit mål å bidra til å jamne ut dette, særleg retta inn mot rekruttering av menn i omsorgstenester, barnehage og skule. I 2023 skal Time kommune sin plan for likestilling og likebehandling evaluerast. Evalueringa må sjåast i samanheng med ny arbeidsgjevarstrategi.

Informasjonssikkerheit og personvern

Kommunen bestilte dataangrep mot seg sjølv i mai 2022. Angrepet vart gjennomført av ein profesjonell ekstern aktør. Angrepet avslørte at kommunen har sikre system og brannmurar. Aktøren kom seg inn i systemet gjennom sosial manipulering. Analysen viser at det var for mange tilsette med svake passord. Det vil framleis vera viktig å satsa på kompetanseheving av tilsette for å auka sikkerheita innafor informasjonssikkerheit og personvern.

Sikkerheitsinstruksa for tilsette skal utarbeidast og implementerast i 2023. Arbeidet med å utarbeida behandlingsprotokollar er kome godt i gang. Det arbeidet vil fortsetta neste år. Det er også ei satsing på å få tilsette til å føra avvik på informasjonssikkerheit og personvern. Målet er å læra av feil og sjå kva for utfordringar kommunen skal prioritera.

Time kommune flyttar datasystem ut i skyløysingar. Det er eit tiltak for å auka sikkerheita, og unngå sårbarheita med å ha systema på egne servere. Kommunedirektøren si leiargruppe skal gjennomføra eit opplæringsprogram «Digital transformasjon» gjennom DigiRogaland. Målet er å auka kompetansen på digital forståing.

6.2 Mål for langtidsperioden

- Vedta ein ny arbeidsgjevarstrategi som gir Time kommune retning og rammer for å løysa endringane og utfordringane kommunen vil møte
- Sjukefråvær lågare enn 6,6 %
- Time kommune skal utvikla ein heiltidskultur
- Time kommune skal ha eit godt arbeidsmiljø som gir god helse, engasjement og gode arbeidsresultat
- 2 lærlingar med læreplass i kommunen per 1000 innbyggjar
- Dekka framtidig kompetansebehov gjennom kompetanseplanar og profesjonell rekruttering

6.3 Tiltak i 2023

- Implementera nytt kompetansesystem
- Oppretta heiltidsutval
- Utarbeida HR-prosessar og tenestekatalog
- Gjennomføra leiarutviklingsprogram
- Ferdigstillar arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi
- Evaluera plan for likestilling og likebehandling

7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2023

Når kommunedirektøren har prioritert prosjekta i perioden 2023-2026, har han tatt omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2022 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Rammevilkåra er vesentleg endra sidan førre investeringsbudsjett vart lagt fram.

Byggekostnadane har auka mykje og i tillegg har rentene auka frå budsjett 2022 på 1,25 % til dette budsjettet på 4 %. Rentene kan også fortsetta å stiga.

Nye rammevilkår gjer at kommunen må setta bremsene på når det gjeld investeringar. Det er i investeringsbudsjettet det er størst moglegheit for både prioriteringar og omprioriteringar. Investeringsbudsjettet får konsekvensar for drifta i både auka driftsutgifter og ikkje minst auka renter og avdrag.

Kommunedirektøren har sett på kva investeringar som kan stoppast utan å få for store konsekvensar og kva investeringar som har kome for langt til å stoppast. I sistnemnde kategori er Bryne storhall. Sjølv med hard prioritering er likevel brutto investeringsutgifter i perioden på 1047,6 millionar kroner. Netto som skal finansierast er på 879,6 millionar kroner. Då har kommunedirektøren føresett at investeringstilskotet til omsorgsbustadar vert vidareført.

Det som har fått plass i budsjettet er investeringar i VA-sektoren på om lag 286 millionar kroner. Mange av VA-investeringar er alt igangsette og andre må gjennomførast på grunn av andre byggeprosjekt i området. Det er også prioritert bygging av ulike typar omsorgsbustadar både for unge og eldre og Bryne storhall vil ved utgangen av året vera under bygging.

Med auka etterspørsel etter sjukeheimplassar ser kommunedirektøren at det snart må koma ein ny sjukeheim. Denne er det likevel ikkje plass til i dette budsjettet og den vert også mykje dyrare om det ikkje vert gitt tilskot. Ny symjehall er utsett, og det vert ikkje igangsett bygging før i 2026. Dei største kostnadane med oppgradering av Hognestad skule kjem først i 2025 og 2026.

7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

Utgifter i millionar kroner	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Investeringsutgifter	178,2	261,8	307,1	212,9	238,6	277,6
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4,1	2,6	2,8	2,8	2,9	2,9
Utlån av egne midlar	11,6					
Avdrag på lån						
Netto finansieringsbehov	193,9	264,4	309,9	215,7	241,5	280,5
Momskompensasjon	22,3	30,3	46,3	27,8	33,3	55,4
Tilskot frå andre	51,9	28,5	5,6	51,6	8,2	67,0
Sal	8,1	7,5	7,5	15,3	0,0	12,8
Motatte avdrag på utlån av egne midlar	14,7	5,8	5,8	5,8	5,8	5,8
Bruk av lån	71,2	166,9	216,7	90,8	151,1	107,1
Sum investeringsinntekter	168,2	239,0	281,9	191,3	198,4	248,1
Vidareutlån	45,8	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Bruk av lån til vidareutlån	45,8	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Avdrag på lån til vidareutlån	10,5	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Motatte avdrag på vidareutlån	18,3	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Netto vidareutlån	-7,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Overføring frå drift	19,2	25,4	28,0	23,9	23,1	30,1
Netto avs. eller bruk av bundne investeringsfond	-3,5			0,5		0,1
Netto avs. eller bruk av ubundne investeringsfond	2,2				20,0	2,2
Dekning av tidlegare års udekkja beløp	0,0					
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	17,9	25,4	28,0	24,4	43,1	32,4

Samla framlegg til investeringar i perioden 2023-2026 er på 1047,6 millionar kroner som er ein auke på 170,1 millionar kroner frå førre forslag frå kommunedirektøren. Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon på 162,8 millionar kroner og andre investeringsinntekter på til saman 168 millionar kroner. Kommunen eigenfinansierer også delar av investeringane med driftsmidlar på 105,1 millionar kroner og avdraginnbetaling på utlån til Lyse på 23,2 millionar kroner. Kommunedirektøren har i økonomiplanen lagt inn 22,2 millionar kroner i bruk av disposisjonsfond til finansiering av kommunen sitt tilskot til fylkesveggar.

Ny symjehall er nå lagt i 2026 og 2027 og i full drift frå 2028.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen, må 565,7 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tek me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

I planperioden er brutto investeringar til skular og barnehagar 105,5 millionar kroner, til helse og velferd 312,7 millionar kroner, til idrett- og friluftsførmål 180,6 millionar kroner og til veg og parkanlegg 79,5 millionar kroner.

Det er i perioden sett av netto 286 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansierte med gebyrinntekter over driftsrekneskapen.

Kommunedirektøren har valt å prioritera følgande større investeringsprosjekt:

- To foreldreinitiativ (omsorgsbustadar)
- Utviding av Kvernaland omsorgssenter
- Hognestad skule
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Sanering av gamle VA-anlegg

- Gjera Storgata til gågate og oppgradera gata i 2025
- Bygging av Bryne storhall

I tabellane som følger vert investeringsprosjekta presenterte. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra bygge- og anleggsprosjekta og dei fleste andre investeringane.

7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
1101 IKT Investeringar - felles	14 000		3 500	3 500	3 500	3 500	
1108 Høgare arealutnytting Rådhus A-bygg - forprosjekt	300		300				
1111 Rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje	23 000	5 500	17 500				
1214 Revisjon elektriske anlegg	5 400	4 200	300	300	300	300	
1215 Enøk-tiltak	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
1221 Tilfluktsromma - rehabilitering/oppgradering - offentleg	1 000			500		500	
1221 Tilfluktsromma - offentleg	-615			-500		-115	
1222 UU-tiltak bygg	600		150	150	150	150	
1223 Grønn energiproduksjon	4 000		4 000				
1905 Eigenkapital i KLP	11 300		2 750	2 800	2 850	2 900	
2236 Nedgravde containere - renovasjon komm. Bygg	1 000		500	500			
2246 Brannsikring bygg	6 000	4 000	500	500	500	500	
5924 Kartbasar - fly	1 000		500	500			
Administrasjon og fellesprosjekt	76 985	13 700	32 500	10 750	9 800	10 235	0

1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettert med i alt 14 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga. Kontinuerleg oppgradering av programvare, oppgradering av hardware, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Utbygging av trådløst nettverk i institusjonar og omsorgsbustadar for å kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, vert ei prioritert satsing i perioden når skulane nå er «trådløse». Nye investeringar innan velferdsteknologi og digitalisering er heilt nødvendig for å kunna levera gode tenester til innbyggjarane våre. Dette er RPA tenester (robotisering), oppgradering til O365, sjølvbeteningsløysingar og opne data-prosjekt.

1111 Rådhuset C-bygg, 3. og 4. etasje

Det er sett av 23 millionar kroner til oppgradering av 3. og 4. etasje i rådhuset, C-bygget.

1214 Revisjon av elektriske anlegg

I perioden er det sett av 1,2 millionar kroner til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen.

1215 ENØK-tiltak

Det er sett av 10 millionar kroner i perioden til ENØK-tiltak i heile den kommunale bygningsmassen.

1221 Tilfluktsromma – oppgradering

Prosjektet gjeld oppgradering av alle tilfluktsromma (6-7 stk.). Det er sett av 500 000 kroner anna kvart år frå og med 2022.

1222 UU-tiltak bygg

Det er sett av 150 000 kroner kvart år i perioden for nødvendige tilpassingstiltak for universell utforming i den samla bygningsmassen.

1223 Grøn energiproduksjon

Det er sett av 4 millionar kroner i 2023 til utgreiing og installasjon av grøn energiproduksjon i kommunale bygg.

1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

2236 Nedgravne konteinarar

Nedgravne renovasjonsanlegg for at områda rundt kommunale bygg skal framstå meir ryddige og for å redusera brannfare.

2246 Brannsikring bygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i ulike kommunale bygg.

5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekstsamarbeidet i Rogaland.

Kulturbygg og kulturanlegg

Kulturbygg og kulturanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
4309 Mindre ombyggingar kulturbygg	2 450		950	500	500	500	
4315 1900-huset	1 000		1 000				
4454 Storstova - lyd og lys utstyr	9 713	7 713	500	500	500	500	
4464 Storstova - stolar	1 500			750	750		
4465 Storstova - oppgradering	8 850	7 850	1 000				
4466 Storstova fasade + tak	6 000				3 000	3 000	
4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg	4 550	2 950	500	500	600		
4481 Skulpturpark lys, skilt etc	800				800		
4516 Oppgradering av kyrkjene	1 700			600	550	550	
Kulturbygg og kulturanlegg	36 563	18 513	3 950	2 850	6 700	4 550	0

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

I perioden er det sett av i alt 2,4 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgradering av kulturbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

4315 1900-huset

Det sett av i alt 1 million kroner til utvendig rehabilitering i 2023.

4454, 4464, 4465 og 4466 Storstova

Det er sett av 10,5 millionar kroner til utskifting av teknisk utstyr, utskifting av stolar, rehabilitering av inngangspartiet og foajeen samt rehabilitering av tak og fasadar. Sistnemnde primært for å redusera varmetap.

4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg

Til utsmykking av ferdigstilte kommunale bygg og anlegg i perioden er det i tråd med retningslinjene sett av i alt 1,6 millionar kroner i perioden.

4481 Skulpturpark lys, skilt etc.

Det er sett av 0,8 millionar kroner til lyssetting av skulpturane og ny skilting i Fritz Røed skulpturpark. Parken er i dag fint belyst langs gangstiane, men skulpturane manglar lyssetting

og vert liggande i mørke på kveldstid. Dessutan manglar parken nye og oppdaterte informasjonsskilt.

4516 Oppgradering av kyrkjene

Det er sett av 1,7 millionar kroner i 2024-2026 til uspesifisert utbetring av kyrkjene i Time. Investeringane vert prioritert av kyrkjeleg fellelsråd.

Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
3801 Symjehall	230 000	8 000				12 000	210 000
3801 Symjehall - tilskot	-36 000						-36 000
3805 Ny idrettshall Bryne	180 000	43 000	115 000	22 000			
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot	-21 100			-7 000	-7 000	-7 100	
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot Bryne håndball	0		0				
3807 Fotballbane Rossaland - uteområde	11 000	500	2 000	8 500			
3807 Fotballbane Rossaland - spelemidlar	-2 000			-2 000			
3807 Fotballbane Rossaland - Rossaland ballklubb	-2 000			-2 000			
3808 Timehallen - oppgradering	1 000	500	500				
5903 Leikeplassar/ballingar	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballingar - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5915 Nærmiljøanlegg	1 600		400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - tilskot	-800		-200	-200	-200	-200	
5933 Robust toalett Sandtangen (netto)	1 000		1 000				
Sum idrett og friluftsliv	378 700	52 000	122 700	23 700	-2 800	9 100	174 000

3801 Symjehall

Det er avsett 230 millionar kroner i bruttoutgifter til realisering av ny symjehall på Bryne i 2026/2027. Det er venta spelemidlar på 36 millionar kroner. Regulering av aktuell tomt er starta i 2022.

3805 Ny idrettshall, Bryne

Bryne storhall skal byggast aust for Timehallen og stå klar til bruk årskiftet 2023/2024. Det er sett av 180 millionar kroner brutto til prosjektet i perioden 2020–2023. Venta spelemidlar til prosjektet er 21,1 millionar kroner. Tomt er klargjort, og det er forventa byggestart ved årskiftet 2022/2023.

3807 Fotballbane Rossaland

Det er sett av 11 millionar kroner til ny kunstgrasbane med lys og uteområde for Rosseland skule. Refusjon frå Rosseland ballklubb og spelemidlar er på 4 millionar kroner. Bygging av banen må sjåast i samanheng med bygging av Bryne storhall då ein er avhengig av området der det er planlagt kunstgrasbane til depo for masser i anleggsperioden. Alternativt må ein frakta masser ut og tilbake igjen. Det er ikkje ønskeleg gjennom eit skuleområde og Bryne sentrum, og vil fordyra prosjektet ytterlegare. Kunstgrasbanen vert bygd så raskt som praktisk mogleg.

3808 Timehallen - oppgradering, Bryne

Det er sett av 0,5 millionar kroner til el-arbeid og vurdering av fasade. Oppgradering av fasade må samkøyrast med bygging av Bryne storhall og vert innarbeidd i økonomiplanen for 2024-2027.

5903 Leikeplassar/ballingar

I planperioden er det sett av i alt 10 millionar kroner i nettoutgifter til utbetring av leikeplassar og ballbingar. Tilskot gjeld refusjon av spelemidlar for dei ulike tiltaka. Utval for lokal utvikling prioriterer årleg aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

5904 Friluftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner til friluftstiltak. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	År
Ti Turar i Time	Heile kommunen	50		2023
Treningsapparat	Bryne	450		2023
Vedlikehald av turløyper, skilting, parkering	Heile kommunen	250		2023
Park Reemarka		200		2023
Sykkeldagen		50		2023
Tilrettelegging dagsturhytta	Lyefjell	500		2023
Ikkje-prioritert, neste økonomiplan	Heile kommunen	4 500		2024-2027

5915 Nærmiljøanlegg

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner i bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jamfør kapittel 7.4, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som vert planlagde og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

5933 Robust toalett Sandtangen

Det er sett av netto 1 million kroner i 2023 til bygging av eit vandalsikkert ordinært toalett i Sandtangen. Totalkostnad er 1,8 millionar kroner. Av dette vert 200 000 kroner finansierte med midlar frå Rogaland fylkeskommune og om lag 600 000 kroner vert finansierte av spelemidlar.

Oppvekst

Oppvekst	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
2255 Hognestad skule - oppgradering	61 000		500	500	20 000	40 000	
2257 Bryne skule	2 000		1 000	1 000			
2258 Lye skule	3 000		1 000	1 000	1 000		
2259 Lye ungdomsskule	3 000			1 000	1 000	1 000	
2260 Bryne ungdomsskule	1 500		500	500	500		
2261 Bryne kompetansesenter	1 000		400	300	300		
2262 ATO-avdeling	19 000		500	9 500	9 000		
2322 Austbø barnehage - påbygg administrasjon	11 200	2 200	9 000				
Sum oppvekst	107 700	2 200	14 400	15 300	33 300	42 500	0

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjetterte til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er ombyggingar og større rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

2255 Hognestad skule

Det er sett av 61 millionar kroner i perioden til rehabilitering og nybygg. På grunn av marknadsforholda er budsjettet auka med 10 millionar kroner.

2257 Bryne skule

Det er sett av 2 millionar kroner i perioden til kjøkken og vindauge.

2258 Lye skule

Det er sett av 3 millionar kroner i perioden til innvendig rehabilitering av auditorium, himlingar, vindauge og dører.

2259 Lye ungdomsskule

Det er sett av 3 millionar kroner i perioden til utvendig rehabilitering, kjøkken og auditorium.

2260 Bryne ungdomsskule

I perioden er det sett av i alt 1,5 millionar kroner til lys innvendig, gulv og inngangsparti.

2261 Bryne kompetansesenter

Det er sett av 1 million kroner til rehabilitering av inngangsparti, vindauge og sikringssskap.

2262 ATO-avdeling

Det er sett av 19 millionar kroner i perioden til ny ATO-avdeling.

2322 Austbø barnehage – påbygg administrasjon

Det er i 2023 lagt inn 9 millionar kroner til ombygging av Austbø barnehage. Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette og ombygging av inngangsparti for småbarnsavdeling. Førre anbodskonkurranse vart avlyst grunna at pristilboda var over kostnadsoverslag i godkjent forprosjekt. Det vart hausten 2021 vedtatt at prosjektet vert utlyst på nytt anbod innan eitt år, eller når marknadssituasjonen normaliserer seg, jamfør FSK-072/21.

Helse og velferd

Generelt sett så følger kommunedirektøren opp godkjend «Bustadplan 2020–2040» innan helse- og velferdstenestene.

Helse og velferd	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
3101 Velferdsteknologi	4 800		1 200	1 200	1 200	1 200	
3202 Mindre ombyggingar - Helse og velferd	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter 16 stk	91 000		500	500	45 000	45 000	
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter - tilskot	-24 640					-24 640	
3206 Legesenter	7 000				3 000	4 000	
3207 Kvernaland omsorgssenter - takskifte	5 000				5 000		
3213 Kommunale bustadar kjøp 3 stk	18 000		6 000	4 000	4 000	4 000	
3214 Kolheia omsorgsbustadar - utviding 3 stk	21 000	1 000	10 000	10 000			
3214 Kolheia omsorgsbustadar - tilskot	-4 650			-4 650			
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, foreldreinitiativ	55 000	500	12 500	42 000			
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, refusjonar	-15 500			-15 500			
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, sal	-15 300			-15 300			
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, Kvernaland	51 000		1 000		25 000	25 000	
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, refusjon	-13 950					-13 950	
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, sal	-12 750					-12 750	
3220 Hjelpemiddel, senger og møbler	3 250		1 000	750	750	750	
3232 Oppgradering kommunale utleigebustadar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3267 Sivadambassenget flisearbeid	10 000					10 000	
3269 Robuste bustader, Re	15 100	5 600	2 750	2 750		4 000	
3269 Robuste bustader, Re - tilskot	-1 500			-900		-600	
3270 Røyrvika - utvida personaleining	500	0	500				
3270 Røyrvika - utvida personaleining - refusjon	-200	0	-200				
3271 Ombygging av Vestbygget	6 700	2 300	4 400				
3271 Ombygging av Vestbygget refusjon	-2 750	-500	-2 250				
3276 Ny sjukeheim	201 000			1 000			200 000
3276 Refusjon ny sjukeheim	-74 000						-74 000
3280 Håbakken - ombygging	2 500			500		2 000	
3280 Håbakken - ombygging	-900					-900	
3281 Bilpark - Helse og velferd	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3283 Sivadameimen - sprinkleranlegg	4 200		1 800	2 400			
3284 Bustader for unge med adferdsvansker/dårleg buevne	10 000					10 000	
3284 Bustader for unge med adferdsvansker/dårleg buevne	-4 650					-4 650	
Sum Helse og velferd	351 260	8 900	43 200	32 750	87 950	52 460	126 000

3101 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Helse og velferd i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

3202 Mindre ombyggingar – Helse og velferd

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgraderingar av helse-, sosial- og omsorgsbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

3205/3206 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter og legesenter

Det vert planlagt utviding av Kvernaland omsorgssenter, og det vert nå signalisert brutto byggekostnadar på 103 millionar kroner inkludert legesenter og skifte av lekter på eksisterande omsorgssenter. Venta investeringstilskot frå Husbanken er sett til 24,6 millionar kroner.

3213 Kommunale bustadar – kjøp

Det er sett av 18 millionar kroner i planperioden til kjøp av kommunale utleigebustadar.

3214 Kolheia omsorgsbustadar - utviding

Det er sett av 21 millionar kroner til nye omsorgsbustadar og påkravd større personalbase i Kolheia. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettert med 4,7 millionar kroner. Prosjektet er utsett grunna krav til regulering.

3215 Omsorgsbustadar Svertingstad, foreldreinitiativ

Det vert planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar med funksjonshemmingar via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag. Planen er å bygga 6 bustadar som foreldreinitiativ og 4 kommunale omsorgsbustadar med felles personalbase. Det er sett av 54,5 millionar kroner i perioden, inntekter frå refusjon og sal er kalkulert til 30,8 millionar kroner.

3217 Foreldreinitiativ og avlastning, Kverneland

Det vert planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar med funksjonshemmingar via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag. Planen er å bygga kombinert tilbod for foreldreinitiativ og barne- og avlastingsbustadar med felles personalbase. Kommunen er i dialog med Husbanken om moglege løysingar. Det er sett av 51 millionar kroner i perioden, inntekter frå refusjon og sal er kalkulert til 26,7 millionar kroner. Det er starta reguleringsarbeid.

3220 Hjelpemiddel, senger og møblar

Det er sett av 1 million kroner i 2023 og 750 000 kroner dei resterande åra til nødvendig kjøp av hjelpemiddel, senger og møblar i omsorgsinstitusjonane.

3232 Oppgradering kommunale utleigebustadar

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsutfordringane kommunen har i dei kommunale utleigebustadane. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette arbeidet.

3267 Sivadambassenget - flisearbeid

Prosjektet gjeld større utskifting av fliser i varmtvassbassenget i Sivdamsenteret grunna hygieniske forhold.

3269 Robuste bustadar, Re

Det er budsjettert med 15,1 millionar kroner til oppføring av tre bustadar i økonomiplanperioden, og ytterlegare to etter 2025. 5 millionar kroner gjeld kjøp av tomt.

3270 Røyrvika – utvida personaleining

Det er sett av netto 300 000 kroner til utviding av personaleininga i Røyrvika i 2023.

3271 Ombygging av Vestbygget

Vestbygget ved Bryneheimen vert bygd om til omsorgsbustadar for eldre personar med psykiske vanskar og/eller rusutfordringar i 2022/23. Det er sett av netto 4 millionar kroner til prosjektet.

3276 Ny sjukeheim - utgreiingsarbeid

Det er sett av 1 million kroner i 2024 til utgreiingsarbeid for ny sjukeheim.

3280 Håbakken - ombygging

I perioden er det sett av netto 1,6 millionar kroner. Framtidig bruk vert vurdert under revidering av bustadplanen.

3281 Bilpark Helse og velferd

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til utskifting av bilpark. Kommunen har valt kjøp framfor leasing.

3283 Sivdamheimen – sprinkleranlegg

Det er sett av 4,2 millionar kroner til sprinkling av Sivdamheimen i 2023 og 2024.

Veg og parkanlegg

Veg og parkanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
5600 Bilar/maskinar	8 000		2 000	2 000	2 000	2 000	
5610 Trafikksikring	3 200		800	800	800	800	
5610 Trafikksikring - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5643 Utskifting til ledarmatur gatelys	13 500	6 000	6 000	500	500	500	
5650 Parkeringsautomatar	200		200				
5664 Asfaltering kommunale vegar	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
5665 Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	22 000	2 000			5 000	15 000	
5666 Kringsjø - oppgradering av vegar	2 000		2 000				
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506	4 400	200				4 200	
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506 tilskot	-2 000					-2 000	
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506, bruk av disposisjonsfond	-2 200					-2 200	
5671 Ramshaugvegen, Re - oppgradering veg	2 300	2 300					
5672 Brusikring	1 600		400	400	400	400	
5674 Vassdragtiltak i Hå- og Orrevassdrag	3 300	1 500	600	600	600		
5678 Gangsti Undheim-Taksdal	2 200	2 200					
5679 Gangsti Risa undheim	2 500	2 500					
5680 Omkjøringsveg Kvernaland	20 000				20 000		
5680 Omkjøringsveg Kvernaland, bruk av disposisjonsfond	-20 000				-20 000		
5681 Ladestasjon for kommunale bilar	1 000		500	500			
Sum Vegar og parkanlegg	70 000	16 700	14 500	6 800	11 300	20 700	0

5600 Bilar/maskinar

Det er sett av i alt 8 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar, maskinar og utstyr. Avsette midlar skal dekkja utskiftingar innan tenesteeiningane Eigedom og Kommunalteknikk.

5610 Trafikksikring

Det er i perioden budsjettert med brutto 3,2 millionar kroner og 2 millionar kroner i tilskot frå trafikksikringsmidlar til diverse trafikksikringstiltak, jamfør handlingsdelen av Trafikksikkerheitsplanen 2016-2025.

5643 Utskifting til ledarmatur gatelys

Prosjektet gjeld utskifting av gamle lysmaster og skifte til ledlys langs kommunale vegar og gater. Det er sett av 7,5 millionar kroner til fullføring av prosjektet. Prosjektet er eit energieffektiviserande tiltak.

5650 Parkeringsautomatar

Det er sett av 200 000 kroner i 2023 til ombygging frå 2G-teknologi som skal fasast ut, til 4G.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Det er føreslått å setta av i alt 10 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnadar for Storgata som gågate på 20 millionar kroner i 2025-26. Bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane vil avklarast i det vidare forprosjektarbeidet.

5666 Kringsjø – oppgradering av vegar

Det er sett av 2 millionar kroner i 2023 til oppgradering av vegar på Kringsjø etter at større VA-tiltak er utført i området.

5668 Krysset Åsenvegen/FV 506

Rogaland fylkeskommune vil oppgradera krysset Åsenvegen/FV 506 og Åsenvegen med anleggsstart i 2022. Etter avtale med fylkeskommunen vil kommunalt tilskot vera 4,2 millionar kroner. Det er gitt tilsegn om 2 millionar kroner i trafikksikringsmidlar til prosjektet.

5671 Ramshaugvegen, Re – oppgradering veg

Det er sett av 2,3 millionar kroner i 2023 til oppgradering av Ramshaugvegen på Re.

5672 Brusikring

Prosjektet gjeld sikringsarbeid av kommunale bruer etter gjennomført brukkontroll. Det er sett av 400 000 kroner kvart år i perioden.

5674 Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdrag

Det er sett av 1,8 millionar kroner i 2023-2025 til felles vassdragstiltak saman med Hå, Klepp og aktuelle grunneigarar langs Hå- og Orrevassdraga.

5680 Omkøyringsveg Kvernaland

Det er sett av 20 millionar kroner i 2025. Prosjektet er planlagt som eit spleiselag mellom utbyggjarane, Rogaland fylkeskommune og Klepp og Time kommunar.

5681 Ladestasjonar for kommunale bilar

I forbindelse med overgang til elbilar er det behov for fleire kommunale ladestasjonar.

Vatn, avløp og renovasjon

Vann, avløp og renovasjon	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
5500 VA strakstiltak + vassmålalarar offentleg nett	32 000		8 000	8 000	8 000	8 000	
5550 OV separering av felleskummar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
5556 Overvasstiltak Rosseland - kapasitet Kong Haakons veg	47 800	37 800	10 000				
5558 VA Skjæret	30 000		5 000	25 000			
5558 VA Skjæret refusjon	-9 000			-9 000			
5558 VA Skjæret tilskot	7 100	7 100					
5562 Sanering VA- og OV-ledningar - Eikeberget, Varden, Ørnahaugen	14 800	8 000	6 800				
5563 Sanering VA- og OV-ledningar - Kolheibrotet og Austbøvegen	31 000	6 000	25 000				
5564 Sanering VA- og OV-ledningar - Foren, Bryne	4 000			4 000			
5565 Rehabilitering av hovedvassleidning Arne Garborgs veg	57 000						57 000
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen	23 700	700		3 500	10 000	9 500	
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen -refusjon	-10 000			-5 000		-5 000	
5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne	38 750	3 000				18 750	17 000
5571 Vestly høgdebasseng - utfasing	10 250	250					10 000
5572 Sanering Hognestadvegen, Orrevegen til Kolheia	5 000			5 000			
5573 Sanering VA- og OV-leidningar, O.G. Kvernlandsvog	19 800						19 800
5575 VA-tiltak, Remarka, Bryne	31 000	27 000	4 000				
5575 VA-tiltak, Remarka, Bryne - refusjon	-23 600	-23 600					
5576 VA-tiltak, Stemmen, Håland - anleggsbidragsmodellen	10 000	6 000	4 000				
5577 Sanering VA- og OV-leidningar Trallfavegen/Myrbrotet	19 200	14 500	4 700				
5577 Sanering VA- og OV-leidningar Trallfavegen/Myrbrotet - refusjon	-7 800	-3 800		-4 000			
5579 VA-sanering Biskop Hognestads gate	7 500				7 500		
5580 VA-sanering Rektor Sælands veg	4 800				4 800		
5581 VA-sanering Austbøfeltet	6 000						6 000
5582 VA-sanering Tytebærholen (eternitt)	5 000			5 000			
5583 VA-sanering Eivindsholvegen	10 000						10 000
5584 Driftsbasis eiendom VVA	20 000	500		5 000	14 500		
5585 Renovasjonsløyning Rektor Sælands veg	1 000		1 000				
5585 Renovasjonsløyning Rektor Sælands veg - refusjon	-800		-400	-400			
5587 Vassleidning Stemmen-Hognestad - ny trafo	3 500		3 500				
5587 Vassleidning Stemmen - ny trafo refusjon Lyse	-1 500		-1 500				
5588 Auka kapasitet OV under jernbanen	19 500			10 000	9 500		
5589 Jernbanen Martinsen - Stemmen Håland	21 250	0			2 000	19 250	
5589 Jernbanen Martinsen - Stemmen Håland refusjon	-7 000					-7 000	
5590 Sanering Orrevegen - jernbanebrua til Linevegen	14 300					14 300	
5591 Sanering av VA-anlegg i Gamle Åslandsveg	16 750			8 000	8 750		
5592 Sanering i Hognestadvegen Kolheia-Roald Amundsens gate	9 500				1 000		8 500
5593 Skifta vassleidning Reevegen før asfaltering	2 000		2 000				
Sum vann, avløp og renovasjon	466 800	83 450	73 100	56 100	67 050	58 800	128 300

5500 VA strakstiltak + vassmålalarar offentleg nett

Prosjektet gjeld akutte VA-tiltak, nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som plutsleg vert defekt, samt innkjøp av vassmålalarar til det offentlege vassnettet. Årleg beløp er auka for å fortløpande kunna ordna opp i lekkasjar.

5550 Overvasstiltak – Separering av felleskummar, Bryne

Det er utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av hovudplan for vatn og avløp. Foreslått løyving i perioden 2023–2026 på 4 millionar kroner skal nyttast til separering av felleskummar på Bryne.

5556 Overvasstiltak Rosseland – kapasitetsutviding Kong Haakons veg, Bryne

Det er sett av i alt 47,8 millionar kroner fram til 2023 til utviding av overvasskapasiteten i/langs Kong Haakons veg på Rosseland.

5558 VA Skjæret

Etablering av kommunale VA-leidningar frå Undheim til Schlumberger. Vert knytt saman med privat VA-anlegg, jamfør KS-044/22.

5562 Sanering VA- og OV-leidningar - Eikeberget, Varden og Ørnahaugen, Bryne

Det er sett av i alt 14,8 millionar kroner i åra 2022–2023 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført separering av alle bygningar. Anleggsstart var sommaren 2022.

5563 Sanering VA-og OV-leidningar – Kolheibrotet, Austbøvegen og Linevegen, Bryne

Det er sett av i alt 31 millionar kroner fram til 2023 til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar. For å få tilfredsstillande fallforhold på spillvatn må Linevegen, herunder kryss Orrevegen/Linevegen og framtidig OV-leidning (1400mm) frå Trallfavegen, også med i prosjektet. Anleggsstart var hausten 2022.

5564 Sanering VA- og OV-leidningar – Foren, Bryne

Det er sett av i alt 4 millionar kroner til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen, Bryne

Det er sett av 23,7 millionar kroner brutto til nødvendig utbygging og oppgradering av VA- og OV-anlegg i forbindelse med utbyggingsplanane på stadionområdet. Det er avtalt at utbyggerane skal dekkja 10 millionar kroner av prosjektet. Størstedelen av den kommunale investeringa ligg i utskifting av all gammal VA-infrastruktur i Trallfavegen. Prosjektet er usikkert grunna framdrifta i stadionutbygginga, men noko av prosjektet vert framskunda i forbindelse med ny idrettshall på Rossaland.

5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne

Det er sett av 36 millionar kroner til utskifting av vassleidningar av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

5572 Sanering i Hognestadvegen, Orrevegen til Kolheia

Det er sett av 5 millionar kroner til sanering av VA-anlegg.

5575 VA-tiltak, Remarka, Bryne

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA- og OV-leidningar i forbindelse med utbygging av eit nytt bustadfelt i Remarka. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnett for å kunna handtera større utbyggingar sør for Orrevegen om nokre år. Etter inngått utbyggingsavtale vil prosjektet verta gjennomført etter anleggsbidragsmodellen.

5576 VA-tiltak, Stemmen, Håland, etter anleggsbidragsmodellen

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA- og OV-leidningar i forbindelse med utbygging av eit nytt bustadfelt i Stemmen. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnett for å kunna handtera rehabilitering av leidningsnett i det eldre bustadfeltet i Stemmen. Det er sett av 10 millionar kroner til kommunalt anleggsbidrag.

5577 Sanering av VA- og OV-leidningar i Trallfavegen/Myrbrotet, Bryne

Prosjektet gjeld utskifting og oppgradering av VA- og OV- leidningar i forbindelse med utbygging av nåverande «Bavariatomt» på Bryne. Det er her naturleg at kommunen oppgraderer leidningsnettet for å kunna handtera større utbyggingar på den gamle «Time vgs tomta». Etter inngått utbyggingsavtale vil utbygger dekke 7,8 millionar kroner av anleggskostnadane. Arbeida vert utførte i forbindelse med ny idrettshall på Rossaland.

5579/5580/5581/5582/5583 Sanering av VA- og OV-leidningar i Rektor Sælands veg, Bishop Hognestads gate, Austbøfeltet, Tytebærholen og Eivindsholvegen, Bryne
Prosjekta gjeld utskifting og oppgradering av VA- og OV-leidningar.

5584 Driftsbasis eigeedom, VVA

I forbindelse med ny symjehall må kommunen sin base i Hetlandsgata flyttast. Det er vurdert at all bygg- og anleggsdrift kan samlast på kommunen sin eigeedom i Bedriftsvegen på Håland. Det er sett av 0,5 millionar kroner til eit forprosjekt i 2022 og 19,5 millionar kroner til bygging i 2024/2025.

5585 Renovasjonsløyising Rektor Sælands veg, Bryne

Etablering av felles renovasjonsløyising for fleire utbyggingsprosjekt i Rektor Sælands veg. Refusjon frå utbyggerar i forbindelse med utbyggingsavtalar.

5587 Ny vassleidning mot Hognestad (ny trafo) for å sikra tovegs forsyning

Vert samkøyrte med infrastruktur til ny trafo. Det er sett av netto 2 millionar kroner i 2023.

5589 Etablering av ny hovudovervassleidning frå Stemmen, Håland, mot Svertingstad

Strekninga er i dag ein flaskehals. Prosjektet består både av sanering av eksisterande anlegg og kryssing av jernbanen. Kryssing av jernbanen må skje i eit vindauge bestemt av Bane Nor og vert samkøyrte med anna utbetningsarbeid.

5590 Kryssing av jernbanen i Trallfavegen - Orrevegen

Skifting av alle VA-leidningar med same problematikk som i prosjektet over.

5591 Sanering av VA-anlegg i Gamle Åslandsveg

Det er sett av 16,8 millionar kroner til sanering i 2024-2025.

5592 Sanering i Hognestadvegen, Kolheia til Roald Amundsens gate

Det er sett av 9,5 millionar kroner til sanering av VA-anlegg.

5593 Skifte vassleidning i Reevegen før asfaltering

Det er sett av 2 millionar kroner til skifting av vassleidning før asfaltering. Resten av VA-anlegget er skifta for nokre år sidan.

Tomtesal

Utbygging	Prosjekt Budsjett	Før 2023	2023	2024	2025	2026	Etter 2026
5200 Anna tomtosal	-15 000	-7 500	-7 500				
Sum utbygging	-15 000	-7 500	-7 500				0

5200 Tomtesal

Sal av tomter på Lyefjell.

7.3 Trafikksikringsplan

5610 Trafikksikring

Trafikksikkerhetsplanen 2016-2025 legg grunnlaget for utarbeiding av handlingsplan for trafikktryggleik i økonomiplanen. Det er budsjettert med brutto 3,3 millionar kroner i perioden til diverse trafikksikringstiltak. Av desse er 1,45 millionar kroner kommunale midlar og 1,85 millionar kroner er tilskot frå fylkeskommunen. Handlingsdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen kvart år.

Handlingsplan for trafikksikring - Trafikksikringsplan 2016-2025

Handlingsplanen er oppdatert med tiltak for perioden 2023-2026.

NAMN PÅ TILTAK	TILSKOT	KOSTNAD	2023	2024	2025	2026
BREKKEVEGEN, UNGDOMSVEGEN OG MARKAVEGEN						
- Belysning		450		450		
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	225		225		
TRAFIKKSIKRINGSTILTAK						
- Fartsdempende tiltak						
- Universell utforming						
- Bomsperre		1 000	200		400	400
- Frisikt						
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	500	100		200	200
KALBERGVEGEN						
- Tilrettelegging for skuleveg		200	200			
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	100	100			
KVÅLEVEGEN						300
- Avstenging		300				
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	150				150
EIVINDSHOLVEGEN/TORKEL LENDES VEG						
- Kryssutbetring, tilrettelagt fotgjengerovergang, kantsteinføring		200	200			
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	100	100			
ROSSALAND SKULE						
- Endring av p-plass for å betre sikt		400			400	
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	200			200	
ERLANDSBAKKEN						
- Belysning		350		350		
SØKNAD TS-MIDLAR	50 %	175		175		
FJERMESTADVEGEN						
- Belysning ved undergang		400	400			
SØKNAD TS-MIDLAR	100 %	400	400			
SUM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK		3 300	1000	800	800	700
SUM SØKNAD TRFIKSIKRINGSMIDLAR (TS-MIDLAR)		1850	700	400	400	350
SUM KOMMUNALE MIDLAR		1450	300	400	400	350

7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar

For å få spelemidlar er det ein føresetnad at eit prosjekt er med i det prioriterte handlingsprogrammet. Ved søknad om tilskot frå spelemidlane er det for tida tre tilskotsordningar:

- Tilskot til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv som gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg
- Tilskot til nærmiljøanlegg
- Tilskot til kulturbygg

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 omfattar ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidlar. Tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har fått tilsegn om tilskot, vert prioriterte før nye tiltak.

Forklaring til tabellane:

Bakgrunnsfarge Anlegg som er markert med bakgrunnsfarge er ferdigstilte

* Kolonna viser samla finansiering før 2023 (kommunale tilskot, spelemidlar og private midlar/dugnad)

K Kommunalt tilskot

SM Spelemidlar

A Andre (private midlar/dugnad)

E Etter perioden 2023-2026

Raud tekst Nye anlegg i handlingsprogrammet

Kommunale anlegg

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2023	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2023			2024			2025			2026			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Turnhall	Vardheihallen	24 090	18 630		2 730				2 730							
2.	Lysløype	Sandtangen	1 800	1 200		600											
3.	Treningsfelt med kunstgras	Frøyland skule	2 842	2 242		600											
4.	Dagsturhytte	Njåfjell	1 500	1 000		500											
5.	Fleirbrukshall	Bryne	180 000	43 000	115 000				22 000								23 000
6.	Kunstgrasbane, 9'ar bane	Rossaland	6 000	2 100			2 000			1 900							
7.	Symjehall	Bryne	230 000	8 000												12 000	E

- 1) Ny turnhall i Vardheia er ein del av prosjekt 2249. Time fekk deltilsegn frå spelemidlane i år på 2,73 millionar kroner, og etter regelverket får kommunen tilsvarende tilskot i 2023 og 2024, til saman 8,19 millionar kroner i spelemidlar.
- 2) Siste rest av lysløypa i Sandtangen fekk nytt lys i 2018. Søknaden om spelemidlar på 600 000 kroner vert sendt på nytt då ein førebels ikkje har fått tilsegn. Den resterande delen av finansieringsplanen på 1,2 millionar kroner dekker kommunen sjølv.
- 3) På bakgrunn av vedtak i Time kommunestyre den 15.09.20, sak 072/20, vart det lagt kunstgrasdekke på ball-løkkka ved Frøyland skule. Dette var tidlegare ei grusløkke. Kostnadane vart berekna til om lag 2,84 millionar kroner, samla sett, og kommunen søker om 600 000 kroner i spelemidlar.
- 4) Rogaland fylkeskommune tok hausten 2020 initiativ til eit dagsturhytte-konsept, med målsetting om å få på plass ei dagsturhytte i kvar kommune i Rogaland. Konseptet er ein

modell frå tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune, sjå www.dagsturhytta.no Hytta kostar om lag 1,5 millionar kroner og forutan eigenkapital på 750 000 kroner, bidreg Sparebankstiftelsen SR Bank med 250 000 kroner og spelemidlane med 500 000 kroner. Dei kommunale midlane vert løyvde over prosjekt 5904, «Friluftsliv». Kommunen arbeider med å få klarert ei kommunal tomt på Njåfjell.

- 5) Ny kommunal idrettshall, Bryne storhall, er planlagt ferdigstilt våren 2024 og omtalt i investeringsprosjekt 3805.
- 6) Time kommune skal i samarbeid med Rosseland ballklubb realisere en kunstgrasbane, 9'ar bane.
- 7) Time kommune har planar om å realisera ein ny symjehall mellom Timehallen og Hetlandsgata på Bryne, jamfør KS-046/17, og er omtalt i investeringsprosjekt 3801.

Private anlegg

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 2 millionar kroner i investeringstilskot til private idrettsanlegg. I 2022 vart det løyvt ekstra midlar, jamfør KS-037/22 vedtatt 21.06.22, til saman 7,6 millionar kroner. Det gjer at fleire av dei private anlegga under får utbetalt heile det kommunale bidraget allereie i 2022.

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2023	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2023			2024			2025			2026			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Klubbhus/ utviding hall	Bryne tennishall	19 750	15 650		1 367			1 367			1 367					
2.	Rehabilitering kunstgrasbane	Frøyland stadion	3 000	2 000		1 000											
3.	Fotballhall m/kunstgras	Spårebanken Jæren-hallen	9 300	6 200		1 000			1 000			1 100					
4.	Lager for idrettsutstyr	Frøyland stadion	480	320		160											
5.	Tilbygg m/styrkerom og garderobes	Undheimhallen	6 120		500		4 120	500	1 000								
6.	Fotballhall m/kunstgras	Frøyland stadion	24 000						2 000		800	2 000	6 000	1 000	1 800	6 000	
7.	Rehabilitering Jærehallen	Bryne stadion	7 200	3 000	500			500	1 200		800	1 200					
8.	Tilbygg m/styrkerom og lager, Hognestadhallen	Hognestad	3 000		500			500		1 000							1 000
9.	Rehabilitering, kunstgrasbane, Aarbakkebanen	Bryne stadion	4 200		500		1 400	500			400						1 400
10.	Treningsfelt, kunstgras	Bryne stadion	1 100				367									367	367
11.	Kunstgras, hovudbanen	Bryne stadion	12 000												633	1 333	4 000

- 1) Bryne tennisklubb sitt klubbhus vart påtent sommaren 2018. Huset vart heilt øydelagt innvendig. Tennisklubben søker om tilskot til nytt klubbhus og utviding av tennishallen. Tennisanlegget opna offisielt 20.08.22 og framstår som eit komplett anlegg med 4 tennisbanar, klubbhus, garderobes og kafé. Prosjektet har vorte vesentleg dyrare enn dei opphavlege planane og er nå kostnadsrekna til om lag 20 millionar kroner. Maksimal uttelling frå spelemidlane til dette anlegget er 4,1 millionar kroner og kommunen bidreg med same beløp, jamfør våre retningslinjer for investeringstilskot til private idrettsanlegg og kulturbygg. Resterande del av finansieringa på om lag 11 millionar kroner må Tennisklubben dekkja sjølv. Det kommunale bidraget vert utbetalt i 2022. Dei har førebels ikkje fått tilsegn om spelemidlar og må derfor senda søknaden på nytt.
- 2) Frøyland IL sin kunstgrasbane vart rehabilitert sommaren 2020, etter 13 års bruk. Kostnadane samla sett er 3 millionar kroner og idrettslaget søker om 1 million kroner frå spelemidlane og det same frå kommunen, mens siste tredjedelen dekkjer dei sjølv. Det kommunale bidraget er utbetalt i 2022. Dei har førebels ikkje fått tilsegn om spelemidlar og må derfor senda søknaden på nytt.

- 3) Fotballhallen til Undheim IL vart realisert på kort tid, og dei hadde offisiell opning av hallen den 30. november 2019. Fotballhallen med kunstgras er kostnadsrekna til totalt 9,3 millionar kroner og idrettslaget søker om tilskot basert på «tredjedelsordninga» med 3,1 millionar kroner på kvar av kommunen, spelemidlar og eigeninnsats. Det kommunale tilskotet på 3,1 millionar kroner vart utbetalt i løpet av 2021 og 2022. Dei har førebels ikkje fått tilsegn om spelemidlar og må derfor senda søknaden på nytt.
- 4) Frøyland IL ferdigstilte nytt lager til friidretts- og driftsutstyr vinteren 2020. Dette er kostnadsrekna til 480 000 kroner, og idrettslaget søker kommunen om tilskot på 160 000 kroner (1/3), og i tillegg tilsvarende beløp i spelemidlar og eigeninnsats. Det kommunale tilskotet vart utbetalt i 2021. Dei har førebels ikkje fått tilsegn om spelemidlar og må derfor senda søknaden på nytt.
- 5) Undheim IL planlegg eit tilbygg til idrettshallen sin på 330 m². Tilbygget skal romma styrketreningsrom, garderobar og lager. Tilbygget er kostnadsrekna til 6,12 millionar kroner og vil kunna gi uttelling frå spelemidlane på 1 million kroner og tilsvarende støtte frå kommunen. Resterande finansiering på 4,12 millionar kroner dekker idrettslaget sjølv. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 500 000 kroner til dette anlegget i 2023 og tilsvarende beløp i 2024.
- 6) Frøyland IL planlegg å bygga fotballhall i aluminium med kunstgras, garderobar, styrketreningsrom, sosialt rom og lager. Størrelsen på hallen er planlagt til 46 x 70 meter og den er tenkt plassert på dagens grusbane, like ved kunstgrasbanen. Kostnadane er berekna til 24 millionar kroner og idrettslaget søker om 5,8 millionar kroner frå spelemidlane og tilsvarende beløp frå kommunen. Siste tredjedelen dekker Frøyland IL sjølv. Kommunedirektøren foreslår å løyva 800 000 kroner i 2025, 1 million kroner i 2026 og resterande tilskot etter perioden.

Reguleringsmessige forhold må avklarast før bygging.

- 7) Bryne fotballklubb rehabiliterte Jærhallen/fotballhallen sin i sommar, med nytt kunstgras, nytt flomlys og ny duk på hallen. Kostnadane knytt til dette prosjektet er berekna til 7,2 millionar kroner. Det er mogleg å søka om spelemidlar på 2,4 millionar kroner og tilsvarende støtte frå kommunen. Den siste tredjedelen dekker Bryne FK sjølv. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 500 000 kroner i 2023, tilsvarende beløp i 2024 og 800 000 kroner i 2025. Fotballklubben har også fått utbetalt 600 000 kroner i 2022. I forbindelse med det kommunale bidraget er det tatt omsyn til dei 200 000 kronene ekstra som vart lagt inn i dette prosjektet i 2024.
- 8) Hognestad IL søker om å bygga ut Hognestadhallen for å få plass til eit lager i underetasjen, 100 m², og eit kombinert styrketreningsrom med boksering i hovudetasjen, 122 m². Kostnadane er berekna til 3 millionar kroner og idrettslaget ser for seg ei tredeling av finansieringsplanen med 1 million kroner på spelemidlane, kommunen og idrettslaget. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 500 000 kroner i 2023 og tilsvarende beløp i 2024.
- 9) Bryne fotballklubb planlegg å rehabilitera Aarbakkebanen i september 2022. Fotballklubben legg nytt kunstgras og investerer i nytt lys ved denne treningsbanen, som

nå er 10 år. Kostnadane er berekna til 4,2 millionar kroner og dei søker støtte ut frå «tredjedelsprinsippet» med 1,4 millionar kroner frå spelemidlane, kommunen og fotballklubben. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 500 000 kroner i 2023, tilsvarande beløp i 2024 og 400 000 kroner i 2025.

10) Bryne fotballklubb ønsker også å etablera eit treningsfelt på 1974m², med kunstgras og lys, rett på sida av Aarbakkebanen. Kostnadane er berekna til 1,1 millionar kroner, og dei søker støtte på same måte som ovanfor med ein tredjedel på spelemidlane, kommunen og fotballklubben. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 367 000 kroner, tilsvarar 1/3, i 2026.

11) Bryne fotballklubb planlegg også å gjera om hovudbanen ved Bryne stadion, frå naturgrasbane til kunstgrasbane med undervarme, vatningsanlegg og nytt lysanlegg. Kostnadane er berekna til 12 millionar kroner og fotballklubben ser føre seg ei tredeling av utgiftene med 4 millionar kroner på spelemidlane, kommunen og idrettslaget. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 633 000 kroner i 2026 og resterande beløp etter perioden.

Føreslått løyving til private idrettsanlegg i perioden 2023 -2026, på 2 millionar kroner kvart år er fordelt til Frøyland IL, Undheim IL, Hognestad IL og Bryne Fotballklubb. Desse idrettslaga har anten ferdigstilt fleire kostnadskevjangande idrettsanlegg eller er godt i gang med å realisera planane sine.

Nærmiljøanlegg – handlingsprogram 2022-2025 (prosjekt 5904/5915)

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2023	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr											
					2023			2024			2025			2026		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1.	Lys på turveg	Eivindsholtjødn	912	612		300										
2.	Etablering av turveg	Eivindsholtjødn	785	485		300										
3.	Rehabilitering, ballbinge	Frøyland stadion	600			300	300									
4.	Frisbeegolfbane	Lyefjell	600			300	300									
5.	Ballbinge	Bryne skule	1 100			800			300							
6.	Aktivitetsområde	Bryne skule	787			487			300							
7.	Sandbane	Undheim	355			32		146	177							
8.	Ballbinge	Lye	3 600					1 500			1 500	300	300			

- 1) Siste rest av turvegen rundt Eivindholstjødn er planlagt lyssett. Kostnadane er berekna til 0,9 millionar kroner og Time har anledning til å søka om 300 000 kroner i spelemidlar til dette prosjektet.
- 2) I tillegg til lyssetting på siste rest av turvegen ved Eivindholstjødn planlegg kommunen også betydelege utbetringar slik at for eksempel rullestolbrukarar enkelt kan koma seg rundt heile vatnet. Kostnadane for utbetringane er berekna til 0,8 millionar kroner og Time har også her anledning til å søka om 300 000 kroner i spelemidlar.
- 3) Ballbingen ved Frøyland stadion vart bygd i 2005 og etter 16 års bruk var det stort behov for rehabilitering av dekket/kunstgraset i bingen. Nytt kunstgras kom på plass i løpet av hausten 2021, etter initiativ frå Frøyland IL. Prosjektet er kostnadsrekna til 600 000 kroner og idrettslaget søker om 300 000 kroner i spelemidlar. Resten dekker dei sjølv.
- 4) Time kommune planlegg ein frisbeegolfbane på Lyefjell, og den er tenkt plassert like ved Monsanut barnehage. Kostnadane er berekna til om lag 600 000 kroner og kommunen søker om 300 000 kroner i spelemidlar. Dei kommunale midlane på 300 000 kroner vert føreslått avsett i forbindelse med investeringsprosjekt 5904 Friluftsliv.

- 5) Kommunen held på å utvikla uteområdet ved Bryne skule og i forbindelse med dette vil det verta etablert ein ballbinge i skulen sitt uteområde. Her har ein anledning til å søka om spelemidlar på 300 000 kroner.
- 6) I same uteområdet som nemnt ovanfor, planlegg kommunen også eit aktivitetsområde kor ein kan søka om 300 000 kroner i spelemidlar.
- 7) Undheim IL planlegg å gjera om ballbingen sin frå 2003 til ein sandbane. Prosjektet er kostnadsberekna 355 000 kroner, og dei søker om spelemidlar på 177 000 kroner. Dei søker om kommunalt tilskot på 32 000 kroner og desse midlane vert føreslått avsett i forbindelse med investeringsprosjekt 5915 Nærmiljøanlegg.
- 8) På Lye er det stort ønske frå Lye skule, FAU og Lye IL om å få etablert ein stor ballbinge rett aust for idrettshallen, på det som i dag er ein grusbane av dårleg kvalitet. Her trengs det mellom anna skikkeleg grunnarbeid, lys og kunstgras. Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 3,6 millionar kroner og me har anledning til å søka spelemidlar på 300 000 kroner. I tillegg har Lye IL sagt at dei kan bidra med 300 000 kroner. Dei kommunale midlane vert føreslått avsett i forbindelse med prosjekt 5903 Leikeplassar/ballbingar, med 1,5 millionar kroner kvart av åra 2024 og 2025.

Private kulturbygg

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 500 000 kroner i tilskot til private kulturbygg.

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2023	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr											
					2023			2024			2025			2026		
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A
1.	Ny speidarhytte	Ungdomsskogen, Bryne	5 100		500			500	1 000	1 000						

1) Bryne speidargruppe, i samarbeid med Vesterlen speiderkrets, har planar om å realisera ei speidarhytte på Bryne. Speidarkretsen har realisert eit tilsvarande prosjekt på Gausel i Stavanger og held på å planlegga ytterlegare ei hytte på Hommersåk i Sandnes. Ein har i fellesskap sett på ulike lokasjonar i Bryne og speidarane vil prøva å få dette til i utkanten av Ungdomsskogen, like ved Jærbarnehagen. Hytta vil vera tilgjengeleg for skular, barnehagar og liknande på dagtid. Prosjektet var opphavleg kostnadsrekna til 3,6 millionar kroner i 2020, men reviderte prisar per juni 2022 viser totalkostnadar på 5,1 millionar kroner. Speidargruppa søker nå om støtte på til saman 1,7 millionar kroner frå kommunen, men maksimal uttelling frå spelemidlane til dette prosjektet er 1 million kroner og då vert støtta frå kommunen også 1 million kroner, jamfør kommunen sine retningslinjer for investeringstilskot til private idrettsanlegg og kulturbygg. Speidargruppa må dekkja resterande del av finansieringa på 3,1 millionar kroner. Kommunedirektøren føreslår å løyva 500 000 kroner i 2023 og tilsvarande beløp i 2024.

Upprioriterte anlegg

Oversikt over upprioriterte anlegg og andre tiltak går fram av kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2026, vedtatt i Time kommunestyre 07.02.17.

Uttale frå Time idrettsråd

Time idrettsråd sin uttale til føreslåtte tiltak og prioriteringar i økonomiplanen som gjeld idretten, vil verta lagt ved saksframlegget til økonomiplanen når han ligg føre.

Konklusjon

Det vert søkt om spelemidlar i 2023 for dei tiltaka i handlingsprogrammet som allereie er gjennomførte og som ein tek sikte på å gjennomføra i 2023 og 2024. Handlingsprogrammet 2023-2026 vert revidert i tråd med tabellane over.

8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem

8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Desse tilbakemeldingane kan gi grunnlag for å justera på tenestene. Resultat frå gjennomførte brukarundersøkingar vert omtalte i årsrapportane. I perioden 2023-2026 er det planlagt gjennomført følgjande brukar- og spørreundersøkingar:

	Sist gjennomført	Hypigheit	2023	2024	2025	2026
OPPVEKST						
Barnehage	2022	Anna kvart år		x		x
Elevundersøking (6.-10. trinn)*	2022	Kvart år	x	x	x	x
Foreldreundersøking*	2022	Kvart år	x	x	x	x
Olweus-undersøkinga	2022	Kvart år	x	x	x	x
Kulturskule (foreldre/pårørande og elevar frå og med 8. trinn)	2022	Anna kvart år		x		x
Helsestasjon- og skulehelseteneste	2019	Anna kvart år	x		x	
Barnevern**		Kontinuerleg				
SFO	2021	Anna kvart år	x		x	
Mottak av flyktingar	2021	Kvart tredje år		x		
UngData (Rus og psykisk helse)	2022	Kvart tredje år			x	
HELSE OG VELFERD						
Institusjonstenester (brukarar/pårørande)	2019	Kvart tredje år	x			x
Heimeteneste (brukarar)	2021	Kvart tredje år		x		
Miljøteneste (brukar/pårørande)	2020	Kvart tredje år	x			x
Psykisk helse og rusarbeid	2022	Kvart tredje år			x	
Bryne Aktivitetssenter (pårørande og brukarar)	2020	Kvart tredje år	x			x
Dagsenter for eldre	2019	Kvart tredje år	x			x
Fritidstilbod for eldre*	2022	Kvart fjerde år				x
Dagesenter for personar med demens (pårørande og brukarar)	2022	Kvart tredje år			x	
Fysioterapi (kommunal og privat)	2016	Kvart fjerde år	x			
Ergoterapi	2016	Kvart fjerde år	x			
Frisklivsentralen	Ny	Kvart fjerde år	x			
NAV Klepp-Time*	2021	Anna kvart år	x		x	
SAMFUNN						
Private reguleringsplanar*	2015	Anna kvart år	x		x	
Byggjesaksbehandling	2022	Kvart fjerde år				x
Saksbehandling i landbruket*	2022	Kvart fjerde år				x
Avfall frå private hushald	2019	Kvart fjerde år	x			
Drikkevatt	2019	Kvart fjerde år	x			
Kino*	2022	Kvart tredje år			x	
Kulturhus*	2014	Kvart tredje år	x			x
Bibliotek	2022	Kvart tredje år			x	
ORGANISASJON						
Medarbeidarundersøking	2018	Anna kvart år	x		x	
Nettsida (www.time.kommune.no)*	2016	Kvart tredje år	x			

*Undersøkinga vert ikkje gjennomført gjennom bedrekommune.no

**Undersøkinga er kontinuerleg ved bruk av verktøyet Feedback-informerte tjenester (FIT)

8.2 Interkommunale samarbeid


Time deltek i ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar for å løysa den kommunale tenesteproduksjonen. Aksjeselskap, interkommunale selskap, vertskommunesamarbeid og samarbeid etter § 27 (kommunelova av 1992) er alle organiserte etter heimel i særlover. Kategorien «andre samarbeid» er samarbeid organisert som ordinære privatrettslege avtalar. Her følger ei oversikt over dei interkommunale samarbeida Time kommune deltek i.

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
Aksjeselskap (aksjeloven)			
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi, nett og telekommunikasjon.
Jæren industripartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar.
KinoNor AS	Trondheim	Trondheim kino AS, Aurora kino IKS, Haugesund kultur- og festivalutvikling KF og Time kommune	Levera fellestenester til eigarane for å sikra eit godt kinotilbod.
Jæren skoglag AS	Time	Ei rekke aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
Interkommunale selskap (IKS-loven)			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, 110-sentral, miljøretta helsevern og skjenkekontroll.
Administrativt vertskommunesamarbeid (kommuneloven § 20-2)			
Jæren øyeblikkelige hjelp	Sandnes	Gjesdsal, Klepp, Sandnes, Forsand og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	Utfører hjelpetiltak ut i frå vedtak i deltakarkommunane
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	Akuttbereidskap kveld og helg
Auglend skoles hørselsavdeling	Stavanger	Stavanger, Sandnes, Randaberg og Time	Skuletilbod til elevar med hørselshemming
Vardheia ungdomsskule og Vardheihallen	Time	Klepp og Time	Felles ungdomsskule og idrettshall i Vardheia
Bryne kompetansesenter	Time	Hå, Klepp og Time	Grunnskule for vaksne. Norsk og samfunnsfag for innvandrarar
NAV Klepp-Time	Klepp	Klepp og Time	Felles NAV-kontor
Matproduksjon og ernæring	Klepp	Klepp og Time	Samarbeid om ernæring på systemnivå og produksjon av mat til omsorgstilbodet i kommunane
Familie for første gang	Sandnes	Time, Hå, Klepp, Gjesdal, Strand, Stavanger og Sandnes	Drift av lisensiert program for tidleg innsats, oppfølging av førstegangsfødande, på oppdrag av regionsenter for barn og unges psykiske helse
Flyktingeteneste	Time	Klepp og Time	Felles flyktingeteneste
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	Tilbod til personar som er utsett for vald i nære relasjonar
Legevakt - kveld og helg	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp og legevakttelefon kvardagar frå kl. 15.00 til 23.00 og helg/heilag dagar frå kl. 08.00 til 23.00
Legevakt - natt	Hå	Hå, Klepp og Time	Akutthjelp og legevakt natt frå kl. 23.00 til 08.00
Kommunale oppgåvefelleskap (kommunelova § 19-1)			
Jæren friluftsråd KO	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståinga av friluftsliv

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
Andre samarbeid			
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Regionalpolitisk samarbeidsorgan
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Parkeringshandheving	Sandnes	Sandnes og Time	Handheving av offentlig parkering vert utført av Sandnes KF
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekkje private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv
Digi Rogaland	Stavanger	Alle kommuner i Rogaland, fylkeskommunen, Fylkesmannen og KS Rogaland	Samarbeid om å ta i bruk digitale verktøy for å gi betre tenester til innbyggjarar og næringsliv
Frivillige tiltak i landbruket for bedre vannkvalitet	Hå	Hå, Gjesdal, Klepp, Time, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg	God økologisk tilstand i alle vatn og vassdraga, samt betre klimatilpassingar for å redusere forureining frå landbruket.
New Kaupang	Hjelmeland	Eigd av Rogaland fylkeskommune (75%) og Ryfylke IKS (25%) og har 10 kraftkommuner i regionen som medlemmar.	Organisert som ein «non profit»-organisasjon og har som føremål å hjelpa og etablere kraftintensiv industri i Rogaland.
Rogaland Kontrollutvalgssekretariat	Sandnes	15 kommunar	Sekretariatsoppgåver knytt til kontrollutvala i kommunane. Organisert som eit § 27-samarbeid etter gamal kommunelov og er i prosess for omdanning til IKS.

8.3 Plansystem


Planhierarki



Økonomiplanen som handlingsdel for KPS

Økonomiplanen kan etter kommunelova § 14-4 vera ein del av eller utgjera handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), og i Time kommune er han det. Det vil seia at dette dokumentet skal syna korleis Time har tenkt å følgja opp dei mål og strategiar som er nemnde i KPS i dei neste fire åra.

Måten dette vert gjort på er at ein enten baserer mål og tiltak i økonomiplanen direkte på KPS, eller at ein konkretiserer KPS gjennom ulike temaplanar og baserer mål og tiltak i økonomiplanen på desse temaplanane.



9 Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2023 og økonomiplan for 2023-2026.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2023.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøyet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2022	Nye	Redusert	31.12.2023
Oppvekst	618,9	10,0	0,0	628,9
Helse og velferd	434,6	9,9	0,0	444,4
Samfunn	155,2	2,0	0,0	157,2
Stabstenester	52,2	1,0	0,0	53,2
Årsverk i alt	1 260,9	22,9	0,0	1 283,7

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2023», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2023.
6. a) Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på 216,7 millionar kroner i 2023. Avdragstida vert sett til 30 år.
b) Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2023. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
7. a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2023 vert sett av til disposisjonsfond.
b) Amortisert premieavvik for 2022 vert utgiftsført i 2023 og dekt av disposisjonsfondet.
8. I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert følgande vedtak fatta om eigedomskatt for skatteåret 2023:
 - a) Utskrivingsalternativ:
Skatt vert skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.
 - b) Skattesats:
Eigedomsskatten vert sett til tre promille for 2023, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.
 - c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.
9. Time kommune skal stå fram som ein trygg og framtidsretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta

Økonomisk oversikt drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	494 125	515 350	561 900	567 600	570 700	577 000
Inntekts- og formuesskatt	690 437	657 800	708 600	717 300	724 500	733 500
Eiendomsskatt	968	2 300	4 100	6 000	7 500	9 000
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	20 024	18 200	43 000	36 650	32 500	27 750
Overføringer og tilskudd fra andre	219 721	119 213	164 312	156 554	156 454	156 254
Brukerbetalingar	57 513	56 973	58 395	58 395	58 395	58 395
Salgs- og leieinntekter	131 915	139 994	166 133	174 833	178 833	182 933
Sum driftsinntekter	1 614 704	1 509 830	1 706 440	1 717 332	1 728 882	1 744 832
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	811 326	804 067	885 550	894 955	903 261	901 883
Sosiale utgifter	190 324	216 817	235 569	231 994	232 358	232 358
Kjøp av varer og tjenester	415 141	398 240	475 295	468 729	467 576	467 358
Overføringer og tilskudd til andre	64 591	24 910	26 887	27 087	27 187	27 487
Avskrivningar	89 938	9 280	10 760	12 360	13 860	15 560
Fordeelte utgifter						
Sum driftsutgifter	1 571 320	1 453 314	1 634 061	1 635 125	1 644 242	1 644 646
Brutto driftsresultat	43 384	56 516	72 379	82 207	84 640	100 186
Finansinntekter						
Renteinntekter	9 384	9 175	27 100	26 925	26 975	26 975
Utbytter	37 441	37 900	42 000	42 600	43 100	43 600
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	4 776	0	0	0	0	0
Renteutgifter	18 086	27 175	63 225	70 450	72 200	77 600
Avdrag på lån	58 294	60 600	63 300	70 260	73 200	78 100
Netto finansutgifter	-24 778	-40 700	-57 425	-71 185	-75 325	-85 125
Motpost avskrivningar	89 938	9 280	10 760	12 360	13 860	15 560
Netto driftsresultat	108 544	25 096	25 714	23 382	23 175	30 621
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	19 234	25 446	28 044	23 862	23 155	30 101
Avsetning til bundne driftsfond	22 775	2 000	0	0	0	500
Bruk av bundne driftsfond	-14 556	-1 600	-2 000	-500	0	0
Avsetning til disposisjonsfond	99 453		20	20	20	20
Bruk av disposisjonsfond	-18 362	-750	-350	0	0	0
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	0		0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0				
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	108 544	25 096	25 714	23 382	23 175	30 621
Framført til dekning i sienare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Rammetilskudd	494 125	515 350	561 900	567 600	570 700	577 000
Inntekts- og formueskatt	690 437	657 800	708 600	717 300	724 500	733 500
Eiendomsskatt	968	2 300	4 100	6 000	7 500	9 000
Andre generelle driftsinntekter	20 024	18 200	43 000	36 650	32 500	27 750
Sum generelle driftsinntekter	1 205 554	1 193 650	1 317 600	1 327 550	1 335 200	1 347 250
Sum bevilgninger drift, netto	1 128 339	1 152 073	1 260 541	1 254 513	1 261 930	1 260 434
Korrigert fordeling drift	-56 108	-24 219	-26 080	-21 530	-25 230	-28 930
Avskrivninger	89 938	9 280	10 760	12 360	13 860	15 560
Sum netto driftsutgifter	1 162 169	1 137 134	1 245 221	1 245 343	1 250 560	1 247 064
Brutto driftsresultat	43 385	56 516	72 379	82 207	84 640	100 186
Renteinntekter	9 385	9 175	27 100	26 925	26 975	26 975
Utbytter	37 441	37 900	42 000	42 600	43 100	43 600
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	4 776		0	0	0	0
Renteutgifter	18 086	27 175	63 225	70 450	72 200	77 600
Avdrag på lån	58 294	60 600	63 300	70 260	73 200	78 100
Netto finansutgifter	-24 778	-40 700	-57 425	-71 185	-75 325	-85 125
Motpost avskrivninger	89 938	9 280	10 760	12 360	13 860	15 560
Netto driftsresultat	108 545	25 096	25 714	23 382	23 175	30 621
Disp. eller dekning av netto driftsresultat						
Overføring til investering	-19 234	-25 446	28 044	23 862	23 155	30 101
Avsetning til bundne driftsfond	-22 775	-2 000				500
Bruk av bundne driftsfond	14 556	1 600	-2 000	-500	0	
Avsetning til disposisjonsfond	-99 453		20	20	20	20
Bruk av disposisjonsfond	18 361	750	-350			
Dekning av tidligere års merforbruk						
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	-108 545	-25 096	25 714	23 382	23 175	30 621
Framført til dekning i sienare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt investering	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2021	2022	2023	2024	2025	2026
Investeringer i varige driftsmidler	174 601	261 780	307 150	212 300	238 100	277 000
Tilskudd til andres investeringer	3 566		-	600	550	550
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	4 105	2 600	2 750	2 800	2 850	2 900
Utlån av egne midler	11 621					
Avdrag på lån	0					
Sum investeringsutgifter	193 893	264 380	309 900	215 700	241 500	280 450
Kompensasjon for merverdiavgift	22 286	30 234	46 290	27 780	33 220	55 310
Tilskudd fra andre	51 946	28 492	5 550	51 650	8 200	67 040
Salg av varige driftsmidler	8 060	7 500	7 500	15 300	-	12 750
Salg av finansielle anleggsmidler	0					
Utdeling fra selskaper	0					
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	14 755	5 830	5 830	5 830	5 830	5 830
Bruk av lån	71 189	166 878	216 686	90 778	151 095	107 104
Sum investeringsinntekter	168 236	238 934	281 856	191 338	198 345	248 034
Videreutlån	45 822	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til videreutlån	45 822	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Avdrag på lån til videreutlån	10 548	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Mottatte avdrag på videreutlån	18 277	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Netto utgifter videreutlån	-7 729	0	0	0	0	0
Overføring fra drift	-19 234	-25 446	-28 044	-23 862	-23 155	-30 101
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	3 506	0	-	500	-	115
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	-2 201	0			20 000	2 200
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0				
Sum overføring fra drift og netto avsetn.	17 929	25 446	28 044	24 362	43 155	32 416
Framført til inndekning i seinere år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0

